


1837
ARTES
SCIENTIA
VERITAS
LIBRARY OF THE
UNIVERSITY OF MICHIGAN
SI QUAERIS PENINSULAM AMOENAM
CIRCUMSPICE





# SOLVENDING

AV

VETLE VISLIE



ALB. CAMMERMEYERS FORLAG (LARS SWANSTRØM)

KRISTIANIA, 1897 — CENTRALTRYKKERIET

I.

# EIN UVERSFUGL

# I.

Myrke Skuggar drog seg saman under Fjellet paa den andre Sida av Dalen; nakne Berg blaana langt, langt burt etter Vidderne, og yver dei kvilde ei Reit av Lufti staalblaa og tung, i det at Soli seig ned mot Tindarne i Vest. Men lengst ute i Sud, der Dalen skar seg djupt inn i Berglaget, bygde seg tjukke Skybankar upp, Lag paa Lag, dei øvste kanta med ljose Taggar og Tindar, som Kniplingar paa myrkt Tjeld.

Aldri var det so vænt paa Kamben som næst fyre Solarglad, naar Straalarne brann i Vindaugo, og Vinden susa lint i Lauvskogen. Unge Aks bøygde seg i mjuke glitrande Bylgjor for Solgangsvinden, som sveivde seg inn yver Jordet nedanfraa Dalen; der stod raude og gule Blomar i Bakkarne og nikka og lo, og yver dei breie Vollar kjendest Ange av turkande Høy. Der var so unalegt, at ein kunde faa Hug til aa bu og byggja der all sin Dag.

Men ovanfyr Husi var der ein hengjande bratt Bakke upp mot ein høg Fjellkamb, og bak honom var der eit djupt og myrkt Heie-Vatn, som hadde Utlaup gjenom ei trong Bergglova. Aai fossa framum Kamben gjenom ei djup Glenna, som sagdest vera gravi i ein stor Flaum for ikring hundrad Aar sidan. Alt fraa gamal Tid hadde det gjenge eit underlegt Ord i Bygdi, hermt etter ein gamal Raring, som var komen vaddrande yver Fjellet og ikkje kunde faa Hus der um Natti, at heile Garden eingong skulde reisa av. Naar det var Dag elder Upphaldsver, lo berre Folk aat denne gamle Spaadomen; men i myrke Hustnæter, naar Regnet sila paa Toka, og Vinden tuta og riste i kvart eit Veggjemot, kunde det henda, at ein kom i Hug det som spaatt var, og ikkje meir kunde faa grava det or Tankarne. Heile Natti kunde ein daa verta liggjande og velta med Otte og Angest, til Uveret stiltest av, elder Dagen rann. Det hadde jamvel hendt, at Folk i sovorne Næter hadde rømt burt i ei Høyløa, som stod i Trygd attanfyr ei Bergnibba eit Stykke ifraa sjølve Garden.

Segni visste aa fortelja, at same Ætti hadde aatt Garden heilt fraa den Tid den store Drepsotti gjekk yver Landet, Mann etter Mann og Feggje etter Feggje. Og so fast var dei grodde til den heimlege Jord, at dei

---

Feggje: Son etter Far.

ikkje kunde una nokon annan Stad. Ein av dei hadde ein Gong vorte Uvener med Sønerne sine, hadde so lete den eldste Sonen Garden og hadde sjølv flutt til Øy nede i Dalen. Men daa det leid av ei Stund, vart han som reint fraa seg av berre Heimhug. Ikkje fekk han sova um Næterne, og elles gjekk han og vavra og rødde med seg sjølv som ein annan Tulling. So laut Sonen taka honom heim att; han livde mange Aar etter og vart snart som eit anna Menneskje. Det vart sagt etter eit gamalt Ord, at det var sjeldan nokon døydde i den Ætti.

Gamle Asbjørn, Far aat Knut som no aatte Garden, hadde havt ei sers Lukka i Skoghandel i dei Tider daa Pengarna gjekk so ned, og Knut hadde og i sin Ungdom drive med sovore, helst Gardhandel. Og um no sume hadde eit og anna aa lasta honom for, torde ingen seia høgt, at han hadde fare fram paa ulovleg Vis. So rik var han, at dei aalment kalla honom Biksen paa Kamben, elder, med ein Snev av Spott: Kambe-Kongen.

Nede i Dalen ved øvre Enden av det 5 Mil lange Vatn hadde der litt um Senn samla seg ei Mengd med Hus, som dei meir for Moro Skuld kalla «Byen». Der budde dei «fine» Folk i Soknet, Skrivaren, Lensmannen, Doktaren og Hotelleigaren, og difor hadde ikkje faa Bønder busett seg der. Sume for aa driva Handel, andre av di dei hadde mist si Jord, og no tenkte seg til aa liva av eit Handverk.

Knut Kamben hadde vore ute i Tide og kaupt Garden som Grunnen til-høyrde. No selde han Hustufter for mange Pengar kvart einaste Aar; men sjølv vilde han ikkje flytja ned i Byen. Han lika ikkje desse fornæme Folk, som livde flust der nede, endaa dei berre hadde fraa Hand til Munn, — som gjorde seg Klæde med Byskurd av fint Kaupety og la av sitt gamle Maal. Reint arg var han paa Kvendi, som berre sat paa Stas, øydelagde seg med Kaffi og annan Filledom og sidan gjekk ikring og vølte paa den Fille-Helsa og krauna yver alle nymotens Sjukdomar.

Han hadde i sine yngre Dagar vore hard mot sine Skuldmenn, vart det fortalt, og enno var det mang ein Stakar som stod bibrande paa Kyrkjebakken, naar han Messehelgerne skulde tala væl med Kambe-Kongen. Han dreiv Gardarne til Auksjon, og var Aalmugen samlagd um ikkje aa bjoda, slo han dei til seg sjølv, og sette so ofte den fyrre Eigaren til Bruksmann, um han vilde.

No vilde Folk vita at han hadde vorte meir mannamild, romhendt og rimeleg mot Arbeidsfolket sitt. Sume meinte og dei visste Grunnen til denne Hugvendingi: at eldste Sonen, han Store Asbjørn, drukna i Vaarflaumen, medan han flota Timber; men andre vilde vita, at han var annarleis alt fyre denne Ulukka, og der vart klunka baade paa det eine og det andre; men ingen

kunde seia noko for visst, og etter Drøsor og Draum skal ingen gjeva Gaum.

Men Knut Kamben sjølv var av dei som ikkje ber Hjarta paa Tunga. Der var noko hardt og villt i det storlagde Andlitet, og han kunde sjaa heilt glømeleg ut, naar han drog dei myrke Augnebrunerne saman og stirde paa ein med dei harde graa Augo.

Den Dagen denne Soga byrjar, stod han ute paa Jordet og stirde ut yver mot Skybotnen, som laag og truga ute i Dalglipen langt mot Sud. Son hans, han Asbjørn, ein ljosleitt grannvaksen Ungdom, og ein lang ulenkeleg Skapnad som heitte Hans Husmann, velte nettupp ei stor Høymuga upp i Sleden, medan Andres, Halte Andres elder Andres med Krylen, trødde Lasset. Tenestgjenta Sigrid, ei førlagd blømande Ungmøy, stod og glodde, stundom paa Knut og stundom paa Drengen. Ho syntes, at Andres var so løgleg, han hadde so stutte Føter og so lange Armar, at han mest likso gjerne kunde trøda med dei. Andlitet hans var hardturka og bleikt, som det oftast er paa slike Stakarar.

Knut snudde seg mot Husmannen og spurde kva han meinte um Veret. Hans skyna, at Husbond var i Godlag, og gav seg til aa stira ut yver mot dei tjukke Skybankarne og lyda etter Susen fraa Skogen.

— Ja, eg veit Dø' og Mein ikkje, sa han, men eg

seier som Far sa so titt: me er nærare det vonde Veret no en me hev vore fyrr.

Knut humstra svivyreleg og tok seg ei Skraa.

— Du kunde so Dø' og Mein halda Kjeften din, naar du ikkje hadde noko likare aa seia, sa han og flirde.

— Hans tor kje gjeva seg ut for Spaamann meir, sa Asbjørn. Herdi hans hev spaatt Uver no i 14 Dagar, og det hev kje kome ein Regndrope. Ho hev narra honom reint upp i Stry i heile Sumar.

— Ho berre klagar seg, sa Hans. Men det kjem seg vel av at her er for for mykje Høyver, spaar eg! Dette siste sa han, i det at han lutte seg yver ei Høymuga, so berre Asbjørn kunde høyra det. Han torde ikkje erta Kambe-Kongen . . . Far hans, som og hadde havt ein av Plassarne under Kamben, hadde ein Gong vaaga det og fenge so mykje Hogg av gamle Asbjørn, at han snautt aatte ein Helsedag sidan . . .

Burt paa ei Tuva reint aaleine sat ei ung ljosleitt Gjenta, Dotter til Knut. Reint framifraa var ho i Vokster og Lag, ljos som ein tandrande Vaardag, fine, mjuke Drag, store myrkeblaa Augo og gult rikt Haar i Flettor ned yver Ryggen.

Ho var vand til aa gaa med i Onnerne mest som dei andre; ho hadde til no ikkje tenkt paa at det annarleis kunde vera. Ho svara alltid godt, naar dei

spurde henne, men tala elles lite; ho gjekk i Draum enno um ei onnor Verd en den ho saag ikring seg. Naar ho sat uppe i Loftet um Kveldarne med Talgljoset i Handi og las, so kunde det taka henne so varmt um Hjarterøterne. Alltid, naar det kom til den store Vending i ei Soga, naar Helten fekk Uppreisning for alt han hadde lede, naar Guds store Rettferd synte seg i Livet, elder naar tvo som hadde vorte skilde av Lagnaden møttest att i stor Elskhug, kjende ho kor Hjarta vidka seg ut, og Augo stod fulle av Taaror.

Men Bøkerne hadde kje skore av Bandet millom henne og den heimlege Natur. Ho kjende det stort, naar Stormen kom susande ned ifraa dei snaue Fjellvidder med Snjo i Fang, nedyver dei bratte Lierne, so Dalen stod i Gov. Og dei myrke Haustnæter, naar den store Susen kom or den svarte Skogen, tykte ho det var som bundne Sjæler sukka og gret.

Men ikring seg syntes ho mang ein Gong det var smaatt, og ingen, ingen hadde ho til dessar kjent, som kunde byggja Bru fraa Draum til Dag.

* * *

Ho vart no rivi ut av Draumarne sine, i det at Faren snudde seg mot henne.

— Eg tenkjer de kan sæta heile Ækra der nede.

Veret er ikkje til aa lita paa lenger . . . naar me er ferdige her, kjem me ned og hjelper dykk.

Sigrid mulla litevetta, daa ho høyrde dette, men torde ingen Ting gjeta, so lenge Knut sjølv var til Stadar, serleg ikkje naar han stod soleis og drog dei myrke Bruner so glømeleg saman yver Augo. Aashild reiste seg i det same, og dei tvo Gjentorne gjekk ned paa Ækra og gav seg til aa sæta.

— Uh, so keisamt det er aa sæta! sa Sigrid, og som eg lengtar til Laurdagskvelden!

— Kven ventar du daa? spurde Aashild.

— Aa einkvar kjem her vel, lo ho. Aashild svara ikkje noko paa dette, og dei tagde baae, til Kararne kom. Snart stod det lange Rekkjor med Saator burt yver Vollen.

Solbranden yver Aasar og Tindar var no sløkt. Skuggarne seig ut, breidde seg yver Dalen og dei blaae Berg. Det vart kaldt i Lufti, men so stilt, at ikkje eit Blad blakra paa Greinerne.

Daa var det at der kom ein Mann gangande. Som or den skume Kvelden kom han. Ingen hadde gjeve Gaum etter honom, fyrr han stod paa Ækra. Ein høgvaksen Mann, med langt svart Skjegg, Andlitet kunde dei ikkje sjaa væl; men so vidt dei skila, var han mager og bleik, med stivna, faste Andlits-Drag og kvasse Augo.

Hans stod nærast, og den framande baud Gu' Kveld, utan aa lyfta paa Luva, og so gav dei tvo seg til aa røa. Den framande slengde ut nokre Spursmaal elder underlege Ord, men brydde seg aldri med aa svara Hans.

— Det skogar yver Heii, sa han, og Myrkret susar ned yver Lierne!

Hans skyna det ikkje, men jatta etter so godt han kunde.

— Kor er den Karen heime? spurde han. Den framande lest aldri høyra Spursmaalet, men peika upp yver Fjellkamben.

— Attanfyr der er Myrkevatn?

— Det er rett det, ja, sa Hans. Kva heiter du daa?

Men helder ikkje denne Gongen svara den framande, men gjekk beint burt aat Knut, tok av seg Luva og gav seg til aa røa med honom.

Knut syntes det var ein Mann ein kunde faa vita mykje gagnlegt av, for han høyrdest slett ikkje so stutt-tenkt ut som mange av desse fine Folk han kjende nede i «Byen». Det kunde vera ein Skogspikkelant, elder ein som kaupte Skjerp. Umogelegt var det helder ikkje, at det var ein som fór og samla Visor, Segner og andre gamle Heimløysor; men han vilde ikkje spyrja um Namn og Heimstad, det var for tidlegt . . . det var berre Husmenn og andre Slarvar som var gravevise.

Ein merkeleg Mann var det . . det var plent som han var langt burte, endaa han stod like nær, og naar han tala um reint aalmenne Ting, var det som Andlitet sa noko heilt anna en Ordi.

— Eg saag eit Kopar-Verk her nede i Kleivi, sa den framande. Det heiter Bergdal, veit eg?

— Det er Bergdal, ja.

— Kven var det som fann Malmen?

— Aa, det var eg, det. Ja, og so ein annan Mann. Her fór slik ein fæl Skjerpefeber her i Bygdi for mange Aar sidan . . eg og den Mannen fór og leita etter Malm, me fann fleire Stader.

— Det vart vel ein god Handel?

— Den beste eg hev gjort.

— Men de var daa tvo um det?

— Nei, ikkje det helder nettupp . . dette var paa min Grunn . . og so fekk han tvo andre Skjerp, han.

— Og dei fekk han like so mykje for?

— Nei, han kom ikkje til aa selja dei . . .

— Han forsømde seg altso . . . det var godt for deg, det. Men Verket . . det lønte seg ikkje?

— Nei, ikkje som slike Folk dreiv det. Snart var det ein Styrar som skulde fora seg, snart ein av dei andre, som søkte heile Malmskutor ned i si eigi Lumma. No sist skulda dei paa, at her ikkje var Aargangsvatn

til aa driva med . . . Aai her hadde Vatn nok berre Haust og Vaar.

— Men der er daa Malm nok?

— Eg skulde mest tru det, ja. Men det er bra som det er . . dei drog so mykje Skrap og Skrot inn i Bygdi, at det var ein Spegil . . Den framande smilte paa ein underleg Maate, men sa ingen Ting.

Dei var no ferdige med aa sæta og gjekk uppyver mot Husi, Knut og Bykaren røande um Nybyen og Stellet der nede, og dei andre etter, forvitne og lyande. Knut lika Karen betre og betre, og spurde um han ikkje vilde gaa med inn og vera der um Natti. Den framande sa Takk, og daa dei var komne upp i Tunet, gav han seg til aa sjaa paa Husi, medan Knut gjekk burt i Drengstova til Kona og fortalde, at dei hadde fenge framande.

— Kven er det daa? spurde Kari, ho stod nettupp og koka Grauten.

— Ein Bykar . . . du lyt stella væl til for honom. Han gjekk ut att.

Stova paa Kamben var gamal, med Veggjer af stort Altimber. Knut hadde bygt ein Tram paa eine Sida, som snudde ut mot Tunet, elles stod ho mest ubrigda. Nedanfyre stod eit gamalt Loft med Stabur under. Der var Svalgang paa Loftet med utskore Treverk og svarva Stolpar. Veggjerne var uhorveleg

breie, og saag ut til aa vera fleire hundrad Aar gamle. Fjos og Løa stod paa andre Sida av Tunet med vanleg Bordtoka; paa Loft og Stova var Torvtak med grønt Gras og Buskar av Raun og Bjørk.

Den framande stod og saag seg ikring; fylgde so med paa Yverstova, der Knut sette fram ein stor Kubbestol aat honom. Den framande gav seg til aa gaa ikring og bisna paa eit og anna som stod der, soleis eit gamalt Skaap og ei gamal Dragkista.

— *Torjus Evensen Vegaarden Anno 1772,* stod det paa Dragkista, og paa Skaapet: *Even Torjussøn Vegard 1752.* Hev dei vore lenge her paa Garden? spurde den framande.

— Aa nei, ikkje so lenge.

Det saag ut til at Knut ikkje vilde ut med meir. Knut la Merke til, at den framande skalv paa Handi, i det same han tok ei utskori Tina, som stod paa Dragkista, og saag paa henne. Fælt so nerveslitne dei er mest jamt slike, tenkte han. Den framande snudde seg mot Veggen, der det hekk tvo gamle Aaklæde.

— Sovore heng no elles i Loftet, sa Knut. Men dei hev hengt dei inn her . . . dei tykkjer det pryr Veggjerne, Kvinnfolki.

— Det gjer dei sagte . . . fint Arbeid det. Stor Kunst paa sin Maate, og heimleg attaat.

---

Torjus, Bygdemaal for: Torgils.

— Dei er komne fraa Vegard . . . dei var so hæve i all Slags Veving, og so hendige, Folket der . . .

Daa den framande hadde set paa det meste der inne, gjekk han burt aat Glaset som vende mot Vest. Han saag reint hugteken ut, daa han atter snudde seg fram mot Knut.

— Det er som eg hev høyrt, her er livelegt her paa Kamben.

— Aa ja til Fjellgard aa vera, so . . .

— Du meiner ein Gard ned paa Flatbygdi er vænare?

— Vænare og betre. Der er slike slette Vollar, og ikkje so mykje Berg og Stein som her.

Den framande lest ikkje høyra det siste. Han sette seg og gav seg til aa fortelja, at han var trøytt og lei av Bylivet og agta seg til aa setja seg ned paa Bondebygdi, helst noko til Fjells og avsides.

— No hev eg høyrt, at du hev so mange gilde Gardar . . . her likar eg meg. Kva vil du hava for Kamben soleis som han stend med Buskap, Arbeidsgogn, Lut og Lunnar?

— Aa me kunde sagte forlikast um det . . her er Gardar nok, Verdi er vid, veit du . . .

Han lo noko haadleg i det same.

— Du vil kje selja denne Garden, er det so du meiner?

— Nei, ikkje um du stod med 10,000 blanke Dalar paa Bordet.

— Du er vel rædd du kunde missa Dragedokka di med det same? lo den framande.

— Er so det, ja. Og so er det so rart med oss Kambebønder . . . me unar ikkje andre Stader.

— Eg hev høyrt gjete det . . . du vilde vel kjenna deg heimlaus? — Ja, ja, det er so underlegt med den Heimsjuken . . mange reiser fraa dette fatige Landet til Amerika, elder fraa den trange Dalen til Byen, vert rike Folk kanskje, fær Magt og Æra; men dei vert drivne attende til Fødestaden sin som av ein Trolldom, Hjartetægerne svid og brenner, til dei atter fær festa seg i heimleg Jord. Den som vert riven or Fødeheimen og ikkje kan koma attende, naar hans Tid kjem, vert heimlaus som Kain, og kjenner seg forbanna som han . . .

Den framande hadde reist seg og gjekk fram og attende paa Golvet og tala med dirrande Mæle. Knut vyrde honom ikkje so høgt etter den Talen . . . han var daa som Byfolk like vel, gjorde lange Talar um ingen Ting. Den framande stansa med ein Gong og sette seg att og saag paa Knut.

— Elles var det no ikkje Meiningi eg vilde kaupa Kamben, sa han. Eg hev kje Bruk for so stor ein Gard. Men du hev andre, hev eg høyrt?

— Eg hev alltid eit Par, ja. Ein nede ved Byen, dei kallar er fal, og det er ein god Gard, lett aa driva og aarviss.

— Ja, det kan vera væl nok det; men eg hev kje Hug til aa bu nedi den Gryta. Hev du kje ein Gard høgare uppe, Vegarden elder kva det er han heiter?

— Jau, Vegard, ja; men han ligg noko avsides.

— Nettupp so vil eg hava det.

Knut drog litevetta paa det, han skyna ikkje lenger den framande. Han hadde honom mistenkt, at han tala beint imot det han i Røyndi meinte, og han grunda no paa, um han skulde gjera det same.

— Eg er trau til aa selja Vegard . . . der er so gild Skog, og so høver det so godt aa driva desse Gardarne i Hop.

Medan dei sat soleis og rødde um dette, kom Kari inn, og like etter henne fylgde Aashild, berande paa Kveldsmaten. Dei sette paa Bordet, Kari skjenkte i Mjølk og baud den framande setja seg.

Aashild stod ved Døri og saag i Løynd paa Framandkaren, og ein Gong fanga han Augo hennar ein liten Blink; ho raudna ikkje, men saag braatt til ein annan Kant. Kvendi gjekk snart ned att, gamle Knut og den framande sette seg aat Bordet.

Daa dei hadde ete, kom Kari att aaleine og tok av Bordet. So let ho upp ei Dør og synte honom eit mindre Rom, der det stod ei stor Seng med rosute Umheng. So ynskte dei honom Godnatt og gjekk ned.

---

Trau elder traud ɔ: som ikkje hev vidare Hug til.

Han vart standande lenge ved Glaset og glodde ut paa Tunet. Husmannen gjekk heim til Plassen sin, og Halte-Andres og Aashild stod ute paa Tunet eit Bil og rødde, dei tri Heimkyrne kom or Skogen, rautande og med syngjande Bjøllor. Sigrid sette seg til aa mjølka, og Aashild sveiv ikring paa Tunet imedan. So gjekk ho burt imot Loftet. Paa Burshella raaka ho Pus, som sat der og bia paa Kveldsmaten sin og velværd strauk seg etter henne . . ho kjælte honom; men ikkje ein einaste Gong saag ho upp til Vindauga, der Framandkaren stod.

So vart Kyrne drivne av burt aat Sumarfjoset att, og Folket paa Kamben gjekk til Ro. Snart høyrdest berre den døyvde Susen av Aai; Myrkret seig svart og tungt ned yver alle Dalar, so berre Aasarne kunde skilast; men endaa kunde ein sjaa den framande staa der og stira tungt og myrkt yver mot Skogen millom Kamben og Vegard.

---

## II.

Knut og Kari laag inni Stova jamvel paa varmaste Sumaren, av di dei ikkje torde øyda Huset; der fór so mykje Fant og rak, at det var mest det tryggaste aa hava einkvar sovande i kvart Hus. Difor sov Aashild i Loftet, Asbjørn i Bursvali, Sigrid i Løa og Halte-Andres og Hjuringguten paa Stalltrevet.

Endaa baade Knut og Kari var trøytte etter Høyversdagen, laag dei lenge og fekk ikkje sova. Dei lydde etter den framande, som i tunge Stig gjekk fram og attende paa Golvet yver dei. Til Slut sagtna han Gangen, og dei høyrde han gjekk til Ro; men eit Bil etter var han atter uppe.

So høyrde dei Hestarne nede i Stallen spenna i Veggjerne, i di dei varna seg for Flugorne; dei bar so baae i aa sova; men Kari vakna att, daa ho høyrde ein Rev gøydde burt i Lidi. Ho totte det var uhuglegt, og tenkte paa, at etter gamal Tru var einkvar feig,

naar dei høyrde Reven gøy paa ein Gard . . . det maatte vel vera Halte-Andres, stakars Kroken, det vilde vera best for honom . . . den framande var gjengen til Ro no, ho kunde trygt sova.

Knut vakna i det han høyrde Hanen gala; daa visste han Klokka maatte vera yver fire. Han høyrde, at ein Stol vart velt ovanpaa, og mintest med det same, at han hyste ein underleg Framandkar, som vilde kaupa seg Gard. Vegard hadde han ikkje mykje imot aa selja . . . det kunde henda han fekk meir for honom av denne Bykaren en av andre . . . det var rart med slike, naar dei fyrst vilde hava ein Ting; men han var so lite huga paa aa faa ein Byfant til Granne . . . kven i all Verdi kunde vita kva Slag Kar det var? Han saag elles stø og aalvorleg ut . . . ikkje nokon Gjentefut, der var ingen Ting aa ottast soleis; men framand var no framand . . . og Augo . . . dei stakk, gjorde dei.

Han bar i aa sova, og daa han vakna att, saag han det leid langt . . . Klokka var yver fem. Han skunda seg upp og burt aat Glaset. Soli skein langt ned yver Nutarne, nedanifraa Dalen kom Vatsskoddi sigande som kvit Røyk.

Han gjekk burt aat Sengi att og vekte Kona. — Det er ein Spegil som me hev forsove oss, Klokka er yver fem.

Ho nøytte sig upp, med Svevnen i Augo, og gjekk

ut i Drengstova for aa setja paa Kaffien. Daa ho kom ut att, møtte ho Hans Husmann, som kom heimanifraa.

— Framandkaren dykkar hev Dø' og Mein ikkje forsove seg, sa han.

— Er han alt ute daa?

— Ja, eg saag honom her burte . . . uppaa ein Knette stend han no og glanar.

— Ja, er det kje forunderlegt med desse Byfolk? sa Kari, det er plent som dei var kje rett vituge stundom?

— Du kan so seia, sa Hans, han gjekk inn i Drengstova og sette seg til aa karva Tobakk i Nyvelen sin, for ein Røyk paa fastande Hjarta maatte han hava, elles var han i Ulag heile Dagen etterpaa.

— Dei var alt gjengne paa Slaatteteigen, Kararne og Tenestgjenta, daa den framande kom ned av Nuten. Han raaka Aashild paa Tunet, nett som ho kom med Maten, ho skulde bera upp paa Yverstova. Han tok Luva av seg og helsa henne venleg Godmorgon . . . han var ikkje stygg nettupp, saag ikkje so fælt gløme-leg ut helder; men likevel kjende ho seg brydd, medan han stod der og glodde paa henne utan aa seia eit Ord. Endeleg vaaga ho seg til aa seia: «Men so tidleg du . . . De hev vore ute i Dag daa!»

---

Nyvel: Snadde, avbroti Kritpipa.

— Eg fekk ikkje sova, daa Hanen song upp, sa han. Og so vilde ¦eg sjaa, 'medan Soli rann. Ho tykte ho skulde sagt noko meir . . . leita etter noko framifraa klokt og fint, men fann ingen Ting. . . snudde seg so braatt um og gjekk inn i Stova og sette Brettet paa Bordet. Kvifor sa han ikkje meir, han som hadde fare ikring i Verdi den vide, han som aldri turvte leita etter Ord? Gjorde han Narr av henne? Elder . . . ja, ho visste ingen Ting, men der var noko likevel . . . ho var angest for denne Glomsen, som stod og stirde paa henne, som vilde han glo henne tvers igjenom, og difor torde ho ikkje gaa gjenom den myrke Svalgangen og upp Troppi, daa han kanskje kunde koma etter, men gav seg til i Stova til Mori kom.

— Kvi stend du der og ikkje byd Framandkaren inn?

Ho tok Brettet og fylgde Mori upp Troppi. Litt etter kom den framande inn paa Stova og gav seg til aa røa med Kari, medan ho sette paa Bordet. Han laga seg som han ikkje saag Aashild, plent som ho ikkje var til Stadar. Ho gjekk difor snart ned, tok Riva si og fór ned paa Slaatteteigen til dei andre.

Eit Bil etter kom Kari og ned paa Teigen og sa, at Bykaren endeleg vilde hava Knut med seg burt til Vegard, som han hadde tenkt seg til aa kaupa. Knut meinte han hadde anna aa gjera en aa fljuga burt Tidi so reint til Faanytte — nokon Gardhandel vart det

sjølvsagt ikkje av. Daa kunde helder Halte-Andres fylgja med, — det høvde utifraa for ein slik lat Byfant. Men Kari meinte, at Mannen ikkje kunde gjeva seg til paa Vegard, som der saag ut, og fram og attende rakk dei ikkje med godo paa ein Dag, naar Halte-Andres skulde styra Ferdi.

Dei stod og devlast lenge um dette, daa den framande sjølv kom ned og bad Knut fylgja med. Vart det kje Handel av, skulde han sjølv vera med og høya um Ettermiddagen, lo han, og daa Knut ikkje kunde verta kvitt honom paa annan Maate, laut han fylgja.

Fyrst hadde dei ei bratt Li aa gaa. So nokre Myrar og Aasar, til dei kom uppaa Høgdi. Karen gjekk friskt paa, vyrde ikkje det Slag, um det var bratt.

Uppaa Høgdi bles ein kald Vind nordanifraa Heierne. Buskarne bøygdest, og Doggi draup av Lyng og Lauv. Heile Dalen nedunder dei laag no som i eit Hav av Sol og Solglitter paa Vatn og Svaberg, og ljose Straalar skalv yver all Skogen. Den framande stansa, so sa Knut:

— No er her ikkje langt att til Falkedjuvet; eg tenkjer me kan kvila der.

— Eg hev høyrt Tale um det, sa den framande, ja, lese um det og.

Til vinstre for dei laag snart eit glømelegt Avhol. Paa baae Sidor gjekk Berget bratt ned, og djupt under

seg kunde dei sjaa ei stor Aa storma kvit nedigjenom med Foss etter Foss.

Den framande gjekk ut paa Floget, sette seg heilt ut paa den kvasse Bergsnyta og glaapte nedi. Eit slett Berg ende ned, yver tusund Fot høgt; ei fæl Ur nedunder med Steinar store som Hus.

— Dette var det største Syn eg hev set, sa den framande. Han tok ei Flaska or Frakkelumma, eit lite Sylvstaup fylgde med. Han skjenkte i og spurde Knut, um han var huga paa ein Dram. Knut riste paa Hovudet og vart sitjande eit godt Stykke fraa den fælslege Glupen.

Den framande gjekk daa burt aat honom og skjenkte i. Han feta seg unda, tøygde seg og tok imot.

— Drikk, sa Karen. Det er deg væl unt.

— Takk for Skjenken! sa Knut stutt og flidde den framande Staupet. Han gjekk heilt ut paa Glupen att, skjenkte i og sa: Skaal for dei daude! drakk det ut og hivde Staupet utfyre. Knut sprang til, han kunde ikkje halda seg, han maatte sjaa etter, kvar det datt ned.

Anten maatte Mannen vera so rik, at han ikkje visste kor han skulde gjera av Medelen sin, elder han maatte vera reint galen. Han sette Proppen i Flaska att og stappa henne i Lumma.

— Sett deg her, so tek me oss ein Røyk, sa han. Ja, Knut sette seg eit lite Stykke ifraa, tok upp Pipa

si og fann fram Skraatobakken, som han karva i, medan den framande kveikte seg ein Sigar.

Dei sat ei Stund og tagde. So sa den framande: Det var ein Mann som drap seg her for mange Aar sidan, veit eg? Det var ein Mann eg hadde Fylgje med nede paa Vegen som fortalde meg mykje um det.

— Kven var det?

— Eg veit det kje, ein underleg gamal Mann, gruv og med graatt Skjegg . . .

Det kvakk heiltupp i Knut, med det same den framande nemnde Mannen som hadde kasta seg utfyre, han saag paa Karen og totte heiltupp det lynte or dei svarte Augo.

— Ja, her er paa Lag 15 Aar sidan nó . . .

— Kva var det han heitte?

— Eivind Vegard, heitte han, med han var her i Bygdi. Kva han kalla seg sidan, det veit eg ikkje.

— Nei, det er vel so. Veit du kvifor han gjorde det? Den gamle Mannen eg tala med, kunde ikkje gjera regtig Greia for det, tykte eg.

— Ja, det var gjenge ut med honom. Han maatte selja Garden sin, og Skuldmennerne tok det han aatte. So flutte han ned i «Byen», og der byrja han ein liten Handel . . . sidan reiste han til Storstaden, der det nok gjekk reint gale for honom, etter som dei fortel. Nokre Aar etter kom han heim att . . . han laag endaa paa

Kamben. Den andre Dagen fann dei honom liggjande der nede i Uri.

Den framande hadde reist seg, vart standande beint framfyre Knut og glodde honom ende inn i Augo.

— Saag du honom?

— Ja, eg var ein av dei fyrste som fekk sjaa honom. Det var eit gruvelegt Syn. Hovudet var kløyvt, Andlitet sundflengt . . . Klædi var rivne av honom, eg gløymer det aldri . . .

— Visste du, elder ottast du, at han vilde koma til aa gjera det?

— Eg trudde det ikkje.

— Men han hadde altso sagt det? Til deg?

— Ja.

— Og du kunde kanskje hava hjelpt honom or Knipa?

— Eg var kje skuldig honom noko. Helder han meg. Me hadde nokre Gruvor saman ei Tid, og der hadde eg havt alle Utlegg.

— Aa, soleis no! — Den framande sette seg att, og det var stilt ei Stund. So sa han halvhøgt, mest som for seg sjølv: Her gjekk han daa, den stakars gamle Mannen, den myrke Haustnatti aaleine. Gud saag honom, men hjelpte ikkje. Ikkje vondt hadde han gjort, vondt lide all sin Dag kanskje. Slæpt og slite for sine, aldri for seg sjølv . . . og so ein Dag driven

inn i det djupaste Myrker. Og som det gjekk honom, gjeng det tusund paa Jordi. Og likevel er der ein Gud, ein rettferdig og miskunnsam Gud. — Kanskje han jamvel til det siste trudde paa Gud, vona Hjelp av Gud . . . denne Mannen, var det kje Eivind Vegard han heitte?

— Jau. Han rødde aldri med meg um sovorne Ting, men han trudde sagte paa Gud.

— Men han stemnde deg inn for Domen, var det kje so, Knut?

Den framande hadde atter reist seg og saag Knut inn i Augo. Knut og reiste seg, bleik og skræmd, med dirrande Mæle:

— Korleis kan du vita det?

— Eg veit det sjølvsagt ikkje . . . det var berre soleis eit Hugsviv. Du maa kje taka det ille upp.

Knut kjende seg lettare eit Bil. Han tenkte fyrst paa aa taka Spranget fraa denne galne Karen; men no skyna han, at det vel snautt var so ille meint . . . han hadde vel høyrt eitkvart av den gamle Mannen, kven det no var.

So spurde den framande:

— Seg meg, kjem han til deg um Næterne, denne daude Mannen, syner det sundslegne Andlitet med det blodga Haaret, og talar han til deg og seier: No ligg eg i Eld og Svaavel, og det er di Skuld. Elder kjem

han som ein kvit Guds Engel kanskje, med Smil um Munn, og seier: No hev eg det so godt i Himmerik, av di eg hadde det so vondt her paa Jordi. Men du, du hev fenge ditt gode i di Livetid?

— Eg hev kje set honom . . eg tenkjer han er fast der han er, paa den eine eller den andre Staden, svara Knut. Eg hev ikkje gjort honom noko vondt!

— Du hjelpte honom ikkje i hans verste Naud, endaa du kunde. Er kje det aa gjera vondt?

— Er du galen, Menneskje, er det Meiningi, at ein skal hjelpa, til ein sjølv vert hjelpelaus?

— So skulde det vera, ja. Men elles var det kje Tale um det. Du hadde vore like god Mann, du, um du hadde hjelpt honom.

— Eg hev kje noko med aa hjelpa alle.

— Han var din gamle Ven, var det kje so?

— Nei, ikkje daa.

Den framande tok seg att med ein Gong: Var han ikkje det, daa hadde du ingen Ting med det, sjølvsagt. Daa hev du ingen Ting aa skjemmast for, ingen Ting aa trega.

— Det er andre som hev røtt for deg, høyrer eg, sa Knut. Du veit ikkje kva den Mannen heitte som fartalde denne Soga? Slike Slarvekjeftar! Eg kunde havt Hug til aa tala eit lite Ord med den Karen!

— Eg spurde honom ikkje um Namnet, svara den framande. Knut tagde eit Bil.

— Men kva heiter *du* daa? Eg fylgjer deg ikkje lenger no, fyrr eg fær Greia paa kva du er for ein.

— Eg tykkjer det er rart, at du ikkje hev spurt um det fyrr, sa den framande lognt. Eg heiter Hein.

— Heim?

— Nei, Hein, Torgils Hein, sa han, og eg er fraa Hovudstaden. Hev vore Handelsmann.

— Kvar er du fødd daa?

— I ein Fjelldal austpaa; eg kom til Byen, daa eg var liten Gut.

Knut syntest dette høyrdest rimelegt ut. Han spurde nærmare um eitt og anna og fekk god Greia paa alt; Karen rødde no so vitugt som noko Menneskje. Han kunde ikkje vera galen plent, hadde vel berre nokre underlege Grillor, sovorne hadde Byfolk so ofte . . .

— So lyt me kanskje rusla att daa, sa Knut og gjekk burtyver aat Vegen att. Hein fylgde, og ingen av dei sa noko vidare, fyrr dei var framkomne til Vegard.

Det var utfyre Bakke mest heile Vegen no, Granskogen vart meir blanda med Bjørk og Osp. Attanfyre seg høyrde dei Duren fraa Falkedjuvet, framfyre dei laag ein av dei vænaste Gardar ein kunde sjaa for Augo. Tunet og Vollarne flate, med Helling mot Mid-

dagssoli; ein bratt Nut eit Stykke ifraa med store Urer nedunder, paa Sidorne Bjørkelundar og Lier. Der var ikkje det vide Utsyn som paa Kamben: ein Aas stengde, so ein saag berre skogklædde Nutar og Fjell, med nokre einbølte Gardar og Støylar langt burte.

Stova var ei av dei eldste i Bygdi, — berre med ei Høgd, breie, fint telgde Veggjer med Torvtak. Ho var deild i tvo, Nystova og Gamlestova, med ein Gang imillom og Sval utanfyre.

Daa Hein var komen uppaa Brotet, og Garden laag framfyre honom, stansa han og stirde lenge burtyver, som reint hugteken, utan aa seia eit Ord. Knut saag heiltupp kry ut, at han kunde syna honom ein so væn Gard.

— Naa, kor likar du honom?

— Aa jau, sa Hein um ei Stund. Men her er svært einbølt. Og so er det vel ingen annan Veg hit end den me hev gjenge?

— Nei, ikkje ned til Osen; men her gjeng ein nordyver, som møtest med Storvegen uppi Dalen.

— Han er kje likare, den?

— Nei.

— Det var daa ille!

Knut synte honom ikring alle Stader, gjekk med honom uppaa Nuten og synte honom Bytesteinarne, og burt i Lidi og saag paa Skogen. Daa dei var ferduge

med Sjaaet, sette dei seg i Tunet til aa røa. Millom anna spurde Hein:

— Er her Fiskeland til Garden?

— Ja, Helvti av Myrkevatn — me saag det uppaa Nuten, og Gaattebekken høyrer til. Andre Helvti til Kamben.

— Eg maatte hava heile Vatnet, raa det plent som eg vilde.

— Aaja, det kunde no ikkje saka meg noko vidare, det vert kje meir me fiskar, me.

— Og so vil eg hava Garden som han no stend, med Aars Avling og alt?

— Kararne som slær her nede hev teke paa seg aa vinna av for 300 Krunor . . . det legg du ut umfram?

— Ja. Kva vil du so hava?

— Eg veit det ikkje . . . eg trur aldri me kjem til.

— Eg byd deg 10,000 Krunor. Hadde det vore ein kjend Mann, so hadde Knut teke honom paa Flekken; men han ottast at den framande fór med Fantefuror paa ein elder annan Maate.

— Eg maa hava 12,000, sa han. Her er gild Skog, som du saag, reint framifraa Voksterskog.

— Han var gildare, daa du tok imot Vegard, hev eg høyrt . . . du hev hogge for mange Pengar, seier Folk.

— Hm . . det kan vel ikkje Folk vita noko um, og desutan, kva kjem det Saki ved?

Knut reis upp og gjekk burtyver Tunet, for aa syna at han ingen Hug hadde paa Handelen. Hein gjekk etter, og dei heldt paa aa pruta og pranga ei heil Stund; men samde kunde dei ikkje verta. Det leid yver Middag, og Knut spurde daa um dei ikkje likso godt kunde byrja tenkja paa Heimferdi.

Paa Vegen rødde Hein mest aaleine. Han fortalde den eine løgne Rispa etter den andre, og kom med so mange Heimløysor, at Knut kom til det, at han maatte vera ein Gap av verste Velten. Han skyna no og, at han ikkje vanta paa Vitet, men at han bar seg so underleg aat og laga seg galen berre for aa hava Moro.

Daa dei kom til Kamben, laag Kararne endaa og kvilde seg i Skuggen av den store Asken, som stod ute i Tunet. Sigrid laag midt i Solbakken med ei Høymuga under Hovudet, medan Aashild og Mori var inne i Stova og laga til Mat aat Framandkaren. Hein stansa framfyre Hans Husmann og Halte-Andres.

— Kor lenge kviler de til Middags her daa? spurde han.

— Aa, det skulde no vera tvo Timar etter gamalt, svara Hans. Men elles kjem det no mykje an paa Veret.

— Likso klokt kunde ein annan Styving svara, sa Hein. Nei, det var ein Mann eg kjende, som svara so det var aa lya paa. Grannen hans totte dei kvilde

for lenge, og so spurde han honom: »Kor lenge kviler de til Middags her?» — »Til me gjeng ut att«, svara Mannen. Men det var Kar som visste kva han sa, det. Han stakk ikkje Nosi si inn i Andlitet paa kvar Framandkaren og grov og spurde, som han hadde Fyreloga: »Kvar er du ifraa? Kva heiter du? Er du gift? Hev du mange Ungar? Kvar laag du i Natt, og — var der mange Loppor der?« Han visste at so gjorde alle Nautehovud; men svara, ja det kunde han!

Dermed gjekk Hein inn, medan Asbjørn og Halte-Andres lo.

— Der fekk du Bitredø' kontant Betaling for Gravingi di igaar, sa Asbjørn.

— Det er daa slett ikkje for mykje, um slike Karar gjer Greia for seg, meinte Hans.

— Det er daa visst, sa Halte-Andres, den Mannen likar ikkje aa faa mange Spursmaal.

Eit Bil etter vart dei ropa inn, Hans og Halte-Andres; dei skulde vera Vitne og skriva under paa Kaupebrevet.

Halte-Andres sette seg i Benkjekraai inn med Omnen, der han var vand med aa sitja, naar han var inne. Det brann nokre Stikkor paa Aaren, etter Kona hadde steikt til Middagen aat Bykaren. Røyken slo stundom ned att og leika seg i Solstrimorne fraa Glaset. Husmannen sat og stirde med open Munn og hengjande

Hender paa den Framande, medan Kari og Aashild sveiv ut og inn.

Inn med det store Bordet sat Gamlen sjølv og Hein med eit gamalt Skøytebrev, som dei stava seg igjenom. Asbjørn kom med Skrivegreior. Like yver Hein hekk eit gamalt Ottedags-Ur, med ei Talskiva so svart at det var mest Uraad aa sjaa kva Klokka var. Dette var no helder ikkje naudsynt, meinte Asbjørn, for kvart Timeskifte ramla ho i Veg so forskræmeleg, at ho gjerne kunde vekkja ei heil Kyrkjesokn. Hein skvatt upp av Krakken, daa ho slo fyrste Gongen, og spurde kvar han hadde fenge den Klokka.

— Eg kaupte henne paa Auksjonen etter Eivind Vegard.

— So. Ho er vel svært gamal?

— Dei vil vita, at ho er den eldste i Bygdi.

— Henne fær eg attpaa Handelen?

— Ja, tru du berre vilde reisa med henne, sa Kari, det er eit stort Ubeist.

Knut svara ikkje vidare . . . Klokka kunde han alltid faa, men han mislika mykje, at Hein jamt og støtt grov og spurde, kvar han hadde kaupt det han aatte, plent som han ikkje hadde fenge det paa ærleg Maate. I Grunnen var han like glad med heile Handelen, og han grunda no berre paa korleis han skulde faa reka upp att.

Hein hadde snart Brevet ferdigt og las det upp. Der stod og, at Knut skulde gjeva honom Skøyta paa Hausttinget; Pengarne for Garden skulde han faa same Dagen Handelsbrevet vart underskrive.

— Aa ja, det er no alltid godt nok; eg likar ikkje det du hev skrive um Myrkevatnet, men det lyt vera som det er no . . .

— So er det att aa skriva under, sa Hein.

Knut kremta, gjekk burt i Aaren med Pipa si og la ei stor Glo paa. Sette seg so paa Krakken til aa røykja.

— Her er Kaupebrevet, sa Hein. Ver so god!

— H-m . . . kom det seint fraa Knut. Me kjenner kvarandre so lite, kanskje det var best eg fekk Pengarne fyrst?

Hein smilte lognt og tok fram Lummeboki, talde upp av dei største Pengesetlar til 5000. So gav han seg til aa leita i alle Rom i Boki; men det saag ut til, at der ikkje fanst ein einaste Setel meir.

— Du lyt bia ei fjortan Dagar elder so etter Resten, sa han. Han stod der og lest vera skamfull . . .

Knut kunde snautt dylja, at han vart glad yver dette. No kunde han hava Raadi hjaa seg so lenge og spyrja seg fyre hjaa Folk som fekk Tidend fraa Hovudstaden. Han smilte svivyreleg aat Karen, som

flaug av og handla Gardar og laga seg som hadde han Pengar i haugevis.

— Nei, svara han. Det kan eg ikkje. Idag fyre Solarglad, elles vil eg hava Rett til Upprek.

— Daa er det kje onnor Raad, en me lyt sjaa etter ein annan Stad, sa Hein, han tok upp ei Bok til or ei Lumma i Vesten og fann fram fleire store Setlar og talde upp det Knut skulde hava. Han gløymde helder ikkje dei 300 Krunorne til Vinningsfolket paa Vegard.

— Er du no nøgd? spurde han so. Knut var reint ille faren. Han tok til aa fæla, at det ikkje hekk so rett ihop med Framandkaren og Pengarne hans. Var Pengarne falske? Nei, det var ikkje rimelegt. Elder saag det ut til Krig? Det maatte vera det. Daa ottast dei, at Riksbanken vilde spela upp, og Papirpengarne verta paa Lag verdlause. Dette hadde denne Spikkelanten fenge Tefti av, og difor fór han no fraa Bygd til Bygd og kaupte alle dei Eigedomar som var fale. Kvifor skulde han elles gaa med so mange Pengar paa seg?

Det var bra aa spinka og spara og slæpa og slita; men seg um ein skulde missa det meste, daa vilde ein trega paa, at ein ikkje hadde gjort kva ein kunde for aa faa vita noko um Storheimen. Blad og Skrifter hadde aldri Knut set seg Raad til aa løysa; men, ja misann kunde ikkje det vera aa spara paa Skillingen og lata Dalaren gaa!

Han sat og tenkte paa dette ei heil Stund; so reiste han seg og feta seg burt aat Døri. Hein fór snøgt upp og gjekk burt aat honom og sa, so alle kunde høyra det: Eg hev Vitne paa Handelen, det gagnar lite aa ira no.

Knut gjekk daa burt aat Bordet att, tok Pengarne, talde dei endaa ein Gong og skreiv so under.

Forvitne hadde dei alle saman set paa det som gjekk for seg; Aashild mest. Ho kjende Hjarta banka og ei ny Kjensla strøyma inn yver seg, at der var ein Mann komen som var klokare, større og sterkare en Far hennar. Ho skjemdest samstundes yver honom, og medan Faren stod og klora Namnet sitt under Kaupebrevet, nøytte ho seg av ut i Hagen og laga seg som ho ingen Ting høyrde, daa Mori ropa paa henne. Ho saag berre den myrke Mannen med det svarte Skjegget, og ho var so livande angst, at ho eingong skulde raaka honom aaleine. Faren kom ut etter henne:

Kvi kjem du kje inn og hjelper Mor di med Maten?

Ho saag paa Faren med Taaror i Augo; so sa ho: Aa kvi selde du Vegard til denne Bykaren, Far?

---

## III.

Ikkje fyrr hadde Knut fenge seg Mat, so raka og stelte han seg og strauk nedyver aat Dalen. Halte-Andres skulde fylgja Hein til Vegard med Sengklæde og Mat og andre Ting han naudsynt maatte hava, til han fekk rettleia seg betre fraa Byen. Det var Kari som fann paa dette, og det hjelpte ikkje, at Hein bad henne ikkje bry seg for hans Skuld; ho meinte det vilde vera baade Spott og Skam, um det spurdest, at dei hadde lete den nye Grannen sin bu paa Vegard baade matlaus og sengjelaus.

Halte-Andres batt i Klyvi, og Asbjørn hjelpte honom til aa leggja henne paa.

Denne Halte-Andres var den underlegaste Selle i heile Sokni. Han var Son av ein Husmann, dei kalla Gamle-Eirik, som mest heile sitt Liv hadde butt paa ein Husmansplass under Vegard. Det var fælt smaatt for Eirik, og Andres kom difor til Kamben som Gjætargut,

daa han ikkje var meir en 10 Aar gamal. Han kunde vel vera paa Lag 12 Aar, daa han, ein myrk Haustkveld han var ute og leita etter Sauerne, datt utfyre ei Ufs og skamslo seg reint syndleg. Han laag ute heile Natti, og daa dei um Morgonen fann honom, var det so vidt han livde. Han hadde brote av seg eine Foten og fenge andre Skavankar og. Kari stelte væl med honom og let honom heile Tidi liggja inni Kammerset; men Knut totte han hadde ikkje Raad til aa henta Doktar, og difor vart han liggjande i mest tri Aar i Verk og Vaade, og alle tenkte dei, at han aldri kom paa Føtarne att. I denne Tidi las han alt han kunde faa Tak i, lærde seg til aa spela paa Fela, og i det siste Aaret sat han i Sengi og skreiv upp alt det som hende um Dagen.

Han friskna til att, men var og bleiv Krypling, og kunde so lite med Utarbeid, at der ingen var som vilde hava honom for Kosten eingong, og noko Handverk hadde han ikkje lært. Faren kunde helder ikkje taka honom heim til seg, daa han hadde nok med seg sjølv. Andres hadde difor kome paa Kassa, dersom ikkje Knut Kamben til Slut hadde sagt, at han laut vera der so lenge.

Hein fekk Godhug for denne Armingen, og gav seg til aa røa med honom, meir en med nokon annan. Han skyna snart, at Andres var misnøgd med Verdi, og spurde honom um Grunnen til dette. Jau, han

ottast, at Knut Kamben ikkje vilde hava honom lenger, og kvar det daa skulde verta av honom, det skyna han ikkje.

— Du kan faa vera hjaa meg, sa Hein. Du fær Kost og Klæde og alt du treng, og desutan viss Aarsløn som ein annan Gardsgut.

Halte-Andres vart reint fegen for dette, og same Kvelden henta han Klædi sine og Fela si og alt han aatte til Vegard. Det var ikkje meir en han bar det paa ein Bakmeis, og aldri hadde dei set Halte-Andres fara so fort.

Daa han kom att fraa Kamben, sat Hein ute i Tunet og stelte med nokre Fiskegreior. Han hadde kaupt Taum av ein av Slaattekararne, og no sat han og telgde seg ei Raata av Bjørk. Andres totte at Tagltaum og Bjørkeraata var altfor uvande Fiskegreior for ein slik Kar; men han torde ingen Ting gjeta, daa det stod slik Kaldtokke av honom.

Um Kvelden sa Hein, at han vilde liggja i Løa. Der var nytt turt Høy, og det var den gildaste Seng han visste. Halte-Andres la seg daa og der, endaa han ikkje kunde skyna, kvifor dei ikkje likso gjerne kunde bera Høy inn i Sengjerne og liggja der.

Han sov godt um Natti, og vakna kje fyrr Soli

---

**Raata** ɔ: Stang.

skein inn gjenom Veggjesuerne. Daa var Hein alt uppe og sat ute paa Tunet inn med ei gamal Eisa og koka Kaffe.

— No lyt du nøyta deg og eta, sa han. So fylgjer du med meg paa Heii. Eg vil av og fiska.

Ja, Andres so gjorde, og fyre Dugurdmaal stod dei uppaa Brotet, der Bygdi endar og Øydemarki byrjar.

Der laag Myrkevatnet i Morgensoli, djupt og glomselegt, med ville Urer og Svaberg stigande bratte upp. Berre Skogar og ville Fjellet, so langt ein kunde øygna.

— Er her ikkje ein Støyl som heiter Skomelid? spurde Hein. Eg hev høyrt det skal liggja ein Praam der.

— Ja, i gamle Dagar var det so . . . Far hev fortalt meg det; men no ligg han lenger heime . . . der ut med den Odden.

Hein svara, at han no kunde greia seg sjølv.

— Du kan gjerne gaa heim att, um du vil, sa han. Andres lika dette ovleg ille; men daa han skyna, at Hein helst vilde vera aaleine, snudde han og gjekk heimyver att.

Han var so forviten etter aa sjaa, kva det var Hein vilde finna paa der uppe, at han laut setja seg, daa han var komen or Augneleitet. Daa han hadde sete eit Bil, gjekk han etter Hein, endaa han skjemdest og kjende det godt, at det ikkje var rett gjort.

Han gjekk ikkje ned i Praamen og byrja fiska, men

fann seg ein grøn Grasflekk nede i Bjørkelidi, der han la seg med Henderne under Hovudet og glodde uppi Skyflokarne.

Halte-Andres totte det var so dauvlegt, at han ikkje visste betre Raad en aa gjera det same. Han saag paa dei kvite Skyerne, som siglde lette for Vinden, i alle Slag underlege Former, snart som Hestar, snart som Stridsmenn, han hadde set avskildra i den gamle Keisar-Krøniken.

Daa Hein hadde lege soleis nokre Timar, reis han upp og gjekk nedyver til Skomelid, saag inn i Høyløa der og la seg so paa Sætervollen og stirde burtyver mot det ville Fjellet paa den andre Sida av Vatnet. Andres laag uppi Skogholtet og gjorde plent det same; men han kunde ikkje skyna, kva det var Hein totte so forvitnelegt.

Daa det leid til Middags, gjekk han sudetter langs med Strandi, klædde av seg og lauga seg. Andres hadde aldri set noko Menneskje som kunde symja so lett og godt.

Han klædde paa seg att og gjekk so frametter, til han kom til Odden, der Praamen laag, løyste den og rodde ut paa ein Holme, plent som han visste kvar beste Fiskestaden var. Han slengde upp den eine Fisken etter den andre, rodde so i Land att, gjorde paa Varme og steikte Fisken paa Gloi og gav seg til aa

maula. Halte-Andres var so svolten, at det svei; men han torde ikkje syna seg. Daa Hein hadde ete, tok han Praamen og rodde ut yver Vatnet. Andres sprang Strandi, so fort han orka, og han kunde so vidt fylgja, daa Hein rett som det var la Aarerne upp, stirde uppi Nutarne og dei stygge Urer. Ute ved Enden av Vatnet gjekk han i Land, steig av ut paa Berget og glodde ned i Glipen, der Kambe-Aai rann ut. Andres stod og skalv: han tok no til aa fæla for, at Mannen var galen og tenkte paa aa gjera av med seg. Og desutan . . . um Hein trødde imist og datt ned i Straumen, vilde det vera ute med honom, og daa vilde kanskje han, Halte-Andres, faa Skuldi!

Han kraup burtyver for aa sjaa . . . det varde ikkje lenge, fyrr Hein kom attende og gav seg til aa grava i ein Jordbanke millom tvo Berg, som laag beint ovanfyr Kamben. Han leita sig upp ein lang kvass Stein, og med den grov han i Bakken ei heil Stund, til han kom ned i Leirgrunnen. Han tok det i Handi og menta det, saag paa Jordbanken fraa alle Sidor, og gav seg so til aa kveda ei morosam Visa. Med ein Gong snudde han seg so braatt um, at Andres ikkje fekk Tid til aa huka sig ned, fyrr han fekk Auga paa honom.

— Din stakars Træl du er, sa Hein. Du hev no traska Strandi med halvannan Fot og ei Krykkja,

medan du kunde havt det godt og sete med meg i Praamen. No skal du lova meg ein Ting, og det skal du halda, elles so vert me Uvener i all Æva: Du skal ikkje gaa etter meg slik og luska; er det noko du vil, so skal du seia det!

Halte-Andres stod og skalv, endaa Hein slett ikkje høyrdest sinna ut; men han skyna, at vart den Karen uppøst for Aalvor, var han reint speleg.

— Eg lovar det, sa Andres.

— Du skal sverja paa, at du alltid vil vera ærleg mot meg, alltid seia det som er til Gagn for meg aa faa høyra?

— Eg lovar det.

— Ved Gud?

— Ja!

Dei gjekk nedyver mot Praamen. So sa Hein:

— Veit du kvifor Samlaget for Verket ikkje sette upp Dam her? Um dei ikkje sjølv hadde sansa paa det, so maatte det daa vera ein elder annan i Bygdi som kunde setja dei paa det?

— Her var ingen her i Bygdi som torde klunka paa den Strengen. Daa hadde han vel fenge Knut Kamben sjølv paa Nakken.

— Kvi daa?

— Jau, det er ein gamal Spaadom, at naar det kjem Dam i Myrkevatnet, skal Kambenuten leka.

Leka ɔ: være utæt, lække.

— No er det eg som raar i Myrkevatn, sa Hein. Andres kunde ikkje skyna, kva han meinte med dette; men helder ikkje no torde han spyrja.

— — Daa det tok til aa myrkna, gav dei sig paa Heimvegen, og Hein, som lenge hadde gjenge myrk og tagall, tok no til aa røa att. Andres visste ikkje kva han skulde svara paa mangt av det; han totte det var det underlegaste han i sitt Liv hadde høyrt.

— Her so vænt og uhuglegt her uppe med Myrkevatnet sa Hein. Det er plent som det var laga til Møtestad for alle svarte og fredlause Aander. Naar eg gjeng og driv her, kan eg lesa som i ei Sogebok, — ja, for du veit, at kvar ein Skog og Støyl og kvart eit Vatn, kvar Tjønnpytt og kvar Ur, um ho so i villaste Øydemarki ligg, hev si Soga. Det som eingong hev hendt der, hev liksom merkt Landslaget, elder det som hev hendt, hev valt aa henda der . . . kva veit me um det?

I Bjørkelunden, der eg laag med Henderne under Hovudet — ja, eg vart var deg og der — sat ein gift Mann og leika sig med ei Støylsgjenta. I den myrke Granskogen drap ho Barnet sitt og kasta Liket ut i Myrkevatnet. Der kann ein enno høyra det graata og ynka seg i dei myrke Næter, medan den arme Mori gjeng hugvill ikring Strandi og ropar og græt etter det Barn ho elska og drap.

— Ja, her hev gjenge slik ei Segn eingong, sa Andres.

— Ja, var det kje det eg visste? sa Hein, i ein Tone som han ikkje lika at Andres svara honom.

Daa dei var komne eit Stykke upp i villaste Skogen, greip Hein Andres i Armen og sa han skulde staa still. Andres totte det var reint uhuglegt og syntest, at Augo lyste i Hausen paa honom som paa ein Katt, og sidan gjekk han med den Trui, at Hein kunde sjaa i Myrkret som eit Villdyr.

— Høyrer du Susen fraa Skogen? sa han. Det er Aanderne aat den myrke Natti som dreg framum. Dei stundar etter Dag, men fær aldri Dagen sjaa, for rundt Jordi maa dei sviva med Natti. So er det med mange av oss Menneskje, so er det med den Vonde sjølv. Me lengtar hjarteleg etter Ljoset, me bed Vaarherre um Dagning, men maa likevel ryma fraa Ljoset, naar det eingong kjem til oss, for det skjer og brenn oss i Augo. Soleis hev Gud laga oss, — han er girug, den gamle Guden, ovundsjuk og mistruen, difor held han dei store Aander inne i Natti. Ein vond Engel, løyst or den svarte Pina, vilde verta ein Træl av Gud, so takksam vilde han verta!

— — Myrkret vart djupare og djupare, og Halte-Andres kjende seg reint uhugleg til Mote, daa han høyrde so mykje fælt. Han hadde ikkje sjølv nokor

rett grunnmura Tru paa Gud, men det visste han, at var der nokon Gud til, so maatte han vera god og rettferdig.

— Gud er god og rettferdig, sa Hein, ja visst. Men paa sin Maate er han det, ikkje paa vaar.

— Her er so mykje underlegt, sa han ei Stund etter. Heile Livet ligg dei under Bann, dei som hev gjort vondt, fyrr dei vart fødde.

— Trur du, at me hev vore til fyrr? spurde Halte-Andres.

— Ikkje alle, nei. Eg er viss paa, at eg hev vore til. Ein Gong var eg Viking, ein annan Geng Skogegangsmann, dømd for Uppreist mot framandt Velde, og no sist var eg Skald og kvad Visor um Fridom og Brorskap, og Nidvers um alle dei som rike og megtuge er.

Han lo, daa han hadde sagt dette, og Halte-Andres skyna, at han trygt kunde læ med.

— Ja er det kje underlegt kva Folk kan finna seg til aa drøyma um? sa Hein, og det verste er, at me ikkje kan vera fullvisse, um det er Dikt elder Sanning. Er det kje stundom som me kjenner med Uro og Angest, kva som hev hendt oss i fyrre Livet? Elder naar me møter ein Mann, stend det so ikkje Kalde- elder Varmegufs ifraa honom imot oss, plent som han kjende oss fyrr, og me kjende honom? Og kan me heilt skyna Sorgi, Tunglyndet, Hatet, Hemnen og alle

sovorne Kjenslor som Folk kallar vonde, men som kanskje er gode, som kanskje den altraadande sjølv skapar? At der er Graat under kvart eit Smil, og svart Sorg jamsides dei raudaste Rosor? At endaa den som inkje vondt hev gjort, ser nedi si Sjæl og finn djupe fæle Avgrunnar som han *maa* nedi, han *maa* gjera det Vonde, av di det kallar paa honom Natt og Dag, um han so veit, at han etterpaa vert hugsprengd og fær den store, tærande Sjælesott.

— Trur du paa Lagje daa? spurde Andres. Gamle Folk trudde paa honom.

— Ja, eg trur paa Lagnaden, og han gjeng og ventar paa det som skal henda, plent som Segni seier.

— Eg kjenner kje den, sa Andres.

— Jau, det var eingong, inn med eit stort Vatn, at dei høyrde det ropa: »Timen er komen, men ikkje Mannen!» Dei trudde det var Skrymt, og henta Presten, og han sette Vakt inn med Vegen, og sa, at dei ikkje maatte sleppa nokon framum. Og atter høyrde dei det ropa: »Timen er komen, men ikkje Mannen!»

Mot Kvelden kom der ein Mann yver Heii, so Sveitten rann av honom, og vilde setja lukt paa Vatnet. Dei treiv honom og bar honom inn paa Prestegarden, men han døydde millom Armarne paa dei, av di det var honom Lagnaden hadde ropa paa . . .

— Ja, her er mykje rart, sa Andres. Eg hev gruna og gruvla so ofte paa desse Spursmaali; men so sa Presten det til meg, at det var Djevelen sitt Verk, og sidan hev eg freista aa halda det fraa meg.

— Det gjorde du ikkje Rett i, sa Hein. Det gagnar lite aa stengja for Tankar. Eingong kjem dei att, og kanskje dei hemner seg daa: kjem i ei Stund daa dei forvillar di Sjæl. Du fær ikkje Fred, fyrr det er løyst; gjer du det ikkje fraa deg her, fær du det att i andre Livet.

— I det andre Livet? Er kje alt klaart der daa?

— Nei, det er Daare-Draum aa tru det.

Andres tagde til dette, — han vilde helst røa um noko anna, so uhugleg totte han at alting vart; men Hein dreiv paa sameleis, heilt til dei kom heim.

* * *

Andre Dagen sat Andres ute i Tunet, daa Knut Kamben kom gangande. Han var so forviten etter aa høyra nytt um Hein, at han snautt hadde Tid til aa helsa Godmorgon, og Ver og dei Ting som til det høyrer gløymde han heilt.

— Er han heime?

— Ja, han er i Nystova.

— Men korleis hev han stuka her?

Eivind sidan gjorde: difor hadde han vorte Handelsmann, for at han i ein Fart kunde verta rik og syna Knut og Kari at han var likso gild Mann, han. Daa Knut hadde drive Vegard til Auksjon og sjølv slege det til seg, hadde dei tala, men berre det som vondt var; Eivind hadde sagt: Eg skulde ynskja, at du eingong vart heimlaus, som eg er det no!

Mange stygge Ord var sagde baade daa og seinare; men alle desse smaa Minni var bleikna mot eit stort, det var likt eit Saar som ender og daa bryt upp, verkjer og svier.

Han saag for seg ein myrk Hustkveld han sat inn med Aaren og saag igjenom ein gamal Rekneskap. Turr Granved spraka paa Elden, so Gneistarne spratt heilt burt paa Papiret. Kvendi sat og spann, Store-Asbjørn sat og telgde paa eit Økseskaft, medan Vesle-Asbjørn og Aashild leika seg paa Golvet. Daa tusla det ute i Forstova, og inn kom det ein gamal gruv Mann. Stilt kom han, bleik var han som Bast, langt kvitsprengt Skjegg, Haaret var ugreitt og hekk langt ned yver Trøyekragen. Han var klædd paa Byvis; men Klædi var gamle og sundrivne. Han stod lenge og saag paa dei, sa ikkje eit Ord . . . det var so uhuglegt, at det ikkje kunde seiast. Det kunde ikkje vore stort verre, um ein daud Mann hadde synt seg der um Kvelden . . .

Daa han hadde stade ei Stund, saag han underleg

paa Knut og sa med djup tung Røyst: Godkveld, Knut Kamben! — Han fann fram ein Stol til honom og sa etter gamal Sed: Er Framandfolk ute so seint?

— Framand? . . . Du kjenner meg ikkje att, Knut?

— Nei, eg kan ikkje minnast eg hev set deg . . .

— Du saag meg altfor ofte ein Gong . . .

Knut stirde paa honom, dei andre glodde kvar fraa si Kraa.

— Det er no vel aldri Eivind Vegard? sa Kari med bibrande Mæle.

— Det *var* Eivind Vegard, sa han stilt, sette seg paa Stolen og byrja graata. Taarorne trilla ned yver det rukkute uttærde Andlitet, medan han hosta saart. Kari snudde seg burt og gret, ho og . . . dei munde vel hava havt noko imillom seg, dei tvo . . .

Dei tagde ei lang Stund, dei skyna alle, at det laag so stor Sorg og Ulukka under, at der ikkje kunde finnast Ord til Trøyst. Knut hadde heile Tidi sete og ottast, at Eivind vilde leggja Skuldi paa honom; men han sa ikkje noko ei lang Stund. So tok han til aa spyrja, korleis Folk livde der i Sokni no, etter Kjenningar, som var farne burt, elder som det hadde hendt noko merkelegt. Han nemnde ingen Ting um kva han vilde, fyrr um Morgonen, daa han og Knut sat uppaa Yverstova aaleine med Aabiten. Daa tok han til aa fortelja, at det hadde gjenge reint ut for honom andre

Gongen, og at han no ikkje kunde bu i Staden meir. Han vilde no spyrja — han sa ikkje *beda* — um Knut kunde gløyma alt vondt som hadde kome dei imillom ... det var tungt for honom aa seia dette; men han gjorde det ikkje for si eigi Skuld, — hans Liv var forspillt likevel det — men for Kona og den unge Dotteri, som det laag so mange Freistingar i Vegen for . . .

Knut hadde ikkje svara noko vidare paa dette, det gjorde honom vondt aa sjaa Eivind soleis; men samstundes vilde han ikkje gjerne hava honom i Bygdi, og endaa mindre gjera noko større for honom . . . for daa vilde Folk faa so mykje aa slarva um.

Daa hende det som han aldri gløymde, um han vart hundrad Aar gamal: Eivind seig paa Kne for honom og gret, gret som eit Barn, og bad honom for Gud i Himmlen si Skuld hjelpa seg or verste Naudi.

Det hadde so titt hendt honom, at naar ein slik Stakar stod og nidtagg honom um Naade, vart han so kald innvertes. Det same hadde hendt honom den Gongen, og difor var det han sa Nei. Han hadde helder ikkje fenge Tid til aa umraa og forklara seg, for i det same reis Eivind upp, knytte Neven fyre Andlitet hans og sa: Dette skal du angra, Knut Kamben, so sant der finst ein Hemnar-Gud. . . forbanna vere du og ditt Hus!

Og so gjekk han, sa ikkje eit Ord til Avskil. Tidleg den andre Morgonen fann dei honom i Falkedjuvet.

Ein Guds Straffedom var det vel, at Store-Asbjørn drukna i Aai nokre Aar etter. Men dermed trudde han og han hadde sona, og at Eivind Vegard hadde fenge sitt.

No var denne underlege Framandkaren komen og hadde rive upp i det gamle Saar, og paa nytt tok dei gamle Minni til aa stinga og verkja.

---

## IV.

Han kjende seg noko tryggare, Knut Kamben, daa Hein var komen att fraa Storstaden og hadde bede dei til Heimkomarølet. Han hadde vore innum der um Kvelden og sete og røtt lenge utyver, mest som eit anna Menneskje. Han hadde fortalt, at han hadde tinga Hestar nede i «Byen», som skulde føra Heimel og Mat og alt som til-høyrde upp til Vegard. No trong han Kvendehjelp, og spurde daa um ikkje Kari og Aashild kunde koma der burt og hjelpa honom. Dette lova dei, og ein Morgon kom daa Halte-Andres og sa ifraa.

Dei hadde det fælt annvint um Dagen med aa vaska og pussa og setja alt tilrette, so det saag litt skipelegt ut. Sjølv var han lite inne og let dei stella plent som dei vilde. Halte-Andres var inne rett som det var, og gjekk ikring med eit Andlit som han skulde vore Husbond minst, og fortalde, at han nok kunde

syna dei noko reint forunderlegt, «eit Mirakelse», um han berre vilde.

Um Kvelden kom Hein inn og gav seg til aa røa med dei, medan dei aat Kveldsverden. Han hadde eit tunglyndt trøytt Drag yver Andlitet, og han dirra i Mælet, naar han rødde um kor aaleine han var. For Kari kom til aa spyrja honom, um han hadde Foreldre i Live. Til dette svara han, at Far hans var avliden, medan han var Smaagut, og Mori hadde døytt fraa honom, fyrr han var væl vaksen. Han hadde ei Syster, som han ikkje vilde gjera nokor Greia for.

Han klaga seg ikkje, av di han kjende seg so heimlaus og aaleine; men dei skyna baae, at det kom av at han ingen hadde aa klaga seg for.

Han fylgde dei heim att um Kvelden, og paa Vegen var det som han kvikna litevetta til, daa han byrja fortelja um ein Engelsmann han venta ein av dei fyrste Dagarne. Han heitte Mister Wattson, var ein rik Mann, og hadde no kaupt Verket. Han vilde no sjaa paa Gruvorne, fyrr han byrja driva.

Kari meinte det same som Mannen sin, at det var betre, um aldri Verket kom i Gang att. Bygdi vart reint utskjemd, sa ho, av alt det Skrapet som kom saman der.

Til dette svara Hein, at der i Røyndi ikkje var noko Skrap i Verdi . . . alle Menneskje var i Grunnen

like gode og hadde like Rett til Arbeid og Mat. Um han skulde gjera nokon Skilnad, vilde han setja dei fatige og underkuva høgst, av di dei hadde havt det verst. Mannen maatte alltid dømast etter det han hadde gjenge igjenom, etter det han hadde vunne for seg sjølv, ikkje etter det han hadde ervt, elder etter det han visste, elder etter det han hadde gjort for andre.

Dei hadde undra seg yver dette og yver mangt anna av det han sa; men samstundes kunde dei ikkje anna en lika honom helder.

Men fyrr Sundagen kom, hadde Aashild fenge slik Uhug til aa gaa til Gilde. Ho var arg paa seg sjølv, at ho tenkte for mykje paa Hein, og ottefull og angest, av di nye Kjenslor tok til aa vakna.

Ho sat Sundagsmorgonen og greidde sitt Haar. Ho hadde nytt Fletteband den Dagen, og ho heldt det lenge i Handi og saag paa det, medan ho sat med Haaret utslege. Han hadde den Dagen ho var paa Vegard sagt, at ho hadde so fagert Haar . . . tru han hadde meint noko med det, elder var det berre for aa gjøla? Ho strauk dei silkemjuke Lokkar, gjekk so beint aat Spegilen . . . nei, det var for ljost . . . ho vilde helder havt det brunt.

Sigrid kom inn helgaklædd, og spurde um det verkeleg var Meiningi, at ho ikkje vilde vera med. Aashild saag paa det raude, glansande Andlitet hennar, og kjende

Daamen av luktande Vatn, som ho hadde fenge av ein av Belarne sine.

— Eg hev ikkje Hug, sa Aashild.

— Eg kan ikkje skyna, korleis du hev vorte laga i Sumar. Hev ikkje Hug til det?

Dermed gjekk Sigrid, og Aashild nøytte seg med aa fletta Haaret sitt og fylgde so Hjuringen aat Skogen, fortalde kvar han skulde gjæta Etternooni, og gjekk so heim att.

Ho gjekk utt og inn, smaasulla paa ei Visa, song Tonar og Ord, som kom av seg sjølve, men som likevel synest henne so væne, at ho aldri hadde høyrt Maken.

Ho gjekk av uppi Loftet og tok paa seg Helga-Klædi, endaa ho ikkje vilde av Garde. Upp or Kista si tok ho ein Langelur, og med honom i Handi gjekk ho ut att og uppetter Bakkarne.

Lauvskogen stod og skein gul og grøn i Solskinet; langt, langt burt yver Lierne skifte det i alle Leter. Lufti var rein og lett og speglande klaar, dirrande med Solkulor yver Tretopparne.

Ho bøygde seg ned i ei Tyteber-Tuva og tok Handi full av dei raude friske Ber. So sette ho seg paa ein liten Voll, tett attmed nokre gamle Hustufter. Der stod enno Murar etter Stova og Fjos, endaa det skulde vera tvo hundrad Aar sidan Folk hadde butt og bygt der.

No var vel Gjesterne komne til Vegard, Hein stod ute paa Tunet og baud dei velkomne. So spurde han kanskje Mor hennar, kvi ikkje Aashild var med.

— Eg vonar du kjem, Aashild; eg vilde tykkja det var tregalegt, um du gav deg til heime.

Ho hadde lika honom, daa han sa dette; men sidan kom ho til aa tenkja, at dette hadde han vel og sagt til alle dei andre, til alle dei staute og byklædde Gjentorne nedanifraa Dalen . . sjølvsagt, ho var ingen Ting for honom, ingen Ting.

Ho kjende, at ho aatte vonde Tankar, og at der var Makter som vilde lokka henne burt ifraa Gud, ureine, underlege Hugsviv . . .

Ho reiste seg og gjekk burtetter Lidi . . . daa høyrde ho Omen av Kyrkjeklokkorne, som ringde til Messe for den unge Presten.

Ho la seg ikkje paa Kne, og der var ikkje Ord i hennar Munn, der ho stod og studde seg med eine Handi mot ei Osp, medan Lauvet skalv i den milde Vind. Der var Rop til Gud fraa det djupaste i henne sjølv, Augo var lyfte mot Himmelen, dei væne Augo, og ho visste ho stod der for Guds Aasyn aaleine.

Og hennar Hjarta vart stort, og hennar Hug ljos og varm. Ho bad for alle som hadde det vondt i Livsens Strid, for dei som saare og sorgfulle var, alle dei som gjekk med taarute Augo, at Gud vilde gjera

Livet deira lettare og Synet friskare. So sette ho seg, leste Hænderne ikring Luren og las Fadervaar, og tenkte mest paa Ordi: «Frels oss fraa det Vonde!»

So gjekk ho upp yver den bratte Lidi heilt uppaa Nuten, so ho kunde sjaa nedpaa Myrkevatn. Ho snudde seg fram yver mot Bygdi att; nedanfyre seg saag ho helgaklædde Folk koma gangande og ridande uppetter den smale Vegen framum Kamben til Vegard. Der var den gamle Skrivaren med den væne Dotteri, og langt nede saag ho ein stor tjukk Mann koma stabbande . . . det var den snille gamle Prosten. Han hadde Fylgje med Doktaren, sagte. So kom det Bygdefolk, Gutar og Gjentor, rekkjande. Ho sat lenge uppaa Nuten og stirde etter dei, gjekk so burt yver Rantar og Rister, til ho saag Vegard under seg. Daa sette ho Luren for Munnen og bles. Lange, tunge Tonar. Bringa gjekk, so Sylgjorne ringla; men Vermaala svara ikkje; det var som Tonarne døydde burt i det store Rom.

## V.

Ute i Tunet paa Vegard gjekk den gamle Skrivaren ikring med det trutne gulbleike Andlitet og den store krokute Nosi. Han helsa snart paa den eine og snart paa den andre av Bønderne, som han kjende fraa Tinget, klappa dei faderleg paa Herdi og baud dei Snus.

Like ved Staburet stod det fire Bjørkar, og der var det sett upp ein Benk. Paa den sat Prosten og turka seg i Andlitet med ein stor raud Lommeduk. Han var elles sjukleg og hadde teke Værson sin til Kapellan, so han berre preika eit Par Gonger i Aaret, naar han tok imot Høgtidsoffer.

Den unge Doktaren hadde gjenge ifraa honom og stod no i ein Flokk av glade Gjentor nede fraa Byen og fortalde, kor ille det hadde vore for Prosten uppigjenom Vegen.

Bygdefolket sat elder laag i Tunet, glodde snart paa Skrivaren og snart paa Prosten, fortalde morosame

Sogor um gamle Embættesmenn og lo stilt og godt, naar einkvar fekk det rett høvelegt og løglegt til. Dei fleste av Bønderne var turre og skrinne, — Mennerne var holkjaka, gamalvorne, og saag utslitne ut, medan Kvendi var meir rundleitte; sume av dei var væne og blømande.

Ute i Hagen under Trei var det slege upp eit langt Bord med Sessar ikring, Lensmannen og Hotelleigaren hadde sett seg der og drakk heimbryggja Øl og tala Politikk. Dei gjorde Narr av dette underlege «Selskap» og var helder arge paa Hein, av di han hadde bede so mange Bønder. Hadde han sagt det, daa han baud dei til Laget, hadde dei nok sete heime... nokon »fin» Mann kunde han ikkje vera . . .

Dei laut ryma, daa tvo byklædde Karar kom med Dukar og Diskar og skulde setja Maten paa Bordet. Hein gjekk og bad Gjesterne setja seg. Prosten og Skrivaren fyrst, so dei andre Byfolk; lenger nede Bønderne. Hein sette seg ved Enden av Bordet og nøydde Knut Kamben og Kari til aa setja seg innmed.

So baud han Gjesterne velkomne til Bords, og daa alle var svoltne, vart det fyrstundes ikkje anna høyrt en Staaket av Gaflar og Knivar, eit Ord ender og daa, og ein døyvd Laatt. Daa Vinen vart skjenkt i, reiste Skrivaren seg og tala for Verten. Det var faa til Stadar her, som kjende Hein anna en av Namn,

sa han; men det kunde dei alle vita alt no, at det var ein Mann som snart vilde gjera seg kjend.

Det var ei god Gjerning aa samla saman so mange av ymse Samfunds-Lag, Folk vilde læra kvarandre aa kjenna og skyna kvarandre. Og det kunde nok trengast baade i By og paa Land, serleg i dei avstengde Bygder, der Vegarne var gamaldagse og Stellet ikkje alltid som det burde vera. Det visste han godt fraa Ferderne sine baade i dette og andre Bygdelag, at der var Bønder som enno livde som Griser og ikkje som Folk.

Bonden klaga yver trange Tider, og det var gjort mykje til aa hjelpa honom. Ein Ting trongst, som ikkje var faaande for Pengar: Nytt Mod, nye Tankar, nye Fyretak; men til det skulde nytt, friskt Blod med ny Kraft, som kunde kveikja dei sjuknande Bondeætter. Bygdi venta seg mykje av Herr Hein, og difor vilde han ynskja honom velkomen aat Sokni.

Det var ei lang Røa, og Hein saag ut til aa lika seg ille. Mange av Bønderne vart arge paa Skrivaren, og meinte at han kunde passa Kantoret sitt, so skulde nok dei passa Gardarne sine. Gamle Prosten lo, daa Skrivaren var ferdig.

— Du, Skrivar, sa han, du hev alltid slik Umsorg for Bonden. Du vil gjera honom meir upplyst, faa honom til aa grava seg nye Vegar og byggja seg større

og vænare Hus, til aa lesa Bøker og Blad . . . du vil «kultivera» honom, som du seier. Men kva hev du aa bjoda honom? Kristendom, Daning, Upplysning med Aand? Nei, du hev berre Kulturen fraa Byen. Og det er ikkje den Kultur eg kjenner fraa den Tid eg var ung. Det var adeleg Tenkjemaate, Tolsemd mot andre, høgare Hugmaal; men Bykulturen som den no syner seg, serleg i mindre Byar, gjer Livet so tomt, at det er til aa forvillast i. Skal *det* vera Kultur, so Herren i Himmelen verje oss mot honom!

Doktaren og Skrivaren, Lensmannen og Hotelleigaren var usamde med Prosten.

— Gamle Prosten held paa Spikekjøt og Loppor, meinte Skrivaren. Prosten reiste seg og slo i Bordet, so det song: «Du kjem ikkje fraa dette med Gap, du, Skrivar!» sa han. «Det er ille nok her paa Bondebygdi i mange Maatar, eg veit det likso godt som du; men det er Boteraaderne me er usamde um. Bymat og Bystel og Bykultur kan vera væl og bra for Byfolk; men skaff oss det hit, og Bønderne gjeng under.»

— Lat dei det! sa Hotelleigaren.

— Det er lett aa seia det for deg, sa Lensmannen, men me andre, som liver av Bønderne, me lyt daa halda Liv i dei, so lenge det er Raad med.

Det vart eit langt Ordskifte um dette, til den eine

tala i Munnen paa den andre, so det til Slut var Uraad aa høyra Mannamaal.

Hein sat og flirte og sa av og til noko til Knut Kamben; men dei andre kunde ikkje høyra kva det var. So daa Uveret hadde lagt seg noko, reiste han seg og banka paa Glaset sitt.

Det var ein gamal faafengd Draum, sa han, at den einskilde skulde kunna gjera Verdi betre, skulde kunna frelsa det som er daudedømt. Verdi gjeng sin skeive Gang, etter dei Lovar som eingong er fastsette, og dei er so, at naar Mannaheimen gjev seg den Vonde i Vald, so vert det den Vonde som raar. Og berre smaa Menn var det som evig og alltid vilde vøla, evig og alltid gjera dei smaa Umbøter, Daarar, som drøymde um at Menneskja skal verta so sterk og god, at ho kan koma ut av den Vonde sitt Vald. Ljosare og betre Tider vil det aldri verta. Millom Mann og Mann, millom Folk og Folk er det og vert det evig Trætte og evig Krig. Uretten vil raa, den grove Neven vil alltid slaa ned den veikare. Og um ein stor Mann reiser seg imot alt Valdsverk og ofrar Livet paa aa hemna seg paa Uretten og Heimsens Styre, han druknar sjølv i Flaumen. «Difor legg eg for min Part Henderne i Kross og lêt Verdi sviva», so enda han Talen sin. «Kva kjem det so meg ved, um Bonden klagar, kva kjem det meg ved, um Bondekulturen er dømd til Dauden? Lat meg

vera ein fri Mann, lat meg gaa mine eigne Vegar, so vil eg naa mitt Maal!

Men forvitnelegt er det elles aa sjaa, korleis Uretten demmest upp i Folkehavet baade paa By og paa Land, med Valdsverk, med Rikdom og Rotenskap. Lat det berre demmast! Kanskje det daa eingong kunde sprengjast alt saman og ein Domedag koma, daa Vatnet bryt seg Veg og ei stor Flod øydelegg alt. Men til Domedag kjem, bøygjer eg meg for Magti, for Rikdomen, og for Uretten med. Æra yver dei som veit aa samla, Æra yver dei som drep meir en Likam, som trampar paa alle Draumar og gyller sine Slott med stivna Mannablod!

Kva er det me vantar alle saman? Kva er det me strævar for eit heilt Liv? For Gull. For Gull ofrar du din beste Ven, din Kjærleik, di Æra, for det ofrar du di Sjæl, um det finst nokon som vil kaupa henne. Gullkalven er det me bøygjer Kne for alle saman! Anten me hev honom elder ikkje!

Me hyller denne Guden idag i ein Mann som er her til Stadar som min Gjest. Han vil lata Gullstraumen renna inn i Bygdi, berre me hjelper honom kvar paa vaar Kant. Med dette vil eg tøma ei Skaal for Verkseigar Wattson, den nye Herre til Bergdal!»

Ein liten svarthærd Mann, som Folk ikkje hadde gjeve vidare Gaum etter fyrr, reiste seg og skaala med

honom. Det var mange som let Glasi sine staa, av di dei ikkje skyna kva det var Hein i Grunnen hadde meint. Daa dei hadde reist seg og takka for Maten, tok Bønderne til aa kviskra seg imillom og spurde, um det var sant, at Hein hadde gjeve Engelsmannen Lov til aa byggja Dam i Myrkevatn. Nokre av dei som aatte Gardar inn med Aai, spurde Knut Kamben, um det var so han hadde selt heile Vatnet til Hein. Ja, men berre til Fisking . . . han skulde nok hindra Arbeidet, um han totte det var naudsynt . . .

Ungdomen brydde seg mindre um dette. Daa Halte-Andres kom med Fela si og sette seg til aa spela burt paa Vollen, samla dei seg ikring honom og tok til aa dansa sin Springar og Gangar, medan dei fleste av Byfolket gav seg til aa sjaa paa. Men dette gjorde dei dansande tunge og stive, der var kje den Sprett og Herr i dei, som naar dei dansa inne i sine eigne Stovor, for seg sjølv aaleine.

Hein gjekk kringum og saag paa. Han skyna snart, kva som vanta, og bad Skjenkjarsveinarne fylla Bollarne med Øl og gaa ut paa Tunet med. Det var dei som meinte, at det var blanda Brennevin i Ølet, men drakk gjorde dei like godt, og snart gjekk Dansen friskare. Det tok no til aa myrkna, og Spelemannen flutte daa inn i Gamle-Stova. Dei eldre sveiv etter og saag paa

eit Bil, — so gjekk dei ut i Nystova til aa drikka og spela Kort.

Daa det hadde vorte heilt myrkt, gaadde Folk, at det kom gangande tvo Menn med Skundor paa Herdarne. Dei var svarte i Andlitet og hadde raude Klæde. Kvendi skreik ende yver seg, at dei var stygge som Svartemannen sjølv; men alle styrmde dei etter, jamvel Prosten og Skrivaren, gamle Knut og Kari — den Hein var daa ein framifraa Kar til aa hitta paa Morskap!

Uppaa ein gamal Husstad, løynd av Skogen, stod ein stor Hall, reist paa Stolpar og klædd med grønt Ty. Paa tvers gjenom Hallen stod det Rader med Lauvtre, og millom Raderne Bord og Benkjer med Flaskor og Glas. Det skein yver Hallen med Ljos i alle Leter, i gult, grønt og raudt fraa smaa Lampor, som var fastgjorde i Greinerne paa Trei.

Folk styrmde forvitne inn og gav seg til aa glo paa Maalarstykki som var maala paa Veggjer og Tak, — baade morosame og aalvorlege Bilæte med Emne av Folkevisor og Æventyr. Her saag ein Guten som fekk alle til aa dansa, baade Skrivar, Fut og Lensmann, og der saag ein Prinsessa Sylvelin og Knut Liten, i di at Knut rister Kniven imot Kongen, og nedunder var det skrive:

---

Skunda ɔ: Tyrifakkel.

«Knut Liten rister paa blodute Kniv,
    Iseliljan,
ha det kje vor' Sylvelin, sku' det gjelda ditt Liv!
So saare syrgjer Sylvelin
for lisle Knut i Løyndom!»

Men midt paa Stuttveggen var det maala nokre Bilæte, som alle saag paa, men ingen kunde tyda. Skrivaren fekk Tak i Hein.

— Det er De sjølv som er Meisteren for alt dette? spurde han; me hev fenge spurt, at De er Maalaren Hein?

— Meisteren er unemnd, svara Hein stutt. Han hadde røtt svært lite heile Kvelden og saag ikkje ut til aa vera i Godlag. Han var raud i Andlitet, og i Panna var det uvanleg mange Rukkor. Bygdefolket var mest rædde honom og gjekk gjerne or Vegen . . . det fylgde slik Stegg med honom, sa dei.

— Naa, naa, sa Skrivaren . . . det er væl gjort, det gjer Meisteren Æra. Men desse der burte paa Stuttveggen, ja, dei skynar me ikkje . . .

— Det er kje noko Æventyr det, svara Hein, det er ei sann Soga.

Han tagde med det, gjekk inn aat eit av Bordi og bad Skrivaren setja seg. So henta han Lensmannen og Knut Kamben, skjenkte Glasi deira fulle og baud dei drikka. Tok so til aa fortelja, so høgt at dei andre gav Gaum etter det og samla seg kringum Bordet:

Det var eingong tvo Grannar, byrja han. Dei hadde vore Vener fraa dei var Smaagutar, og hadde lova kvarandre med Hand og Munn, at dei skulde hjelpa kvarandre i alt.

Den eine hadde ikkje Lukka med seg . . . der ser de honom paa fyrste Bilætet hanga utfyre eit fælt Djuv. Det lyser av Augo hans, han bed og tigg med heile Andlitet. Men utpaa Floget stend Venen og Grannen hans med Henderne i Lumma. Um han bøygde seg og rekte Handi ut, kunde han frelsa Venen; men han stend hard og kald.

Paa det andre Bilætet ser me den usæle Mannen Lik. Sundslegen. Han hev slept Taket og er fallen ned i Avgrunnen, ned paa dei kvasse Steinar i den skræmeleg ville Uri.

Der stend Kona hans og ein liten Gut ørville yver honom. Men noko merkelegt ser ein ved Guten: Ikring honom hev det drege seg liksom ein større Likam, med gamle stive Andlitsdrag, og ser ein nærare etter, er det Andlitet aat Faren Guten hev fenge yver sitt eige. Han lyt no gaa ikring i Verdi med ein daud Mann, som evig og alltid ropar i honom um Hemn, Hemn yver den hardhjarta Grannen og alle Hjelpesmennerne hans: Lensmannen og Skrivaren og dei som syrgjer for Rett og Rettferd paa Jordi.

Der kan de sjaa paa tridje Bilætet, korleis Guten dregst med Far sin . . . Livet lokkar honom, framfyre seg ser han ei fager Kvinna, dansande paa Blomar, — han vil burt og vera glad saman med henne; men Faren held honom med dei kalde Henderne sine og skrik paa Hemn, evig og alltid paa Hemn. Um Dagen ligg Faren honom allstøtt i Tankar, og um Natti fær han aldri Fred; daa løyser Faren seg ut ifraa honom, tuslar ikring i Romet, stend yver Sengi hans og kviskrar. Der ser de korleis han skvett upp um Natti i villaste Rædsel, medan Faren stend yver honom og trugar honom med baade Gud og Djevel, um han ikkje kan øva Rettferd.

Guten vert til Mann. Han er myrk og tagall, ser med illske Augo paa alle som hev det godt, alle Blomar trør han under Fot, kvar god Von stengjer han fraa seg, som var det Gift, han knyter Handi mot Gud. Han er fødd av Myrker og vonde Eimar, og i Myrkret vil han gaa under.

Paa det siste Bilætet ser de Guten standa ved same Djuvet, der Far hans slo seg ihel . . . han held no Grannen utfyr den fæle Avgrunnen og lær stygt, medan den Vonde stend inn med og biar paa Sjæli . . .

Hein var ferdig.

Ei ung Gjenta, Dotter aat Lensmannen, laut spyrja, korleis det so gjekk til Slut.

— Kvar er Sluten? Um Mannen døyr, so er det ikkje slut med det. Um den Vonde tek Sjæli, ja, det er ikkje slut med det helder. Elles er det ingen som veit, um det ikkje i siste Stundi kjem ein Engel, ein Ljosengel . . .

Dei tagde alle og sette seg stilt.

Knut Kamben sat og stirde paa Bilæte; han mintest kva han hadde fortalt Hein um seg og Eivind Vegard... han kunde ikkje tvila paa, at Framandkaren hadde tenkt paa det og skildra *det* paa Veggen. Otten voks, og han tyktest no vita for visst, at Hein ikkje var komen for det gode.

Med ein Gong stod ein av dei svarte i Døri og ropa, at det no var best dei skunda seg ut. Folk reiste seg so snøgt, at dei velte Bord og Benkjer, og styrmde mot Døri.

Utanfyre stod den andre svarte og fortalde, at no vilde Hein brenna upp denne gilde Hallen til Hugnad for Gjesterne; men det var best dei gjekk eit Stykke ifraa. . . ingen kunde vita, um det ikkje laag ei Tunna Krut i Kjellaren.

Folk skunda seg ifraa det snøggaste dei vann, Kvinnfolki skreik, snaava i Steinar, datt i Koll og reis upp att og lo.

Dei tvo svarte gjekk attanfyre Huset og tendra eit Fyrverk . . . den eine Brandpili etter den andre skaut

til Vers, det knitra og spraka av svivande Eldhjul, skaut Gneistar kringum i Natti og lyste yver Skogarne. So kom det underlegaste: eit Eldhjul som spela ein væn Lund.

So vart Hallen tendra i Brand, Elden kveikte seg skymleg, til alt saman stod i Loge, so skaut det heile til Vers med ein gresjeleg Smell, i same Augneblinken var alt sløkt, Lauvhallen som sokken i Jordi.

* *
*

Daa Soli spratt yver Vegards-Knetten, laag alle Mann sovande, nokre i Sengjer og andre paa Golvet. Prosten sat i ein gamal Kubbestol og sov. Paa Laavetrevet laag Asbjørn og Knut Kamben, — Asbjørn hadde vore full og ustyren um Natti, og daa Faren vilde tala honom til Rettes, vart han reint ifraa seg og flaug paa Far sin.

Hein gjekk flirande ikring og saag paa Gjesterne sine. Nede i Løa raaka han Halte-Andres, liggjande der saman med Lensmannen og Hotelleigaren. Han ruska Andres upp og bad honom fylgja seg inn i Stova.

— Ser du, sa Hein, Menneskja er eit stygt Dyr, Bonde elder Bymann kvittar eit. Like lite Aand i dei

alle. No lyt du og dei andre Trælarne laga til godt For aat dei, og so helsa dei ifraa meg og seia dei Takk for dei vilde vitja meg.

Dermed strauk han upp yver mot Heii. Andres stod og stirde etter honom, riste paa Hovudet og mulla halvhøgt: »Eg meiner plent det er den Vonde sjølv!»

---

II.

# RUNER.

I.

Det er Sundagskveld. Vinden tuslar i det fallande Lauv, Himmelen heng myrk og sorgfull yver Dalen, — berre nokre glade tandrande Augo gjenom ei Rift i det store svarte Tjeld.

Inne i Stova gjeng Dansen, og eg sit her ute i Lauvhytta i Hagen med Aashild Kamben og Asbjørn. Han er glad i det sterke, og difor hev eg sett ein stor Bolle Øl og ei Flaska Franskbrennevin her ut.

— Her uppe likar eg meg, seier eg. Helst ein haustmyrk Kveld som denne . . . berre sjaa Skogen, kor han stend svart og stygg, og Tjørni her nede ligg og drøymer og drøymer i den store Sorg, som ho hev gjort det i tusundtals Aar. Men gildast er det likevel paa Heii upp med Myrkevatn.

— Hu nei, seier ho, og kan kje skyna, at du kan lika deg der . . . so uhuglegt, so villt og stort. Ikkje eit Menneskje aa sjaa.

— Nei, Gud vere Lov, seier eg, ikkje noko Menneskje!

— Eg kan ikkje skyna, at du tykkjer det er so gildt der uppe . . . naar Asbjørn kom heim og fortalde, at du laag der Natt etter Natt i Sumar plent aaleine, kom eg i Hug dei som fredlause var og maatte ryma til Skogs.

— Eg er fredlaus, seier eg. Eg drøymer so titt, at eg ferdast i ville Skogar, og veit kje Veg elder Lei. Eg kjenner ein tærande Angest for kvar Fuglen som fyk upp, Hjarta bankar for kvar Kvisten som brest, for eg kjenner og veit, at eg hev gjort noko vondt, og so forfylgjer dei meg og tyrster etter mitt Blod.

— Daa maa det vera uhuglegt for deg aa vera her so aaleine um Natti, seier Asbjørn.

— Ikkje alltid. Stundom fær eg framand; der kjem ein Mann til meg. Han fer so stilt, lêt ikkje upp ei einaste Dør, seier ikkje eit Ord. Berre steller seg framfyre Sengi mi og stirer, blunkar aldri, stirer . . . han er kvit som Maaneskin, eg kan sjaa Veggen gjenom honom. Ein gamal, gruv Mann med kvitt Skjegg, — i Panna hev han store Saar, og Blod er stivna i hans Andlit. Alltid so sukkar han tungt og peikar, lear paa Munnen, som vil han tala . . .

Asbjørn tek seg eit Glas, men Aashild sit og stirer paa meg med store rædde Augo. Andlitet er bleikt, men fagert, og Bringa gjeng upp og ned.

— No gjeng eg inn og dansar, seier Asbjørn. Gjer de det same! Sovore er altfor uhuglegt.

Ho høyrer ikkje kva han seier; det rykkjer i henne, med det same han gjeng ut gjenom Døri; ho vil fylgja med, men eg held henne fast med Augo, og ho set seg att. Eg kjenner kor rædd ho er, — det er fyrste Gongen me er aaleine; eg freistar røa som fyrr, og ho vert litt um Senn meir roleg.

— Det er underlegt med oss som er fødde paa Vrangsida av Livet, seier eg. Me kjenner oss heimlause og fredlause kvar me er. Er me saman med mange, likar me oss ille og vert tekne av Manna-Hat, og er me so aaleine ei Tid, lengtar me etter eit Menneskje . . .

— Du hev visst havt det vondt? kom det fraa henne, stilt og mjukt.

— Aa visst ikkje verre en mange andre. Livet er ein fæl Leik. Me spør og spør den Mannen, som hev skapt oss, kva han meinte med det alt, og det einaste Svar me fær er dette: Du hev ingen Rett til aa spyrja! Du er som det vesle Sandkorn ved Havstrandi; du vert burte i Heimsens myrjande Mengd. Og veik og vesall er du som den minste Makk. Naar du reiser deg mot Herren yver alle Heimar og krev Svar, fær du berre det gamle som Job fekk: Kvar var du, daa eg grunnfeste Jordi? Kven reiste Stol-

parne, elder la Hollsteinarne, daa Morgonstjerna song og alle Ljos-Englar kvad av Sæla? Var det du? Hev du vore i Hels Rike, elder hev du set Portarne i Daudeheimen? Og daa du ingen Ting veit, du Makk i Mold, er det deg til evig Sæla um du teier . . . elder eg skal forfylgja di Sjæl med myrke Skuggar, so du ropar etter meg av di djupaste Naud!

Eg kunde hava Hug til aa gjera Uppreist mot denne strenge Herren . . . Han rykte me tidleg upp av heimleg Jord og sette meg i ny. Ein Dag, daa Svik og Satans Magt hadde øydt alle mine Voner, tok eg til aa lengta heim att. Det song i meg Morgon og Kveld som av ein Langeleik med mange Strengjer. Eg saag den friske Bjørkeskogen attanfyre Husi heime, der eg sat og skar meg Fløytor, der nede var Bekken, der eg bygde meg Sag og Kvern, og tett ovanfyre var det eit lite Djuv paa Lag som her, der var Fossegrimen heime.

Eg reiv meg laus fraa Staden og vanka vide ikring i mange Dalar, til Slut kom eg hit, og tenkte at her kunde eg una . . . eg fekk meg stundom til aa tru, at her var det eg hadde svive kringum som Barn . . . no hev eg gjenge her i lange Dagar og leita etter dei Gullterningar eg leika med . . .

— Og du hev ikkje funne dei?

— Nei, nei, dei er burte for alltid. Tankarne er like graa og like vonde som dei var fyrr; um Dagen

fer eg fredlaus ikring i Skogarne elder driv upp og ned i Stova, utan aa kunna gjera noko, og um Natti lengtar eg etter aa sjaa livande og ikkje daude, og eg er rædd for aa sovna . . .

— Du som nyleg sa, at du hatar Menneskja?

— Eg er under Bann, Aashild, nettupp difor lengtar eg etter det eg hatar . . . den store Heimsens Styrar vilde meg vondt.

Det er ei gamal Segn, at det ein Stad livde ein einaste Mann, daa den store Drepsotti hadde gjenge i Bygderne. Han gjekk fraa Gard til Gard, fraa Bygd til Bygd, men fann berre dei svarte Lik elder dei grinande Daudehovud . . . og ville Dyr. Ein Dag saag han eit Fotefar etter eit Menneskje, og daa vart han so glad, at han la seg ned paa Jordi og kyste det. Fylgde det so lenge og kom til ei Stova, der rauk det or Pipa, — han gjekk inn og fann ei ung Gjenta.

Eg hev leita lenge, eg leitar enn, og dersom eg finn eit Menneskje, eit stort Menneskje og eit godt, eg vilde leggja meg ned og kyssa Jordi der det hadde gjenge! Men det er ein Daare-Draum!

— Eg veit ikkje kva du meiner med eit stort Menneskje og eit godt Menneskje?

— Det store Menneskje er det som hev lide mykje, hev kjent Heimsens Sorg og beiske Kvide, den usæle, som leitar etter dei nye Vegar, som anar dei, men som

ikkje sjølv kan gaa dei. Og dersom det daa likevel ser upp mot Himmelen i Tru og takkar for Livsens Gaava og gjer Guds Gjerning, so er det attaat det gode Menneskje.

— Og slikt eit Menneskje hev du aldri set?

— Aldri. Alltid hev dei livt i seg sjølv og for seg sjølv. Dei «store» Menn mest. Aa Gud, kor Verdi lengtar etter eit slikt Menneskje! Kvar Tid hev sin Messias, me ventar enno paa vaar. Kanskje det vert ei Kvinna!

— Eg trur paa honom som er komen, seier ho.

— Han var Frelsar for *si* Tid og for dei Ætter, som *daa* leid. Han løyste dei Spursmaal som *daa* brann i Manns-Barmen, og skapte ei ny Tid . . . ein Gullalder med Blodvitne i tri hundrad Aar. Men no hev det paa nytt floka seg saman i tusund av Spursmaal, som ingen kan løysa, utan han som er av Gud . . . kvar Gong det kjem ein som kunngjer ei Sanning elder ei Lygn, er det straks nokre som flokkar seg um honom og meinar, at no er Messias funnen, til hans Tankar syner seg tome, og han sjølv liten og vesall. So vert Hjarto kalde, og Hugen sloknar, og alt tærest burt i Tvil; men under Tvilen brenn endaa Voni um den nye Himmel, den nye Jord og den evig unge Gud...

Ho sit og lyer; eg ser det paa henne, at ho kjenner seg trygg der eg er, og ho gjer ikkje Mine til aa

reisa seg, daa Lampa held paa aa gaa ut. Men eg reiser meg og seier til henne, at no vert det altfor kaldt aa sitja der ute. Me gjeng inn saman.

Halte-Andres sit og gnikar paa Fela si, og Ungdomen svingar seg i Dansen. Asbjørn Kamben er no so drukken, at han snautt kan staa. Han er god Kar og eglar seg inn paa ein av Husmansgutarne. Guten tek honom og set honom ned paa ein Benk, so det knakar i Bein og Bunor.

I det same slær Klokka tolv, Halte-Andres spelar den siste Slaatten, legg so Fela i Kassa, og Dansen er slut.

Aashild kjem og gjev meg si mjuke, varme Hand til Godnatt.

---

## II.

Eg lokkar og forvillar.

Eg byrjar tala til henne um Himmel og Solskin og endar med Myrker og Helheim, og mine Ord leikar med alt som ligg imillom. Eg diktar upp lange Sogor for henne og blandar beiske Sanningar i dei, eg fortel henne um korleis Livet er i den store Heimen, um Rikdom og Høgferd, um Glans og Glim i gyllte Salar. Um Naud som skrik til Himmelen um Hjelp, og um den dauve Gudfader som sit og berre ser paa. Um Brot som aldri vert straffa, og um Born som fær lida for det dei aldri hev gjort, — alle dei Helord som i Manns-Barm verkjer, mengjer eg saman og gjev henne.

So fær eg gjera ei Prøva paa Mannaætti, paa Heimsens Styre og paa Guds Meining. Eg hev grunda og gruvla paa det i mange av mine Aar. Eg hev lese det dei vise hev sagt, hev fare gjenom store Tankeheimar; men det var gamalt Tygg og gamle Hendingar, berre

—

sette saman paa ny Vis . . . no vilde eg so gjerne skapa ei ny Hending, og sjølv laga meg mine Ord.

Men det er stygt, seier dei smaa, aa freista Sjæler til det Vonde berre for aa prøva, — det er so stygt, at det er reint utrulegt, det er Uppreist imot Gud.

Dei skulde berre vita, dei smaa, kor godt det er aa gjera vondt, naar det bid dei som hev gjort vondt mot ein sjølv . . . det er det som gjer, at ein god Engel kan ofra evig Fred og Sæla for Satan aa verta . . .

Eg hev Age for den Mannen. Ikkje av di han var so klok, men for det han hadde Mod, det største, aa kunna reisa seg imot Gud, endaa han trudde han var til, og imot Guds Meining, endaa han henne forstod, medan det vesalle Menneskjet ikkje torer reisa seg mot ein Gud det aldri hev set, og talar med Angest og Otte um ei Meining som likjest Myrkret seint um Haust.

Aa nei . . eg likar ikkje den Vonde helder. Han er gamal no, so det Vonde er vorte honom ein Vane, Hjarta hans er hardt av Urett, so han ikkje lenger tykkjer Synd i dei Sjæler han piner. Og kva stort er det daa i aa pina dei lenger? Hadde det kje vore det, kanskje eg hadde gjort honom til min Hovding og Herre. Og er det ikkje sant, at han piner nokon, kva skal me so med honom?

No vil eg sjølv skapa meg min Herre . . ein ny Gud med bankande Hjarta, som høyrer og ser alt og

## III.

Den fyrste Gongen eg saag henne, tenkte eg ho vanta Vit, og ein Dag ho stod uppaa Kambenuten og bles i Langeluren sin, tenkte eg ho klaga seg for Gud, at han hadde gløymt aa gjeva henne Sjæl.

Og naar eg ser korleis alle mine svarte Tankar sprett attende mot meg sjølv fraa hennar ljose Smil, spør eg meg sjølv: Ho skulde daa vel aldri vera faavis? For eg skynar, at er ho likso grunn og likso huglaus som alle dei andre, so er det ikkje Tak aa faa, daa er heile min Freistnad Daare-Verk . . . daa maatte eg taka henne paa same Maaten som Mr. Wattson hev teke Sigrid.

Naar eg sit og talar aaleine med henne, og ho sender meg den vænaste Smilen sin imot meg, so skjelv eg mest av Otte, at ho skal koma med eit Svar som syner at ho er utanfyr den heile Tankering. Men alltid syner ho, at ho er med, naar eg daa elles talar so det er Meining i det. Stundom gjerest eg paa og vasar, og daa seier ho beintfram: Nei, dette skynar eg ikkje!



Kvar Gong eg møter henne, er hennar Panna rein og ljos, og Augo lyser med same himmelblaa Glans. Um der nokon Gong hev vore Skyer i den Hugen, hev dei drive burt, under ei Sol som eg ikkje kjenner. Ho ser so ope og endefram paa meg, og ventar berre aa faa høyra noko nytt um dette svarte Livet. Og so er me med ein Gong inne i dei store Spursmaali.

— Eg bryr meg ikkje vidare um kva dine lærde Menn seier um det elder det. Er det ikkje so, at dei seier eitt i Aar og plent noko anna eit anna? Og um der daa er ein i Aar som provar, at det ikkje er Meining i Livet, kan det koma tvo næste Aar som provar, at der er . . . det gjeld berre for oss aa finna henne.

— Men det er ikkje det det stend paa, seier eg, daa vilde det vera Lærdom og Vit det stod paa. Det gjeld um kva du sjølv tykkjer, *du* for din Part, um *du* kan greia ut, kva som kjem ditt eige Liv ved. Sjaa no t. D. . . . du hev fenge mange Lengslar etter alt som er stort og reint og fagert; men Gud hev samstundes stengt for deg paa alle Kantar, du kan ikkje fylgja din Hug . . . men Lengslarne piner deg, grev deg som Ormar . . . kunde so ikkje Gud likso gjerne lete vore aa gjeva deg desse Lengslar.

— Um det kan eg ingen Ting vita, fyrr mit Liv erført til Ende, svarar ho. Og desutan — dersom det er sant, at Verdi er stygg, og dei store Byar eg

lengter etter er fæle, so skynar eg alt no, at det ingi Sæla vilde vera for meg, um eg kom ut.

— Det trur eg snautt det vilde verta; men nettupp difor er det so meningslaust, at du lengtar. Og det er ikkje berre du, — ei Mengd Ungdom sit i sine Dalar og grammar seg, at dei er innestengde, drøymer ville Draumar um Livet der ute, og gjer Livet heime myrkt og surt, kva Meining er det i det?

Ho sit og drøymer med store Augo, og høyrer ikkje kva eg seier. So stansar eg, reiser meg og ser ut igjenom Glaset. Maanen stend rund og god midt paa ein blank Himmel, Snjoen lyser drivande kvit yver Mark og Fjell, alt er so stilt og fagert som Dauden sjølv . . . ingen Sus fraa Bekk, ingen Vind gjenom nakne Tre. Og den gamle Stoveklokka eg fekk hit fraa Kamben hev eg stansa, av di eg ikkje kunde lida aa høyra henne pikka.

— Ung Sylvelin, seier eg, du drøymer um den store Stad?

— Ja, seier ho, det maatte likevel vera godt aa bu der og vera med i alt det store og fagre der er . . .

— Kva er den store Stad? Ei Myrja med Hus, det eine klint inn paa det andre, smaa Gil imillom, der ein berre ser ei Stripa av den ljose Himmel . . . gjenom kvart Gil sig ein evig Straum av tviføtte og firføtte Dyr. Dei tviføtte søv i 8 Timar, arbeider i 8, og skrav-

lar i 8, dersom dei daa ikkje hev lært den store Kunst aa teia. Men *den* lærer dei aldri.

Eg hatar Staden, av di han skjer alle Menneskje like smaa . . . dei tusund Smaating vert heile Livet. Alle Tankar sviv um Stolar, Bord og Sengjer, um Potteblomar, um Band og Boror, Kjolar og Hattar . . . alt sovore kan gjera desse Born glade for ein heil Dag, alt til dei gaar aat, at dei vantar ein Knapp elder ein Krok, — daa græt dei og tykkjer at heile deira Liv er forspillt.

— Eg lengtar ikkje etter aa sjaa sovore, seier ho, men etter aa høyra og lesa.

— Lesa kan du her og . . og kva vil du høyra? Du vil høyra store Menn og Kvinnor tala aandfullt og forvitnelegt um store og forvitnelege Spursmaal?

Herre Gud, veit du ikkje at det er imot »god Tone»? Du vil høyra Folk seia si Meining? Du all Verdi, — det er ingen som hev nokor Meining . . . den Mannen som hev det, vankar ikkje hjaa bra Folk, for dei bra Folk toler aldri andre Meiningar en dei som dei hev laant av Husguden. Jattar du med dei i alt det, so gjeng du Guds Vegar!

Du seier du gleder deg til aa sjaa Kunst . . . Herre Gud, kor lenge vil den Sæla vara? Kva er det alt saman imot Livet? Ei Kyr som stend og glor paa ein raud Vegg . . . kva Hugnad er det i det, eg meiner

naar det ingen Tanke, ingi Meining er i den Kyri? Naar der ingen Ting er som rører ved vaar Sjæl?

Du vil høyra Vismenn tala?

Papirblomar kjem dei med. Utan Blod, daudt og stivt. Talar lenge og væl, um Ting du ikkje bryr deg um aa vita; men um dei Spursmaal du kjærer deg um, gjeng dei ved at dei ingen Ting veit.

All Heimsens Visdom er som ei stor, gremmeleg stor Steinrøys . . . um du grev i henne all din Dag, du finn snautt eit so stort Gullkorn i henne som du kunde hava i Auga ditt! Og seier du di Mening um dette, so er du ein Villmann. Age for dei gagnlause Steinrøysar!

Eg klær av deg alle dei væne Draumar, Sylvelin! Sorgtyngd spør du meg, kva Hugnad er det so i aa liva?

— Nei, kven hev sagt deg, at Livet skal vera Hugnad? Han hev narra deg syndleg.

Livet er ein tung Gang yver den store og endelause Tornemo . . . du riv deg titt til Blods for aa plukka ei Rosa, som blømer idag og imorgo vert kasta i Omnen. Og aldri bør du vona, at du nokon Gong kjem inn i Hagen der det berre er Rosor. Naar me ikkje er meir, skal me vel vanka vidare ikring paa den endelause Mo . . .

— Du maa ikkje meir no, seier ho, elder so ramlar det for meg alt saman. Eg vil ikkje vita av dette

svarte Syn . . . eg trur paa Gud, og eg vil tru paa Meining i Livet og paa alt som er godt . . .

— Du *vil,* ja, det trur eg sagte. Eg og vil. Sjølvsagt vil me det same alle. Men me *kan* ikkje, av di det er sume av oss som Livet hev ført til Enden av alle Tankar . . . det er det same som aa vandra gjenom Skuggarne i Daudeheimen. Du er ung, du er rik, du er væn . . . som ein Engel ser eg deg stiga paa den kvite Snjo. Du eig ikkje *ei* sviki Von, ikkje *ein* brosten Draum . . . kva Sak er det for *deg* aa halda Auga ditt ljost?

Men hadde du vandra gjenom Hels Rike og likevel trudde paa Gud, daa skulde eg falla ned paa mine Kne og takka deg, av di du hadde synt meg, at det er Allmagt i Ljoset, og at det finst eitt sant Menneskje . . . og Menneskje-Aander som Utstraaling av den evige Gudesjæl, Heimsens Kraft i all den myrjande Mengd av Solgrann!

Ho teier og ser ned, men eg kjenner med meg sjølv, at ho ynskjer og bed, at ho maa kunna vitna for meg, um ho so skulde tapa all si Lukka.

For ho er so ung og so sterk, ho veit ikkje enno kor tungt det er aa liva, naar alle Stjernor er sløkte; kor umogelegt det er aa døy, naar ingi Von kveikjer Ljoset i andre Heimen. Naar Daudevinden syng Salmarne gjenom skume Heimar, der ingen Dag skin . . .

— Du sæle Sylvelin, Godnatt!

---

## IV.

Ho kjem innum ein Kveld ho hev vore nedi «Byen», og me sit i Nystova og talar saman.

— Du er sterk og frisk, Hein, og du er rik, er det so ikkje Synd av deg aa klaga?

— Eg klagar aldri. Kven skulde eg klaga for? Men eg seier det eg meiner um Gud og Heimsens Styre.

— Ja, men det er stygt av deg . . . du hev det godt, og det finst so mange Millionar som hev det vondt.

— Hev du Hug til aa høyra, kva det er gjort mot meg og mine?

— Det vilde eg gjerne . . . fortel det alt!

— Alt kan eg ikkje fortelja no . . . men noko i Kveld og noko ein annan Gong. Ser du, Far min hadde ein god Ven . . . han var girug og samla seg mange Pengar, medan det gjekk nedyver med Far. Kornet fraus for honom, snart miste han ei Kyr og snart ein Hest, og kom soleis i Gjeld. Han laante Pengar av den

rike Venen sin . . . Det eg minnest best er det bleike Andlitet aat Far min, og Graaten hennar Mor . . . eg minnest so væl ein Vaardag. Vetteren hadde vore kald og lang, og ut paa Vaarkanten var me i Naud for For og Mat. Eg og Syster mi skulde ut um Morgonen og risa for Kreturi — ein solfager Morgon. Me gjekk paa Skaren upp igjenom Bakkarne, og so fekk me samstundes Auga paa ein grøn Flekk. Eg vart so glad, at Hjarta hoppa . . . me kappsprang burt aat Taaflekken, me vilde setja oss der og kjæla den grøne Groren, daa me vart var tri stygge Ormar som laag og sola seg. Graatande sprang me heim att til Mor, og ho tok og til aa graata, daa ho hadde fenge Greia paa kva det var me skreik for. Ho visste so væl, at det varsla vondt for oss alle, og serleg daa for oss tvo. Far hadde gjenge som ein Skugge heile Vetteren, og nokre Dagar etter me hadde set Ormarne, kom det fælt mange Folk til oss, for daa skulde Garden seljast, Buskap og Heimel og alt me aatte.

Folk var so underleg stille og bljuge, minnest eg, det var plent som dei skjemdest. Fyrst daa Lensmannen kom, vart det meir Liv i Stova. Ein stor, feit Mann, eldande raud i Andlitet, med store Posar under smaa Griseaugo. Ein godlidande og morosam Mann . . . eg tykkjer eg ser honom enno, der han stod inn med Bordet

med Hamaren i Handi og skreik: Bjod det de vil, bjod det de vil!

Alt vart selt, Rubb og Stubb . . . og det var Fars beste Ven som hadde drive det til Auksjon. Me flutte til ei onnor Grend, der fekk Far i Gang ein liten Handel. Det gjekk godt, men Far kunde ikkje una der. Det var hans Meining aa tena so mykje paa eit Par Aar, at han kunde taka att Garden; men det vart for lite han tente . . . so flutte han til Storstaden og fekk i Gang ein liten Handel der, ute i ein Utkant . . . i Fyrstningi saag det ut til aa gaa bra. Men so kom det ein Kaupmann til i same Gata, og Handelen vart mindre. Far og denne Mannen lest elles vera gode Vener og skreiv paa for kvarandre; men so var det ein Gong at Far ikkje kunde greia Vekselen til fastsett Tid . . . Banken vende seg til Kaupmannen, og han negta aa betala, av di Underskrifti skulde vera falsk. Far vart klaga, han negta, han gret, han bad, at dei vilde lata honom vera, men han vart likevel sett under Tiltale, og Juryen, Folket sjølv dømde, at Far var saka, og han maatte gaa i Fangehuset eit heilt Aar. Det var so fælt, at det ikkje kan forteljast . . . Mor og Far sat uppe heile Næterne og gret. Og det var ikkje slut med at Far kom paa Straff, Handelen vaar gjekk yver Styr, dei kom og tok Vara i Budi, dei tok vaare Stolar, vaare Bord, og kasta oss

sjølv til Slut paa Gata, og me flutte inn i eit lite myrkt Kot med det vesle dei hadde leivt oss . . .

So var det berre ein Veg aa gaa: til Fatigforstandaren; men det vilde ikkje Mor, og so la me oss til, la oss sorggjevne til aa venta paa Dauden. Men den Mannen kjem aldri, naar ein treng honom mest . . . Syster mi vart elles sjuk, og daa var det plent som Mor vakna att. Ho sende meg til Pantelaanaren med nokre Ringar og Sylgjor dei hadde leivt oss . . . Doktaren kom til oss, og han fekk daa til Slut vita, korleis det stod til.

Han skjemde meg, av di eg la meg til paa den Maaten, ung og frisk som eg var, gav meg nokre Klæde og lova aa faa meg Plass som Visargut. Eg fekk vera hjaa ein snill Storhandlar, og med den Løni eg fekk der slo me oss igjenom, so me ikkje svalt ihel.

Daa Far kom or Fangehuset og fekk høyra korleis alt var tilgjenge, og sjaa kor me hadde det, vart han skymeleg harm, han skar Tenner, han forbanna Gud og svor Hemn. Det er det gruvelegaste eg hev høyrt. Mor gret og bad honom taka til Vitet, men det hjelpte ikkje . . . det var plent som Far ikkje brydde seg meir um Mor og Syster mi. Han bad Velliva med oss, vilde ikkje seia, kvar han reiste av. Eg fylgde honom ut paa Gata, og der maatte eg sverja ein dyr Eid, at eg ikkje skulde gløyma, kor mykje vondt han og me

alle hadde lide. Dersom eg ikkje kjem attende, veit du korleis det hev gjenge meg, og daa skal du taka Hemn yver dei tvo, som er Skuld i alt, du veit kven det er, sa han. Eg hev sidan spurt, at han kom til Heimstaden sin og raaka den Mannen som eingong hadde vore Venen hans. Far bad honom um Hjelp, men Venen var hardhjarta og girug, og sa han ingen Ting kunde gjera for honom.

Eg stansar her ei liti Stund og ser paa henne.

— Aa, kor det var stygt av den Mannen! seier ho.

— Det hev du Rett i, svarar eg. Storleg Rett. Morgonen etter fann dei Far i Falkedjuvet, sundslegen og blodut . . .

Aashild reiser seg, kvit i Andlitet. Ho vil tala, men fær ikkje upp Mælet. Til Slut fær ho fram millom tunge Andartak:

— Men var . . . daa Far din . . . Far din Eivind Vegard . . . som . . . som stupte seg utfyr Falkedjuvet?

— Sa eg Falkedjuvet?

— Ja, elder høyrde eg so gale?

— Sa eg det, mistala eg meg. . Svartedjuvet heitte det — elles likjest det Falkedjuvet.

Ho set seg atter og dreg Pusten langt og tungt.

— Gud vere Lov, at det ikkje var som eg tenkte!

Eit Aar etter kom det ein Prest til oss . . . han kom med ei Helsing fraa ein arm Syndar, sa han.

Den Kaupmannen som hadde skulda Far for Falsk, hadde fenge Helsott, og fyrr han døydde, tilstod han, at han sjølv hadde skrive Namnet paa Vekselen, men han hadde gjort Skrifti si ukjenneleg, at alle Vegar kunde staa honom opne. Daa Vekselen kom, visste han, at han kom til aa spela upp, um han skulde ut med Pengarne nett daa . . . han hadde Kona og Born, og so hadde han valt aa ofra Far.

Eg lo den Gongen eg høyrde det, minnest eg, lo yver at der skal vera ein rettferdig Gud . . ein Gud som er blind og dauv, naar skuldlause vert dømde . . .

— Men Kaupmannen fekk daa sin Dom?

— Ja, men kva gagna det Far? Og so denne andre Mannen, som er Upphavet til alt det vonde som hev hendt oss? — Ja, *han* sit tryg og roleg paa Garden sin som ein Konge, utan aa kjenna minste Sjælemein. Men eg *skal* raama honom!

— Men din Far og du, kva vinn de med at du hemner deg?

— Min Far ynskjer det, krev det . . . det er meg nok. Han sviv fredlaus ikring i det Land der alt er skumt. Fraa Stad til Stad vimar hans fredlause Sjæl, han er hjaa meg um Næterne . . .

— Eg tenkte det var ein Draum du fortalde?

— Nei, det var ingen Draum. I minsto er *eg* viss paa at han er her . . eg hev set honom og tala til

honom, han svarar meg aldri, naar eg spør, kvifor eg skal gjera det, synest berre aa kviskra: Hemn! Hemn! Soleis raar eg daa ikkje yver mitt Liv, og maa gaa dit eg ikkje vil; ein sterkare driv meg.

— Gud hjelpe deg, Hein, dette er av den Vonde!

Ho seier det so aalvorleg og høgtidleg, at eg maa draga paa Smilen. So seier eg, i det at eg gjeng upp og ned etter Golvet, og ho fylgjer meg med Augo:

— Ja, det er det visst. Hev du ikke set, Sylvelin, at mine Augo gneistrar av Harm og Vreide og vonde Tankar? At min Hug er forherda, at eg hev berre Vaabøner yver dei som gjorde oss Urett, og yver alle dei som er rike og hev det godt?

— Men du er sjølv rik, Hein?

— Ja, kor langt kunde eg koma utan Pengar? Imot Lovi maatte eg daa forbrjota meg. Men hev ein Pengar, kan ein gjera Brot utan aa faa Straff. Naar eg hev naatt Maalet, skal eg gjeva burt alt eg eig, um der er nokon som kan verta sæl av Pengar.

— Du er ikkje so ill og vond som du gjer deg, seier ho. Ikkje noko Menneskje kan verta so vondt.

— So du trur det? Du skynar det ikkje, din Hug er ikkje forherda, det er min.

Og likevel er det stundom som høyrer eg Tonar langt, langt burte. Dei kjem med Ljos til meg som

sit i Myrkret, og med mjuke Lengslar i Fylgje, etter alt som er reint og godt.

Det dirrar langt, langt burte som ei Mors Bøn for den fortapte og fordømde, det stig upp ved Guds Stol, og for den store gruvelege Lagnad innmed honom. Men dei rister paa Hovudet, fyrst Lagnaden og so Gud . . dei tykkjer ikkje Synd i meg, og eg vert hard som den Vonde sjølv. Kvi er eg lagje til aa verta usæl? Kva vondt gjorde eg fyrr eg vart til? Og dei fagre Tonar eg høyrde sloknar i Graat . . . kva er det so att for meg, anna en aa lyfte mi Hand og forbanna, forbanna dei Magter som øydde mitt Liv!

Og so *maa* eg gjera Samlag med alt som vondt og usælt er. Eg hev set meir en Skuggen av den Vonde . . . han sat og skar Tenner og reiv Bringa si til Blods, han trampa i Golvet, so heile Helvite skalv! Men bunden sat han, medan Eiter og Varme draup inn i hans Sjæl . . .

Eg hev Medhug med den Mannen. Ikkje av di han er vond, for det kan ein Vesalmann og vera, men for det han. er den mest usæle av alle, og difor den største.

— Uh, seier ho, eg frys . . .

— So hev min Hug vorte, at eg held med alle dei som hev det vondt, anten dei hev Urett elder Rett. Og eg hatar alle desse Sundagsmenneski med det

evige Smil yver ei vælsteld Verd, fraa den ørvesle Læraren i Dygd og Sanning og heilt upp til Erkeengelen St. Michael . . .

Er det dette gode som er vondt, og er det mitt vonde som er godt? Eg tykkjest mang ein Gong, at det vonde er betre en det gode.

— — Ho tek meg graatande i Handi, og med lutande Hovud gjeng ho nedyver Vegen.

---

## V.

Den gamle Bjørnen paa Kamben hev fare til Staden paa Marknaden, og Asbjørn vil halda Lag for Venerne sine. Han hev røtt um det so lenge, men ikke vaaga seg til aa spyrja Faren. Eg hev laant honom Pengar og talt honom til. Eg vonar Gamlen fær det aa vita, naar han kjem heim att.

I Kveldingi tek eg Skierne mine og renner burtyver Aasen. Snjoen er stor, men lett gjeng det likevel med dei fljote Folarne, medan Maanen smiler stor og kald nedyver dei kvite Marker. Snart stend eg i Kambe-Tunet og spretter Hestarne mine fraa; Asbjørn kjem ut og fylgjer meg inn i Nystova, der Gjesterne alt er samla.

Paa Veggjerne heng Tjeld som er tekne ned or Loftet og Stova avanpaa, elles er Romet prydt med Flagg, som Aashild hev laant saman nedanifraa «Byen».

Eg ser ho hev i eit og alt gjort soleis som eg raadde henne til.

Berre Ungdom og ugifte Folk er bodne. For fyrste Gong etter Heimkomar-Ølet paa Vegard ser eg atter dei unge Møyarne nede fraa Dalen . . . det er ikkje likt til at dei er tykne elder arge paa meg som fyrste Vikorne etter, daa dei vrengde med Augo, naar eg gjekk framum dei utan aa helsa . . . tvertum seier dei Godkveld og Takk for sist, som skulde eg hava vore ein gamal god Ven. Eg bukkar stivt og mæler ikkje eit Ord.

Aashild kjem likfram og venleg imot meg og helsar meg med sin gode Smil. Eg legg Merke til, at dei bisnar paa oss alle. Fint og adelegt fører ho seg, seier aldri for mykje, helder ikkje for lite, og den fagraste er ho av alle Møyar.

— No, er du nøgd med Stova soleis? seier ho.

— Det er væl gjort alt saman, seier eg. Du er flink, Aashild.

Ho smiler som eit Barn, naar Meisteren rosar det. Og so kviskrar eg stilt til henne: «Og so fager som du sjølv er!»

Eg ser kor vænt ho raudnar, men ho slær ikkje Augo ned. Ho smiler til meg og seier:

«I Kveld maa du vera glad, Hein, som ein av oss andre!»

— Eg bryr meg ikkje um aa vera lik dei andre, seier eg. Men for min eigen Part vilde eg gjerne vera glad, um berre ein einaste Kveld.

Ho gløymer det ho hev aa gjera som Vertinna, og me set oss i ei Kraa for oss sjølve og byrjar røa. Men det er ikkje som fyrr . . . alt hev ein ljosare Let. Eg skynar, at ho finn meg ung og ny, ho hev so lenge set meg beisk og tunglynd, at ho mest ikkje kan tenkja meg annarleis.

Asbjørn vil ikkje lata os vera i Fred . . . det er ymse Ting ho skal gjera, — snart skjenkja i Vin, og so sjaa inn i Gamle-Stova, korleis det gjeng med Kveldsmaten.

Medan ho daa er burte, kjem ein og annan av Gjesterne og skal røa med meg. Ein Ven av Asbjørn, Son til Lensmannen, ein lang og lealaus Laban, som fire Gonger hev stroke til Studenteksamen og no skal verta Skodespelar, kjem fyrst og fortel, at det er keidsamt i sovorne Bondegjestebod som dette, serleg i Fyrstningi. Folk sit som klistra til Veggjerne, som dauve og dumme . . . me Nordmenn er i det heile stive og lite umgjengelege, og Bønderne, uh . . .

Soleis held han paa ei lang Stund. Eg seier berre Ha og Ja som eit anna Mæhæ; men Styvingen skynar ikkje Meiningi og driv paa, verre og verre. Eg ynskjer, at eg var dauv som ein Stein. Til Slut kan eg ikkje halda meg.

— Gud velsigne eit Menneskje som ikkje kan tala, mot eit som ikkje hev anna aa seia en Vas! seier eg.

Dette tykkjer han er knakande godt sagt. Men naar Folk kom saman soleis burde dei hava noko godt aa bera fram, meinte han, og hadde dei ikkje noko av seg sjølv, burde dei gjeva noko av andre. Han for sin Part hadde tenkt aa lesa upp eit Dikt av Byron . . . litevetta Aand maatte ein taka attaat Dansen.

Litevetta Aand attaat Dansen! Sjaa det er «Programmet» altso! Her som andre Stader.

Eg kjenner det tek til aa koka i meg, daa denne Armingen vaagar seg til aa tala um Aand; men eg teier honom ifraa meg.

Ei Stund etter kjem den eidsvorne — elder meinsvorne, som Asbjørn seier — Fullmagti hjaa Skrivaren til meg. Det er ein tjukk og flabbeleg Kar, framifraa narreleg, Brillor paa, og kvit Halsklut.

— Eg hev set Namnet Dykkar fyrr . . . paa eit Kunstsjaa. Bilæti Dykkar vart væl lika. Maalar De noko no?

Han talar so fint, at eg fær Hug til aa slaa det meinsvorne Hovudet av honom. Smeikjande, faderlegt plent som skulde det hava vore ein Lækpreikar i Kunstlæra.

Aashild kom i det same, og eg var nøydd til aa svara honom.

— Nei, sa eg, eg maalar ikkje lenger. Eg fekk ikkje fram det eg vilde, og so sluta eg.

— Det er Synd og Skade, seier han. De hev daa Talent. — Eg hev høyrt det same mange Gonger fyrr av vælvise Menn, og det kokar upp i meg heitare og heitare, naar eg høyrer denne Smeiken tala um «Kunst» og «Aand» og «Skule» og anna sovore, som han hadde lært seg til aa seia. Han hev set det siste Kunstsjaa i Hovudstaden, fortel han, og der var eit merkelegt Bilæte av tvo sjuke Bikkjor, som laag og gnog Bein paa ein Søpelhaug . . dei var so meisterleg stygge, baade Søpelhaugen og Bikkjorne, plent som ein saag dei livande for seg . . . Eg kan ikkje staa det ut aa høyra paa honom lenger, men gjeng. Eg sviv av ut i Gamle-Stova, der raakar eg Kari og Sigrid. Kari hev det fælt annvint, men er tyd og blid. Sigrid ser daarleg og hamaleg ut; ho er visst ikkje glad i Voni um aa verta Mor, ho ikkje. Ho snur seg ifraa meg, talar ikkje, lær ikkje, berre svarar Ja elder Nei, naar ein spør.

Eit Bil etter høyrer eg, at Ungdomen tek til aa dansa. Aashild kjem inn og spyrr, um eg vil vera med. Eg rister paa Hovudet.

— Du kan sitja uppaa Stova, seier ho, um du vil. Eg skal lata Fullmagti koma upp til deg, elder ein annan . . .

— Nei, ikkje *han!* bed eg.

— Kven daa? spør ho.

— Berre du, Aashild, ingen annan.

— Eg kan ikkje i Kveld . . eg hev so mykje aa tenkja paa . . .

— Men naar eg bed deg.

— Ho stend og evar seg der ute i Gangen . . eg tek Handi hennar, og ho dreg henne ikkje til seg.

— Ei liti Stund, kanskje . .

Me gjeng upp igjenom den myrke Troppi, inn paa Yverstova. Der stend ei Lampa paa Bordet, og Flaskor og Glas paa eit mindre Bord inn med Dragkista.

— Du er ikkje i Godlag lenger, seier ho.

— Nei, han kom og minte meg um det gamle Liv og um alle brostne Draumar, seier eg. No er det ute med Gleda for i Kveld.

— Men kvi sluta du med aa maala? Trudde du ikkje lenger paa deg sjølv?

— Jau, eg var viss paa eg var fødd til det. Alt fraa eg var liten, høyrde eg Tonar av Livsens store, sorgfulle Song . . og eg vilde tolka Sorgi og Angesten, Harmen og Trega og alt som tyktest meg stort og villt. Men dei raadde yver meg, som tenkte smaatt og gjorde alt smaatt. Dei drog oss ned, inn i det stygge, det mugne og graa. Alle store Tankar som kunde gripa, alt stort Verk var Usanning, av di alle Menneskje var smaa. Ikkje ein fullgod, ikkje ein fullvond, ingen Gud

og ingen Djevel. Eg var ikkje meg sjølv i dette smaa og graa, men ein *maatte* vera paa Moden, um ikkje alle Dører skulde stengjast.

Hu, kor det vart «sant» og verkelegt og keisamt alt saman til Slut! Det var plent til aa døy av. Og eg var ikkje frigjord nok til aa gjera Uppreist i Tide. Den Dagen kom, daa alle gamle Draumar braut upp att i meg, og daa tok eg til aa lengta fraa dette smaa, det verkelege, inn til den store Dag elder til den myrke, underfulle Natt. Men daa eg so freista aa skapa noko av mine eigne Draumar, var det som alt var bunde i meg, alt frose til Botnen. Harmelegt var det aa vita, at eg som kunde skapt det største, stod der magteslaus. Der laag Leiret, ventande paa Meisteren sin, og eg visste, at eg kunde hava vore Meisteren . . .

— Men di Tid kjem vel og ein Gong? seier ho.

— Nei, eg fæler, at den heilage Gloi er sløkt, seier eg; men samstundes veit eg, at det eg seier er Tufs og Tull. For den heilage Elden kan aldri sløkkjast. Er eg eit Flogvit, vert eg driven til mitt Livsverk, um so all Verdi er meg imot.

— Men du er ung enno og kan arbeida?

— Nei, det er nettupp det eg ikkje kan . . eg kan ikkje arbeida i Myrkret. Svart rullar Blodet i Aarerne mine, svarte er alle mine Tankar, svart vert alt eg rører ved.

Ho kjem burt aat meg, stend ei Stund og ser meg ljost og varmt inn i Augo. Soleis hev aldri noko Menneskje set paa meg fyrr. Eg reiser meg og tek Handi hennar.

— Aa, um eg kunde gjera noko for deg! seier ho mjukt. Eg tykkjer so Synd i deg!

— Berre det? seier eg og slepper Handi hennar.

— Meir, meir, seier ho. Eg trur paa deg, eg elskar deg. Ho legg seg upp til meg og tek meg um Halsen, og eg kysser henne. Ho smiler, so det vert ei djup Smiledokk i hennar kvite Kinn, og ho skjelv av Sæla. So ser ho meg atter inn i Augo og seier ljost som eit Barn:

— Du skal nok verta glad, Hein!

— Du er fager og god, seier eg, kanskje du kan mana burt alt som er saart og tungt.

Eg talar mange væne Ord til henne, dei vænaste eg veit aa finna. Samstundes kjenner eg ei vill Gleda i meg, som eg ikkje heilt skynar, og det syng meg for Øyro Stubbar av ei gamal, stygg Visa:

Min Gangar han traavar mot skume Skog
og yver den ville Hei,
attanfyr gaular min Granne,
for Dotter hans med meg reid, —
i Skumeheimen,
der kjenna dei meg.

Ho lo daa eg tok henne i mitt Fang,
og daa eg av Garde mun rida,
men daa me kom i den svarte Skog,
daa runno dei Taarorne stride.

Daa vreid ho so saart dei Fingrarne smaa:
Gud gjeve eg no var heime!
Daa lo det under min svarte Hatt,
so Fuglarne skoko Vengjo, —
  i Skumeheimen,
  der kjenna dei meg.

Eg held henne atter i Armarne mine og kysse henne lenge, medan eg klappar hennar silkemjuke Haar.

Daa høyrer me det gjeng i Troppi, og me set oss stilt paa kvar vaar Stol. Det er Asbjørn.

— Kor vert det av deg no att, Aashild? seier han, med det same han opnar Døri.

— Det var eg som hefte henne, seier eg.

Ho reiser seg, og me stig ned alle tri. I Gangen sviv ho av inn i Dagleg-Stova, medan Asbjørn og eg gjeng inn til Gjesterne.

Men naar me hev ete Kveldsverden, og dei andre byrjar Dansen att, seier eg Godnatt til Aashild, spenner paa meg mine Skier og renn burtyver Rantar og Rister, medan dei snjoklædde Aasar og Tindar stend høgt i den bleike Maaneglans. Eg mullar og syng:

Daa lo det under min svarte Hatt,
so Fuglarne skoko Vengjo, —
  i Skumeheimen,
  der kjenna dei meg!

---

## VI.

Me løyner oss til aa koma saman; men ho tykkjer det er for sjeldan, og tenkjer paa Utvegar, so me kan møtast tiare. Ho er fager og god, det fyrste gode og reine Menneskje eg hev raaka her i Verdi.

Eg seier henne dei vænaste Ord eg veit aa finna, og eg freistar aa leggja all den Vermde i dei som eg kan. Ho gløder stundom Hugen min, so Kulden i Hjarta gjev seg; men til andre Tider kjenner eg Hatet i meg sjølv reint fortærande.

Eg er mang ein Gong rædd for aa møta henne, for eg skynar eg maa staa paa Vakt mot alle veike Hugdrag. Det skulde sjaa vænt ut, um eg ein Dag visste med meg sjølv, at eg elska henne og ikkje kunde liva henne forutan!

Ho er so fager, so forlokkande. Det er ikkje Lyte paa henne fraa Hovud til Fot. Og ung og varm og frisk — der er Eld og Blod i hennar Kyss. Og eg veit

eg hev Magti . . . men eg veit og, at i same Stundi er eg sjølv bunden. Og fri maa eg vera, um eg skal kunna gjera min Skyldnad.

Alt i alt so harmast eg for det hev gjenge altfor fort. Det var mi Meining, at ho skulde koma upprivi og sundtrevla, forvilla av mine Runer, ikkje vitande onnor Raad i all denne Livsens endelause Jammer en aa kasta seg i *mine* Armar. Som ei mogi Frugt hadde ho daa falle ned i mitt Fang, og eg kunde daa gjort med henne etter min eigen Hug.

Men no kjem ho av fri Vilje, sorgfull, men ikkje forvilla, og tilstaar at ho elskar meg, med Uskuld i Augo, rein i Tankar, i Ord og i Andlit. Skulde verkeleg det gode vera sterkare en det vonde? — Alltid skal eg verta yvervunnen. Daa eg var god, og dei som streid imot meg vonde, daa tapa eg. Skal eg tapa no og, daa eg hev vorte vond?

Ho trur framleis paa Gud og paa det gode i Livet. Ja, ho trur jamvel, at *eg* i Grunnen er god; eg hev berre livt so lenge paa Skuggesida av Livet, at min Hug er frosen til Is; men eg er ikkje fandengjeven, eg berre læst so.

Og naar eg tenkjer det væl yver, hev ho vel noko Rett. For *var* eg so vond som eg gjerne vilde vera, so maatte ho, den reine og gode, kjenna Angest for meg og gruva seg for meg. Elder lit det gode so

trygt paa seg sjølv, at det aldri ræddast aa gjeva seg i Kast med det vonde?

Eg maa no fyrst og fremst syna henne, at eg er vond all igjenom, at eg er hemnsjuk, æresjuk, «dæmonisk»? Og det maa vera mot *henne* og hennar Folk eg syner det; fyrst daa, naar ho sjølv møter det vonde, kan ho faa full Vissa, daa kan ho ikkje lenger negta, at det er det vonde som raar . . .

Og sidan vil eg so preika for henne den gamle lettliva Læra: Et, drikk og ver glad, for i Morgo skal du so sanneleg døy!

Elder: Plukk Blomarne, som veks ved Vegen din, snart kjem den Dagen daa du faafengt ligg og græt etter dei!

Og so vil eg seia henne, at det er Daarskap i Røyndi, aa tru og vona eit Liv etter dette. Me liver berre denne eine Gongen eit sant Menneskjeliv, alt det andre er Skugge, um det daa er; difor lat oss vera glade og kaate og gjera det ut av dette Liv som me kan!

Eg ser henne sitja og sjaa paa meg og undra seg.

— Men du hev fyrr sagt, at din Far er til?

— Berre Draum, Draum, seier eg. *Idag* trur eg ikkje meir, at me ikkje kan døy.

— Veit du so visst — og tvilar du aldri — at der ikkje er eit Liv etter dette?

— Det kan ingen vita for visst.

— Men naar du ikkje kan vita det for visst, so kan det henda at der er . . . ei endelaus Rad av Dagar og Aar og Aartusund, og ille maatte det vera, um eg idag gjorde noko eg trega paa imorgo, kanskje vilde lida for i all Æva!

— Du er enno bundi, Aashild, av Otten for Helvite, av dei gamle Draumar um Straff for det du gjer som Menneskje.

— Ja, kan henda det. Eg trur paa Gud og paa Jesus Kristus.

Lenger kjem eg ikkje med henne. Ho trur paa Gud. Det er den harde og høge Vegg, som ingen Visdom slær Hol paa.

Difor trur eg eg teier med dette. Det gagnar visst ikkje aa preika for henne denne lettliva Læra, og kanskje eg sjølv ikkje duger til det helder.

Alt mitt Liv hev slege henne ihel for meg sjølv.

---

## VII.

Lett kviler blaa Vaarluft yver myrke Aasar, Soli sig varm yver Himmelen og kallar og lokkar paa det døyande som enn eig Livsens Von. Skin langt, langt ut yver dei skogklædde Fjelli og gyller dei sylvkvite Tindar.

Vaaren syng til Siger yver dei store, frie Vidder. Der er Fuglesong millom sprettande Lauv, der er Bekkjesus i grøne Bakkar, og Dans av Kalv og kvite Lamb heime paa dei flate Bøar. Uppaa Nuten gjeng Gjætargjenta og blæs paa Lur.

Her er dei Gullterningar eg leika med som Barn. Men Barnet vil ikkje koma attende. Huglaus gjeng eg ikring dei lange ljose Dagar og lær kaldt aat det alt saman. Herre Gud, at du kunde vera so styven aa tru, at det vilde hjelpa mot Helsotti i di Sjæl! Det riv berre upp i dei gamle Saar. Det minner, det minner, um din Far, um din Heim, um Mor og Syster, um korleis

alt kunde vore, dersom Verdi hadde vore god . . . eg frys under dei gamle Minni, og vond og ill gjeng eg atter inn i Huset og set meg til med dei same svarte Tankarne eg hev tenkt dei hundrad Gonger fyrr. Vaaren syd i mitt Blod med Elskhug og Elskhugs-Gleda, og nye Lengslar vaknar, og gamle Draumar stend upp fraa Daude; men det vonde stengjer og stengjer, til eg forvillast og veit korkje ut elder inn.

Var eg galen, daa eg svor den dyre Eiden, at eg skulde taka Hemn? Og er det Galenskap aa tru, at Far hev vore hjaa meg um Næterne, hev gjenge so stilt, so stilt gjenom Døri, stade ved Sengi og banna meg burt, um eg ikkje gjer honom til Viljes?

Eg sit og grunar og gruvlar, korleis det kan hanga i Hop alt saman . . . dette um Blodhemn var nok ikkje noko som høyrde til dei gamle Tider berre . . .

— — Me hev jamt tenkt oss, at der attanfyr denne Heimen er berre tvo Heimar: ein for dei gode i evig Sæla, ein for dei Vonde i evig Sorg og Sjælebrand.

No veit me betre: det finst ingen slik Himmel, og ikkje noko slikt Helvite, som dei ville Tider hev tenkt seg upp, til Rædsel og til Løn, for aa gjera Menneskja dygdefull. Eg tenkjer meg Livet i andre Heimen som ei Vandring yver endelause Moar, djupe og skumlege Dalar, der Aanderne maa gaa igjenom, baade dei vonde og dei gode.

Og dei som ikkje var ferdige til aa døy, liver enn sitt Jordeliv: dei lengtar etter Soning, d. v. s. etter høgare Utvikling i godt og i vondt. Dei som hev lide Urett, kjem att, verkar paa ein elder annan Ven elder Skylding, so han fær Hug til Hemn. Til Slut vart det lovfest, at Brot skulde fylgjast av Straff.

Difor maa det vera, at Far støtt og stendigt ropar i meg etter Hemn. Han hev Ufred med seg sjølv, kan ikkje faa Samspel i si Sjæl, fyrr han veit, at Syndi mot honom hev fenge Straff.

Domedagen yver den gamle Venen hans vil løysa hans Sjæl . . . daa vert han ferdig med sit Jordeliv og kan byrja det nye Liv i Aanderiket . . .

Er det berre ville Draumar, avla av sjuk Lengsel etter aa sjaa gjenom den store svarte Porten me kallar Dauden?

Aa nei, eg hev set honom . . . so sant eg liver, eg hev set honom . . . og likevel tvilar eg. Ja, mang ein Gong tvilar eg, at eg sjølv er til.

— — Men medan eg sit soleis aaleine ut etter Natti, og Lampa er tendra, ser eg eit Andlit trykkja seg upp mot Ruta. Eg læst ikkje gaa det, reiser meg, gjeng att og fram etter Golvet, set meg so ned inn med Bordet, med Henderne yver Andlitet.

Daa kjem ho inn, seier ingen Ting, men tek Henderne mine burt ifraa Andlitet og kysser meg. Ho

kjem med Liv og bankande Blod, der blømer raude Rosor paa hennar Kinn.

— Men at du er so seint ute? seier eg.

— Eg var eit Erend nedi »Byen», og so fór eg beint upp Lidi.

— Den hengjande bratte Lidi . . . med alle Berg og Ufser og Urer?

— Ja, eg krabba fleire Gonger; men det gjorde ingen Ting.

— Slo du deg ikkje?

— Det er det same . . . eg er her hjaa deg.

Ho set seg, men reiser seg att og flir meg ein Pakke.

— Her er Post til deg.

— Eg finn nokre Blad og eit Brev, det fyrste sidan eg kom til Vegard. Eg kjenner Handi . . bryt det og fer det igjenom, medan Aashild ser paa meg med urolege Augo.

— Det er det same graa Liv der ute . . . ingen Messias er enno ventande . . .

Men samstundes eg seier dette, veit eg, at eg tenkjer paa noko heilt anna:

Vil du ikkje snart attende til Hovudstaden? skriv ho. Kvifor grev du deg livande ned uppe i Fjellet? Eg lengtar etter aa tala med deg . . .

Til den Staden der eg laag vaken lange, lange Næter og hadde berre eit Ynskje, eit brennande: «Aa den som kunde faa døy! Den som kunde faa døy!»

Der eg skydde Dagsens Ljos og gruva meg for Livet og rymde rædd kvar Gatehyrna, der eg ottast aa raaka eit Menneskje!

Aa nei, eg lengtar ikkje attende til Staden!

— Er du hugsjuk i Dag att? spør Aashild, ho ser eg er fallen i Tankar.

— Aa, du Sylvelin, som er so sæl, at du ikkje vondt veit av!

— Ser du ikkje Soli skin um Dagen, seier ho, at det er Vaar!

Eg lyer paa henne, medan ho skildrar Sumaren me skal faa saman, ein Sumar utan Make. Aldri tenkjer ho paa seg sjølv, alltid paa meg. Kor ulik den høgmælte skravlande Heks, som aldri var fornøgd, aldri glad. Som jaga gjenom Verdi for aa fylla sin tome Hug. Ho høyrde til den gamle Tid, og skal døy med den. Medan Ljoset av det nye leikar utanfyr Glaset hennar, og alle Sjæler syng.

— Aa der er Fred hjaa deg, Sylvelin, seier eg. Du kunde hava skapt meg ein ny Himmel og ei ny Jord, um ikkje alt hadde vore forbanna for meg.

— Eg elskar deg og vil gjera alt for deg, seier ho. Aldri kan eg syrgja, so lenge eg veit at du held av meg. Men kjem den Dagen du gjeng ifraa meg, ja eg veit ikkje korleis eg skal kunna liva! Ho græt i Armarne mine, og eg kunde mest graata med. For

livande stend Minnet for meg um den gruve kvithærde Mannen, som fer fredlaus ikring yver dei endelause Moar . . .

— Du, Sylvelin, seier eg. Eg saag idag eit Fivreld, gullande fagert . . . med rosute Vengjer . . . det fauk so frygdefullt kringum i den lette Luft.

Ein halv Time etter laag det i Vegen, iheltrøtt. Med dei gyllte Vengjer i Gruset . . . midt i Faret etter Tresko . . . det var Gro, den Gardgøya, som hadde trøtt mitt fagre Fivreld ned i Søyla. Og Gud saag det; men Gro liver.

— Aa, Hein, kva meiner du med det?

— Det var berre noko som rann meg i Minne. Sjølvsagt meinte eg ikkje noko med det.

— — Me sit der ei lang Stund og talar saman; men naar det dagast, fylgjer eg henne heim. Allting er meg so grøteleg fagert, allting voggar min Hug i Blund. Det er som Jordi var mett av søt Ange, som Lufti sjølv anda ut Elskhug. Me gjeng Hand i Hand burtetter Vegen, frammed Falkedjuvet slepper eg Handi hennar.

Paa Brotet ovanfyre Kamben skal me skiljast.

— Eg vil alltid vera glad, at eg raaka deg, seier ho.

— Aa seg ikkje det, Aashild. Mangt kan henda, fyrr Leiken lykter!

Atter kastar eg den svarte Skuggen yver hennar Gleda, og med Taaror i Augo gjeng ho ifraa meg.

Eg gjeng attende, sorgfull og tung. Naar eg ser henne slik som denne Natti, kan eg gløyma alt vondt eg leid, gjeva til Uretten og berre byggja meg ein Heim for Kjærleik og Fred.

Daa tykkjest meg Vegard so liveleg som ei Kongeborg, Himmelen er blaa, og Gud sit som den gode, snille og rettferdige Far der uppe millom alle tandrande Augo . . .

Han frir meg fraa det vonde, og signar oss baae.

Men Draumen brest:

Atter høyrer eg Duren fraa Falkedjuvet.

---

## VIII.

So nær ved aa leggja det heile ned.

Du magtstel meg, Sylvelin, med dine mjuke Ord, ditt solblanke Andlit og din reine Hug. Det kokar ikkje i meg lenger av Hemn og Hat; eg kjenner meg stundom skamfull, naar eg tenkjer paa kor falsk og fandengjeven eg er imot deg.

Difor ynskjer eg, at Enden snart maatte koma, at eg ikkje skal verta so veik, at eg svik Minnet etter min Far. Og du hjelper meg, endaa du ikkje veit um det sjølv.

— — Ein Kveld kjem ho fort inn til meg . . . ho er ikkje so mild og blid som vanlegt, eg kjenner som ein kald Gufs av hennar Ord, og eg tenkjer med det same: I Kveld hev ho noko aa *krevja,* ho og.

— Eg tor ikkje sitja, seier ho. Det var berre noko eg vilde beda deg um; men eg veit ikkje um eg tor seia det; du er so kald og hard stundom.

— So lyt du gjera som du vil! seier eg likesæl.

— Ein Ting lyt eg i minsto beda deg um, at du ikkje skjenkjer Asbjørn full, naar han er her. Han er reint galen no, og Far er vond. Sidan du er komen, gjeng det paa Tverke med alt, seier han. Garden han kaupte istadenfor Vegard, er teken att paa Odel, og han hev tapa mange Pengar paa honom. Andre Tap hev han og havt . . . og so hev du gjeve Engelsmannen Lov til aa byggja Dam i Myrkevatn. Det er imot Avtalen, seier han. Men verst er det med Asbjørn. Han hev slege seg reint i Uvyrda; naar han ikkje er her, er han nede i «Byen» og dusar og drikk. Og talar Far honom til Rette, set han seg upp imot honom . . . so fær du Skuldi. Han svor idag, at du ikkje meir skulde koma i hans Hus.

Ho talar fort, og er heile Tidi mest paa Graaten. Eg tykkjer ho veks nedetter, medan ho talar, og eg frys som yver ei sviki Von.

— Væl var det, seier eg. Eg skal aldri koma til Kamben meir. Han vil hava Strid, Far din, og Strid skal han faa!

— Aa nei, Hein, snille deg, for *mi* Skuld . . . du maa ikkje taka det paa den Maaten!

— For di Skuld kan eg ingen Ting gjeva upp . . . og vil føra min Krig til Endes. Bror din? Herre Gud, litt Moro maa han hava, og eg med. Han er elles

vaksen Kar og lyt vaaga seg sjølv. Um han vert ei Udygde, kva kjem det meg ved? Seier de ikkje alle saman, at Lagnaden raar ingen for?

— Eg vil ikkje, at du skal gjera det som vondt er . . .

— So, kva kjem det deg ved?

— Eg held av deg . . . um du saag *eg* vilde gjera noko gale, vilde du ikkje telja meg ifraa det?

— Nei, slett inkje. Manns Vilje er Manns Himmerik. Nettupp for aa syna, et eg gjer kva eg vil, byd eg Asbjørn hit imorgo og gjev honom so mykje han vil drikka . . . kva kjem det meg ved, um han vert ein Fyllefant?

— Du kan ikkje meina dette, Hein; dersom du gjer det, er du stygg.

— Stygg, ja, som den Vonde sjølv, det hev eg lenge sagt deg.

— Eg bed deg, du, freist ikkje Bror min, gjer honom ikkje noko vondt.

Daa snur eg meg mot henne, der kjem ein Villskap yver meg, som eg ikkje skynar sjølv. Blodet brusar, det flimrar meg fyre Augo, og den gamle Harmen og det gruvelege Hatet veller fram . . . det er ikkje eg som raar lenger, det er ein større og eldre som hev teke Styret.

— Eg skal fortelja deg ein Ting, Aashild Kamben;

men fyrst skal du sverja, at du ikkje fortel det att til noko Menneskje!

— Ja, det skal eg.

— Ved Gud?

— Ja, ved Gud!

— Høyr so: min Far var Eivind Vegard, som drap seg i Falkedjuvet, av di han ikkje fekk Hjelp av den gamle Venen sin, Knut Kamben.

Eg seier det høgt og seint, Ord for Ord. Ho stirer paa meg. So smiler ho:

— Du lyg, du vil berre hava Moro med meg!

— Nei! seier eg.

Det kvitnar henne um Munnen, og Augo synest veksa Ho tek meg um Armen og held meg fast.

— Aa Gud velsigne deg, seg at du lyg, at dette er ein Draum, — det kan ikkje vera sant!

Eg snur meg ifraa henne, og det er meg som høyrer eg einkvar læ. So gjeng eg upp og ned Golvet.

— Dammen skal verta ferdig, um eg sjølv skal kosta det. Kva kjem det meg ved, um Kamben reiser av? Det er berre Like for Like: eg gjer Far din heimlaus, som han gjorde min. Eg freistar Bror din, at han kan falla likso djupt som Syster mi. Naar Gud er dauv elder daud elder likesæl, so vil eg vera Gud sjølv!

Ho stirer paa meg i skræmeleg Angest, det er som alle hennar Tankar vil bresta.

— Kva vondt hev eg gjort, at du skal gjera slikt imot meg?

— Skynar du ikkje, at det er faafengt aa spyrja so? Det maatte gaa rettferdigt til daa!

— Er dette djevelsk, elder er det Galenskap? Gud i Himmelen frels meg, at eg ikkje misser mitt Vit!

Ho vert liggjande paa Golvet, kritande kvit; men ho er ikkje fraa seg, for eg høyrer henne kviskra:

— Gud gjeve eg maatte faa døy! Gud gjeve eg maatte faa døy!

Eg gjev henne Vatn aa drikka; men mitt Hjarta er hardt, eg stend der og flirer. Det er som eg aldri hadde set dette Menneskje fyrr.

Ho vaknar liksom att og ser paa meg, um det er sant. Eg stirer henne kaldt og hardt inn i Augo. Ho teier. Reiser seg. Gjeng stilt ut av Døri og ned yver Jordet. Med bøygt Hovud; ingi Klaga, ingi Vaabøn. Ho liknar dei store gamle: ho tek Krossen upp og fylgjer sin Frelsar etter!

---

## IX.

Dammen stend no ferdig og stengd, det er den rettvise — elder urettvise — Lagnad som skal senda Flaumen. Er der no ein Gud til, og er det ikkje hans Vilje, at eg skal faa Hemn paa denne Vis, kan han berre lata vera aa senda Flaumen.

Og likevel kjenner eg Otte, naar eg tenkjer paa det som skal henda, likevel spør eg meg sjølv: Hev du Rett til dette?

So spurde det aldri fyrr. Daa var eg trygg og viss, daa kjende eg det som min Skyldnåd. Hev daa denne væne Kvinna gjort meg veik, Prinsessa gjort Villmannen blaut, der ho sat skuldlaus og drøymde, med Solgeisel i sine Augo?

Og du, Far, som eggja meg til Hemn i alle mine Tankar, kvar hev du vorte av? Istadenfor din bleike Skugge ser eg no eit livande Menneskje med bankande Blod.

Aa, eg veit det, der er Mannemink i Ætti; eg er gjord av Blautegrjot. Alltid naar eg stend framfyre ei stor Avgjerd, kjem dei veike Hugdrag og lokkar meg paa Villstraa. Eg er ingen Hein, ein vesall Mann er eg, forkjæld av ein mannamild Tidsalder. Gud i Himmelen, for eit Krek du skapte, daa du dana meg! Eg tor mest ikkje hosta utan aa spyrja mitt Samvit.

Min Farfar og mine Fedrar var Slaastkjempor, so langt nedigjenom Ætti som Segni veit. Dei tok Hemn utan aa blunka, dei. Med Staal elder med Hender, ærlegt og beintfram, elder med List og svikefulle Ord, um det var naudsynt.

Dei gamle samla seg i Veitslor, drakk seg fulle, yppa Trætte og tok Kniven elder Øksi; me som no liver, tykkjer at dette er villt og raatt, me ottast Skrivar, Fut og Lensmann og Slaveri, og so gjer me det paa ei onnor Vis, so ikkje Lovi kan naa oss.

Og likevel bankar Hjarta i Bringa, og Handi skjelv.

Men eg er fandengjeven, eg hev svore den dyre Eiden, at eg vil hemna den stakars gamle Mannen som stupte seg utfyre Falkedjuvet. Lat det so fløyma! Um eg kunde, vilde eg galdra Uver fram, ein Flaum utan Like!

Heimsens Herre, Gud elder Satan, lat so Domedagen koma!

---

III.

# TROLLVER



## I.

Ho ligg og lyer og lyer, etter Regnet som silar og slær mot Toka, etter Vinden naar han bøygjer den store Bjørki utanfyr Loftet, so Greinerne skrapar i Veggen som kvasse Klør, etter Aai der ho fossar og fløymer framum Kamben, stor og vill.

Mang ei Natt hev ho lege, full av Lengsel og Sorg, gruvelege Næter hev ho vakt i stor Angest for det som eingong maatte koma. Ho livde ikkje lenger i dei væne Draumar; ho tenkte berre paa den Stundi daa Uveret skulde koma, daa Dammen skulde fyllast, og alt sopast burt i ein Augneblink. For kvar Regn-Eling tenkte ho paa den tome Dammen, som stod og venta, og kvar Kveld ho la seg, gjorde ho upp Rekneskapen med sin Gud, som skulde kvar Natt vera den siste.

Og no daa det hadde vorte eit Uver utan Like, var ho so viss, so viss, at det snart vart ute med dei alle saman. Han hadde nok ikkje rekna gale, alt laag

Likevel . . . det *er* Synd, svara Tankarne i henne, og kvar Synd maa faa si Straff.

For Jesu Skuld vilde han gjeva henne til . . . ja, den Synd som var gjord av Vanvare, elder fyrr ein var umvend. Men ho kjende seg som eit Guds Barn, og dersom ho daa vitande og viljande gjorde vondt, synda ho paa Naade, og det var den verste av alle Synder.

Ho var so raadvill og angest som ei Sjæl kan verta, der ho laag i det myrke Loftet og fælte for at kvar Stund, kan henda, var den siste.

Ho laag og bad Time etter Time. Det stilna med Vinden ei Stund, og ho bar i aa sova, til ho atter skvatt upp av ei skræmeleg Vindflaga, so Huset riste i kvart eit Veggjemot. .

Og so vart ho atter liggjande og lya. Ho høyrde atter den same underlege Ljod . . . um det kunde vera Dammen i Myrkevatn som no hadde sprunge, og det var Duren fraa den aukande Fossen, som fekk Grunnen liksom til aa skjelva?

Nei, no stilna det . . . det var altso noko anna. Skulde ho gaa inn, vekkja dei andre og fortelja kva ho ottast? Ho hadde prøvt det ei Natt; dei vart gretne og spurde, um ho ikkje var klok. Ho hadde ikkje Hug til aa gjera det um att.

Ho vilde atter beda til Gud, at han vilde spara dei den Natti og, og so vilde ho klunka paa det til

Mor si, medan dei var aaleine i Stova um Dagen. Og ho bad til Gud:

Du som stilte Stormen paa Havet, kom oss i Hug og frels oss!

Er det din Vilje, at eg skal døy, so tak meg i Famn og før meg upp til din Himmel . . . men lat meg helder liva . . . og Mor og Far og Asbjørn . . . frels oss fraa ein hastig og braa Daude!

Det isna henne gjenom Hjarta, at dei skulde døy, som dei no var, og soleis ikkje vinna evigt Liv . . . so rann Hein henne i Tankar, og ho gleid litt um Senn yver i det han hadde sagt henne, og alt det som hendt var. Tankarne flaut liksom burt, ho tok seg i det, trega; bad paa nytt, men atter gleid dei ut.

Ho hadde løynt seg heimanfraa ei Natt, nokre Vikor etter ho siste Gongen hadde tala med Hein. Ho totte ho maatte raaka honom endaa ein Gong . . . det var so reint utenkjelegt, at han kunde meina det so vondt som han hadde sagt.

Daa ho kom fram, saag ho det var Ljos i Stova, og ho høyrde Feleljod langt ned paa Jordet. Ho stiltra seg burt aat Glaset og saag inn . . . der sat Asbjørn og Hein og spela Kort, og i eine Kraai sat Halte-Andres med Fela. Glas og Flaskor stod paa Bordet, og Asbjørn saag ut til aa vera drukken. Han hadde ikkje vore heime paa fleire Dagar . . . ho fekk

sidan høyra, at han hadde vore med i eit Slagsmaal nede i «Byen», og der vorte uppklora i Andlitet, so han ikkje torde syna seg heime.

Ho stod og saag paa Hein ei lang Stund. Andlitet hans var myrkt og strengt, stundom sat han og saag innfult og vondt paa Asbjørn, stundom stirde han sorgfullt framfyre seg, og dette sorgfulle Andlitet saag ho for seg i mange Dagar etter.

Ho gjekk graatande heim den Natti; men bad samstundes, at Gud vilde gjeva honom Ljos i den myrke Hug og føra honom inn paa betre Vegar. Det fekk vera det same, korleis det gjekk her paa Jordi . . . berre hans forvilla Sjæl kunde verta frelst.

Og sidan hadde ho bede for honom kvar Kvelden ho hadde lagt seg, og ho vona ho skulde sjaa den Stundi, daa han sorggjeven vilde koma til henne og tilstaa, at han hadde fare vill. Ho rødde med honom lange Stunder i sine Tankar, ho spurde og fekk Svar:

«Korleis kunde du verta so vond og ill, Hein?»

«For det eg alltid maatte gaa og eta det vonde i meg, alltid gaa og teia. Ingen forstod meg i den Byen der mi Ætt var framand, kvi skulde eg so tala? Um eg hadde havt deg, Sylvelin, fyrr eg vart forherda . . . du hadde spreitt det alt saman, som Soli spreier Myrker og Skodd.»

Og ho skyna no og, at det vonde maatte hava sin

Gang, han maatte faa sin Vilje; fyrst *daa* kunde han faa Augo opne, naar han hadde fullført Hemnen.

Ho skyna ikkje, korleis ein so fæl Meinhug som hans skulde vendast, men ho tvila aldri paa, at eingong maatte Skiftet koma.

Medan ho laag der i Myrkret, og Regnet piska, og Vinden skok, var det henne som det langt burte rann fram eit stort Ljos . . . det rulla i Bylgjor fram mot henne, og ho vart sjølv med i Bylgjehavet . . . der sat ein Ljos-Engel paa kvar Bylgjetopp og helsa henne med Smil. Dette arme Jordeliv svana inn, og ho tyktest seg sjaa inn i det evige Land, der alle Gaator vert løyste, der alle Spursmaal fær Svar . . . hjaa Gud, hjaa Gud.

Korleis kunde ho hava halde ut all Sorgi og all Otten, utan Tru paa ei større Meining med det alt saman en den ho no saag? Utan Von um eit Liv etter dette? Ho skyna, at utan Von og Tru um Herlegdom hjaa Gud, vil alle Vegar vera stengde for det arme Menneskje, og Kjelda til all varande Elsk turka burt. Draumen um eit sælt Jordliv kan vera nok, so lenge Lukka smiler; men sjølv *daa* maa ein hava Von um Liv etter Dauden. Elles er Otten der . . . Otten for at alt skal sløkkjast, elder for ei Vandring yver endelause Moar og myrke Dalar i Daudeheimen.

Og brest alt her paa Jordi, og vert alt meiningslaust, kvar skal det daa bera av, dersom den store Voni

vert sløkt? Tome Bollar skjenkjer dei som kunngjer at me er Dyr, og berre Dyr . . .

Eingong skal det skina ein Morgon etter den gruvelege Natt, eingong ei Solvending i den myrke Vetter . . Gud gjeve, at Vaaren snart var her . . . og at eg maa liva den Stundi han kjem!

Ho vogga seg paa Ljos-Bylgjorne, og ho høyrde Song av Englar, og Himmeriks Klokkor ringde til Messe, og ho høyrde ei Røyst som song med Malmtonar:

— Sæle er dei som elskar Ljoset, dei skal ein Gong sjaa Gud! Sæle er dei som syrgjer yver Jammeren paa Jordi, dei skal ein Gong skyna den store Meining!

— — Gud vere Takk, der saag ho den fyrste Stripa av Dagen! Ho fór upp or Sengi, kleiv upp paa Kista burt-med Veggen og freista aa sjaa ut.

Eit liti Upplyse var det . . . ei smal Reit med blaa Himmel, og Regnet berre drusla so lognt paa Toka.

— Gud liver enno! Gud høyrer Bøner! Gud vil ikkje lata oss døy!

Ho mest gret av Gleda, gjekk burt i Sengi og la seg.

Og med Smil um Munn laag ho og sov, daa Mori kom inn um Morgonen og vekte henne.

## II.

Halvmyrkt var det mest heile Dagen. Skoddi samla seg nede i Dalen, sopa Markerne, dreiv upp yver Fjellsidorne, tana seg upp etter Topparne og samla seg med dei regntunge Skyer. Og regnde gjorde det framleies, Morgon og Kveld, Dag etter Dag.

Folk maatte stansa med Onni; jamvel paa Kamben maatte dei gjeva seg, daa Aakeren til Slut stod i ei Gyrma.

So sveiv dei ut og inn heile Dagen og saag paa Veret og lydde etter Vinden og Fossedµren.

Knut var den som heldt seg mest inne, og Aashild saag seg difor ikkje Kans til aa tala med Mori um det som tyngde henne. Um Morgonen tenkte ho, at ho vilde drygja til Middags, men naar Middagen kom, tenkte ho ho laut spara det til Kvelden. I Skumingi gjekk vel alltid Kararne ut; men daa fann Knut seg

til aa setja Gjorder paa nokre gamle Koppar. Soleis vart det Sengjetid, og endaa hadde ho ingen Ting sagt.

Kari hadde lagt seg, medan Knut sat inn med Aaren og røykte. Asbjørn sat inn med Bordet og las i nokre nye Blad, og der sat Aashild og, ho las i Ny-Testamentet.

Men Tankarne vilde ikkje festa seg ved Ordet . . . ho sat og grunda paa korleis ho skulde byrja. Ho saag upp fraa Boki.

— Aa nei, som det regner! sa ho.

— Ja, det er ikkje Gjerd paa sovore Ver, sa Asbjørn. Det er plent som Vaarherre vil freista, kor mykje me kan tola, fyrr me druknar.

Ho totte det var reint uhuglegt aa høyra Asbjørn tala soleis; men ho sa ingen Ting til det.

— Trur du det kan vera faarlegt . . med Dammen uppe i Myrkevatn? prøvde ho seg.

Asbjørn sette i aa læ so høgt, at Knut høyrde det. Han drog Augnebrunerne saman og saag paa dei.

— Kva er det du hegrar og lær aat no att?

— Aa, det var berre noko Aashild spurde um, som var so løglegt.

— Kva var det daa?

— Aa, det var berre noko Vas . . um Flaumen og um denna nye Dammen uppe i Myrkevatn.

Gamlen gav seg ikkje, Asbjørn maatte greia ut,

kva ho hadde meint. Han sputta burt i dei sloknande Glør, so det saud, og so sa han:

— Eg hev ikkje visst, at Kamben var nokon Ottegard . . eg tenkjer, at Filledammen deira spring fyrr, eg . . . og so reiser baade Pukkverk og Smeltehytta og Engelsmannen og heile Sulamitten aat Helvite. Lukka paa Ferdi! seier eg, sa han og lo stygt.

Asbjørn visste, at Gamlen var i Godlag, naar han tala paa den Visi, og difor vaaga han aa leggja imot, mest for Moro Skuld:

— Han er daa vel eit Menneskje, Engelsmannen og?

— Er han eit Menneskje? frynte Gamlingen. Ein Gris, ein Skarv, ei Meinkjetta er det . . . han skulde sendast paa Slaveri, skulde han, baade han og denne . . . denne . . . burt paa Vegard. Han kunde i Skundingi ikkje finna noko høvelegt Namn paa Hein, og vart difor so sinna at han reiste seg.

Aashild sat med Graaten i Halsen . . . tvo store Taaror draup ned paa Boki, og ho kunde ikkje seia eit Ord meir. Det var umogelegt for henne aa nemna Heins Namn no, for daa maatte ho fortelja, at ho hadde vore hjaa honom um Kveldarne og stundom um Næterne.

Ho totte ho høyrde Stig ute i Tunet, det slafsa i Bakken uppe med Drengstova, drog seg seint yver Tunet, fomla seg fram, rende mot ei Kjerra som der stod,

rulla og reis upp att, trampa paa Hella, og ein Mann synte seg i Døri. Ein liten krylryggja Mann med Stav . . . Halte-Andres. Han var berrhovda, Haaret hekk vaatt ned i Panna, Andlitet var bleikt som Bast, og Augo lyste med sjuk Glans. Han snaava i Dørstokken, Staven datt or Henderne paa honom. Asbjørn reiste seg fort og hjelpte Andres paa Føterne att.

— Det er eit udømelegt stygt Ver! sa han.

— Ja, det er ikkje frit for det, sa Knut, han stod og glodde paa Andres. Denne Husbonden din . . . denne . . . kan han ikkje laga os betre Ver?

Aashild kjende ho vart heit. Hjarta bibra, og Handi skalv . . . ho hadde gruva so for Stundi daa alt skulde leggjast fram i Dagen, og no kjende ho det paa seg, at Stundi var komi. Gud gjeve ho maatte faa Mod, so ho ingen Ting fordulde og soleis synda paa nytt!

Kari nøytte seg upp. Ho vart so ottefull, med det same ho høyrde det var Andres.

— Er det noko tiss burte paa Vegard, si' du kjem hit so seint?

— Nei, paa Vegard er ingen Ting paa Ferde; men her paa Kamben er ikkje trygt . . . det er best de flyt ut i Natt . . . av burt i Utløa . . . det kan henda ei Ulukka, fyrr de veit Ordet av.

— Men i Jøssu Namn kva seier du? — Det var Kari som var so ottefull, men Knut berre kaldlo.

— Kva er det for Vas du fer med? Galne Folk skulde ikkje ganga lause!

— Du kan so seia Knut, sa Halte-Andres. Eg høyrde i Natt ei Røa millom Engelsmannen og Hein . . . dei sat uppe mest heilt til det ljosna, og eg stod utanfyre og lydde ei lang Stund. Eg hev lenge havt Mistanke til den Karen, at han var betre kjend her en han vil vera ved; men eg torde ingen Ting gjeta. Han narra meg til aa gjera Eiden paa, at eg ingen Ting skulde fortelja av det eg saag elder høyrde. Men no naar Mannaliv stend paa Spel . . .

— Kva meiner du? kva er han for ein? spurde Kari og Knut samstundes.

— Han er Son til Eivind Vegard, som drap seg i Falkedjuvet!

— Det kan ikkje vera sant, Eivind hadde ingen Son i Live!

— Det er altfor sant, Gud betre oss! Og no er han komen for aa hemna Faren.

— Åa, den Farken, den . . den . . s . . s . . som kom listande hit! — Knut vart helder stam naar han vart sinna; han leita lenge etter rette Ordet, sistpaa fann han det: Den H . . Helviten, den Helviten! Her kom han med falskt Namn og falske Ord!

— So var Hemnar-Vis, sa han i Natt. Han fortalde elles, at her var ein her paa Garden som visste det fyrr.

Knut vart so sinna, at han hadde vondt for aa styra seg. Han snudde seg fyrst mot Asbjørn:

— Du hev floge der . . hev drukke ihop med honom . . visste du noko?

— Nei, det var *eg,* sa Aashild med bibrande Mæle, og saag paa Far sin med det same, som vilde ho beda um Naade. Men han tok henne i Armen so hardt at ho bleikna.

— Du! du! *du* flaug der, du fekk vita kven han var, kva han vilde, og gat ikkje eit Ord!

Ho reiv seg laus og gav honom eit Augnetak, som han aldri hadde fenge Maken til av henne. Ho skyna det ikkje sjølv: alt det milde og sorgtunge i henne vart kjøvt, ho kjende seg hard og vill og trega ingen Ting av det ho hadde gjort.

— Takk deg sjølv for alt saman, Far!

— Men du tagde, du var falsk! skreik han imot henne.

— Eg hadde svore, at eg skulde teia . . eg klunka paa det mange Gonger . . . jamvel i Kveld, men det hjelpte ikkje.

— Han s . . skal faa bøta, han s . . *skal* faa bøta! skreik Knut. Halte-Andres hadde sett seg burt i Benkjekraai og set paa. No reiste han seg og sa: «Eg høyrde Hein sa i Natt, at for di Skuld, Aashild, skulde han varskua dykk; men eg var ikkje viss paa at han kom tidsnok. Gud veit kvar han fer . . eg hev ikkje set

honom i heile Dag. Eg krak i Dag upp aat Myrkevatnet . . det var mest Uraad aa koma fram. Smaa Bekkjer gjekk som Aaer, Vatnet fløymde ned yver Lierne, sprutte upp or Jordi, so det stod i lange Straalar. Eg hev aldri set slikt Jordbisn i mine Dagar. Eg kom upp, Dammen var so full, at det rann yver Sleppe-Brui. Paa baae Sidor fløymde Vatnet, medan heile Dammen stod og skalv.

Engelsmannen var der nettupp med nokre Menn . . . han vilde hava dei til aa sleppa nokre Fjøler, so Vatnet kunde faa Avlaup. Men det var ingen av dei som vaaga seg utpaa. Det er faarlegt og det. Fær Vatnet fyrst Hol ein Stad, sprengjer det paa med slik Magt, at ingen Ting kan halda. Men helder ikkje var det raadelegt aa drygja, meinte han, for daa saug Jordbakken Væta i seg og vilde siga ut.

— Kva i Jøssu Namn skal me gjera? sutra Kari. Nattetider og so langt ifraa Folk . . . og den einaste Grannen me hev paa lang Lei, kan me ikkje gaa til.

— Me gjer ingen Ting, sa Knut. Jordbakken held, han, det vert nok Filledammen deira som rivnar!

— Ja, ikkje vil *eg* vaaga Livet mitt, sa Asbjørn, naar det daa slett ikkje er naudturvelegt.

— Det er ingen som bed deg um det helder. Her uppe vaagar du vel ingen Ting, men nede i «Byen», ja der brukar du Modet, der!



Aashild stod med stivna Andlitsdrag, medan Knut og Asbjørn ordkastast, og tenkte berre paa det Hein hadde sagt: for Aashilds Skuld vil eg varskua dei!

Men sant var det soleis det ho hadde lege og ottast fyre alle dei lange myrke Nætter . . ikkje ville Syner av uppskræmde Nerver.

Asbjørn og Kari gjekk ut saman med Halte-Andres, og ho fylgde viljelaust med. Dei vart standande utanfyre eit Bil, lydde etter Susen fraa Skogen og Duren fraa dei mange Fossar. Regnet sila ned som fyrr.

— Vil du ikkje vera med med det same, Far? ropa Asbjørn inn gjenom Døri.

— Nei, det er Sengjetid no . . eg vil leggja meg, svara han turt og hivde Vesten av seg paa Bordet.

Men i same Stundi totte dei at dei høyrde ein underleg Dur uppe i Aasen . . det var plent som Jordi skalv. Dei vart tekne av ein illherveleg Otte, alle fire . . dei ropa inn til Knut, at han fekk skunda seg no, og sette so paa Sprang burtigjenom Vegen aat Utløa plent som Jordskrida skulde vera i Hælarne paa dei.

Utløa laag attanfyre ei Bergnibba, trygda for Ras. Der grov dei seg ned i Høystaden for aa halda Vermden; men Kari totte det var so uhuglegt aa liggja der soleis i Myrkret, og Asbjørn og Andres fann difor paa aa nøra Eld paa i ein liten Skaale, som var bygd inn aat Løa. Regnet draup og rann ikring dei, og Tufti

var raa, men likevel totte dei det var likare aa sitja der, daa dei i minsto no kunde sjaa kvarandre.

Andres sat trugen med dei og fortalde Segner um Jordras som hadde gjenge gjenom Dalen i gamle Dager. Bestefar til Far hans hadde vore ein rik Mann og aatt ein av dei gildaste Gardar lenger uppe i Dalen . . . i ein stor Flaum kom der ei Skrida og la seg ut yver Aaker og Eng, Stein, Sand og Grus, tri Alner tjukt, so det var ikkje aa tenkja paa aa brjota Vollen upp att.

Aashild og Kari sat berre og tenkte paa Knut, og kva dei skulde finna paa for aa faa honom til aa ryma or Huset. Dei trega no paa, at dei hadde gjenge fraa honom, og denne Tregen voks meir og meir. Det var i Grunnen so meiningslaust av dei aa gaa ifraa honom, totte Aashild, for var der ingen Faare paa Ferde, kunde *dei* ogso vera i Hus, og var der Faare, maatte dei hava honom med.

— Du lyt burt og henta Far din! sa Kari til Asbjørn.

— Eg fær aldri Far med meg, svara han, ikkje um eg drog honom etter Føterne.

— So lyt me freista sjølv daa! sa Kari, og so gjekk dei ut av Skaalen. Dei syntest høyra, at eit Menneskje slafsa burt etter Ækra med det same, burt mot Skogkanten, men dei kunde ingen Ting skila. Fyrst

litt etter kvart vande dei seg til Myrkret, so dei kunde sjaa Landelægje. Nøytte seg so burt yver mot Husi og inn i Stova.

Gamlen hadde lagt seg, men fekk ikkje sova.

— Kjem de alt att? spurde han.

— Du lyt vera med . . . me kunde ikkje vera lenger der burte, naar me visste du var her, sa Kari.

— So kan de vera her, sa han turt. Ein Stad maa de vel vera. Kva skal elles Hus vera til, dersom ein ikkje skal bruka dei i slikt Ver?

— Det hev regnt heile Tidi, og Dammen er ikkje sprungen. Skrida kan koma kvar Augneblinken. Aa, ver med, Far!

— Eg hev sagt Nei, sa Gamlingen. Tenkjer du eg er nokon Jase?

— Men dette er aa freista Gud . . . du veit det er faarlegt, og likevel vert du her.

Ho gjekk burt aat honom og tok honom i Armen; men han skuva henne fraa seg. Dei gret og dei bad, men han var ikkje til aa rikka. Daa gav Kari seg.

— So vert eg her saman med deg, sa ho, so fær det staa i Guds Hand. Er det hans Vilje, at me skal døy, so døyr me kvar me er!

Aashild var reint utav seg. Ho totte atter ho høyrde den underlege Duren uppe i Aasen.

— Dette er Synd - . . det er aa vaaga Livet. Det er det same som aa springa paa Vatnet! skreik ho.

— Aa du talar som du hev Vit til, sa Faren. Gakk du burt aat Løa att, er du rædd; men lat oss vera i Fred. Me treng Ro no . . .

Aashild skyna, at ho ikkje kom nokon Veg med dei tvo aaleine . . . no fekk Halte-Andres og Asbjørn røyna seg.

Daa ho kom ut att, hadde det fare til aa ljosna, Regnet fløymde ikkje so stridt lenger, og Skyerne var ikkje so myrke. Ho sprang burt yver Vegen, og var so vidt komi burt paa Haugen ved Bergnibba, daa ho stansa som klumsa . . . eit øgjelegt Dyn fyllde Lufti, so Jordi skalv. Ho snudde seg og saag det fælaste Syn, fælare en ho nokon Gong hadde set det i sin Otte: Ei stor Skrida losna uppe i Aasen ved Myrkevatn, tok Skogen med seg, sopande nedyver Lidi, Bjørkar og Graner stod ei lang Stund nedyver, datt so i Koll og vart burte. Skrida tok større Fart i den bratte Bakken ovanfyr Kamben, skjørte alle Husi med seg i ein Augneblink. Stova stod lengst, ho vart lyft av Muren og bori nedetter Jordet, og seig so saman. Mold og Stein breidde seg yver det heile, fyllde upp Dekker og Dypter, — og so kom Vatnet fløymande, gult og kvitt av Jord og Leir, fylgde Skridefaret som ei brei Aa med Foss i Foss nedyver.

Asbjørn og Halte-Andres kom springande ut i det same Skrida byrja . . . dei høyrde eit gruvelegt Skrik og saag Aashild siga saman paa Marki med Henderne lyfte mot Himmelen:

— Gud hjelpe no Far og Mor!

---

## III.

Hein hadde fare ute mest heile Natti. No gjekk han uroleg upp og ned i Stova, saag alt i eitt ut gjenom Glaset og lydde etter kvar ein Ljod. Han var bleik som eit Lik, Augo lyste med uhugleg Glans, og Henderne skalv. Klædi hans var vaate og sundrivne, og han hadde fenge ein Kuls i seg, so han skalv innvertes . . . han som hadde lege vaat i Høy-Sel Natt etter Natt, han som hadde sove i Snjoholor paa Fjellet midt paa Vetteren! Han fekk halda seg inne nokre Dagar og vera var . . . elles stod det vel um Livet att, som den Gongen han hadde Lungesott for mange Aar sidan . . . uh, for ein Vesalmann han var! Han saag seg i den store Spegilen, skvatt fyrst attende, men gjekk so nærare og saag seg sjølv inn i Augo.

— Du ser ut som ein Draapsmann! sa han. Men det *er* eg ikkje . . . det einaste som gjekk med, var nokre Høns!

Men det som hadde hendt siste Døgret sveiv ikring i Tankerne hans, han kunde ikkje faa det fraa seg meir.

Daa han um Kvelden ikkje hadde funne Halte-Andres nokonstad, hadde han gjenge burt yver til Kamben og hadde set medan Aashild og dei andre gjekk aat Utløa. Det var lange Stunder han tyktest det var stygt og fælt det han hadde teke seg fyre, og stundom ynskte han, at han kunde gjera det um att . . . han kunde vel alltid hava hindra Engelsmannen i aa byggja, um han berre hadde vilja. I slike veike Stunder grunda han paa korleis han skulde avvenda Ulukka. Ein Gong var han alt paa Vegen til Hans Husmann, for aa faa nokre Arbeidarar som budde der til aa vera med seg upp til Myrkevatnet . . . for god Løn hadde dei vel alltid vaaga seg til aa sleppa Dammen, naar han gjekk fyre ut paa Brui.

Men medan han soleis halvgalen og hugvill vaddra kringum i den stum-myrke Skogen, hende det som aldri hadde hendt honom fyrr, at han vart myrkrædd. Han tyktest det var eitkvart som tussa og tassa etter honom, og stundom kjende han plent som kvasse brennande Augo i Nakken . . . andre Stunder tyktest han han høyrde tunge Pust, som av ei Gygr som kom tanande og vilde gløypa honom . . .

So hadde han daa havt det Vitet, at han hadde teke til aa gjera Narr av seg sjølv for denne Otten, og

paa den Visi herda han Hugen og tenkte meir roleg paa det som skulde koma. Naar ikkje Menneskje gjekk med, kunde daa gjerne Kamben strjuka! Kven kunde koma og vitna, at han var Skuld i det . . . det vart Engelsmannen, Herren til Bergdal, som fekk svia for det! Rik øydeleggjast ved ein rik, den eine Filla slaa den andre . . . ha! ha!

Han snudde att og gjekk burt yver aat Kamben . . . stod utanfyre Utløa, daa Aashild og dei andre sat der inne og rødde um aa henta gamle Knut. Han leit paa at Kari og Aashild fekk Gamlen med seg burt i Løa, og gjekk so heim yver att.

Men so hadde han kome til aa tenkja paa, at den gamle var so sjølvstyren og traassug . . . kanskje han slett ikkje vilde ryma, og so vart dei vel der alle tri, til det var for seint, og daa vart eit Liv sløkt, det einaste som hadde Verd for honom . . .

Kva kunde det gagna aa negta for seg sjølv, at ho var honom kjær, som ein Solstraale for den som sit i Skugge og daudmyrk Natt? Kor tærande tungt hadde ikkje Sumaren gjenge, av di han sakna hennar Smil og milde Ord! Han hadde gjort ei lang Ferd yver Fjellet, vore paa Heii og fiska, drive fraa Støyl til Støyl utan Ro og utan Rist. Kvar Gong han kom henne i Hug, var det som han kjende Angen av friskt

Gras og saag framfyre seg ei ung blømande Eng... og han var Villmannen, som trødde alle dei Blomar ned.

Uh! atter desse veike Hugdrag! Var det ikkje honom det same, um dei so gjekk i Avgrunnen alle saman! Ei Velgjerd mot Bygdi, um Kambe-Kongen vart send aat Svarteholet, og anten Kona livde elder dauda, det kom paa eitt ut! Asbjørn vart ein Drikkar... og Fyllefantar . . . kva i all Verdi skulde ein bruka dei til? So var det Aashild... Sylvelin... he! he! . . . til Slut vart ho vel berre eit Kvende som vilde hava seg ein Mann! — Var det so visst, at det var noko framifraa ved henne? — Kva hadde ho gjort, elder kva hadde ho sagt, som kunde syna, at ho var meir en ei vanleg Bondegjenta?

Og for desse Menneski gjekk han her og pinte seg med Hugverk . . . han som var sin eigen Herre og Gud og ikkje ottast nokor jordisk Magt! Hadde denne smaavaksne Tidi gjort honom til ein Træl, laga honom til ein Vesalmann, som gjekk dillande med store Tankar um store Gjerningar, og so ikkje vaaga seg eit einaste Stig utanfyre Landevegen!

Han vilde syna seg sjølv, at han var Mann . . . ikkje eit vesalt Krek. Men synte det seg, at han var Træl av Samvit og gamal Ovtru, vilde han byggja seg ei Hytta langt uppaa Skomelid-Heii og liva der i hundrad Aar, til Trælehugen var vaksen av honom!

— — — Soleis hadde han vaddra kringum i Skogen, til det ljosna . . . Tankarne vart meir og meir uklaare, og Blodet banka tungt gjenom Aarerne . . . han var galen, galen! — Daa det fór til aa ljosna, stod han uppaa Aasen millom Vegard og Kamben og saag paa medan Skrida losna. Det var eit stolt Syn . . . ho fór høglegt fyrstundes, men tok snart Fart, og i Bakken ovanfyr Kamben sette ho paa Sprang.

So hadde han skunda seg heim yver. Han visste mest ikkje anten han var vaken elder berre drøymde. Helder ikkje kunde han skyna den Kjensla som var komi yver honom: det var som laut han løyna seg for alle Menneskje.

Han dreiv upp og ned etter Golvet i stor Uro, gaadde til Slut at han fraus, og nørde paa Varmen. Kasta av seg dei vaate Klædi og tok turre paa . . . drakk nokre Glas Konjak, og sette seg so inn med Aaren.

Det silregnde framleies. Sus og Brus høyrdest fraa alle Kantar av fløymande Fossar . . Vinden piska Regnet mot Ruta, ylte og peip framum Novi. Han kjende seg tryggare, og so skjemdest han. Kvar var Mannen, Herren yver Jordi? Lik eit skræmt Dyr drog han seg ikring . . .

Der gjekk alt mange løgne Sogor um Folk som rymde or Husi sine og av upp i Hellerar. Hans Hus-

mann trudde det var paa Enden med Verdi, og kraup aat Kjellaren, endaa Plassen hans laag uppaa ein Haug og Stova paa eit Berg, væl trygda baade mot Jordskrida og Flaum.

Det var kanskje væl stridt aa kalla Folk rædde . . stundom kjende han liksom ein Fælske sjølv . . . ein kunde aldri vera heilt trygg for Ras, so lenge dette Regnet heldt paa.

Han skyna, at det ikkje er med Jordras og Snjoskridor som det er med Vind og Storm ute ved Havet . . det er noko Folk er vane med der, og difor stæler det Modet og aukar og eggjar Manne-Krafti til Strid. Men eit Jordras stel seg paa ein og sopar alt burt i ein Augneblink. Manne-Vit og Manne-Kraft kan ingen Ting gjera . . der er det Lagnaden som raar for alt.

Han høyrde Tenestgjenta koma or Eldhuset; med store tunge Tresko, brodda med Ljaabrot, trampa ho paa Hella og kom inn utan aa banka paa. Ei gamal stygg Fyrkja, stor og tjukk, rett eit Ubeist, som til daglegt Bruk ikkje hadde Age for nokon Ting. Men naar det var Torever elder Storm, var ho jamt gudeleg og las viljugt i Salmeboki.

— Gud betre oss for eit Ver! sa ho, halvt graatande. Kva i Jøssu Namn skal me gjera?

— Er det noko nytt i Dag, Gro? spurde Hein stutt.

— Ikkje anna en det som vondt er, Gud forlaate oss! sa Gro. Nede i «Byen» ror dei no husemillom.

— Det maa alltid vera lettare en aa gaa, svara Hein.

— Gud forlaate deg, som du talar!

— Men det er sant, Gro, veit du at Kamben hev reist av i Natt?

— Er du galen? Kamben reist av?

— Ja, du veit Engelsmannen hev bygt ein Dam for aa faa Vatn til Verket. Og so drøymde eg so stygt i Natt . . eg tykte det vart ei gruveleg stor Raas. Eg saag so væl korleis Gran og Bjørk kappsprang nedyver Bakkarne.

— Aa ja, ein kan drøyma so mange Slag Heimløysor, sa Gro, ho vart meir roleg. Eg drøymde her um Natti, at eg fauk. Men det er, Gud forlaate meg, sant, sa ho, daa Hein glodde paa hennar tjukke Skapnad og lo, eg saag det kom eit Menneskje, eit Kvende var det visst, upp Jordet . . skal eg seia, at du er heime?

— Nei, Gro, eg er ikkje heime for nokon. Du bannar paa det, um det trengst. Her er Kruna di!

— Ljuga kan eg alltid, sa Gro, det er ikkje spelegt med det; men sverja falskt, nei, Gud forlaate meg um eg hev Hug til det i Dag!

— Du veit kvifor eg tok deg til Tenestgjenta . . eg vilde ikkje hava Bikkja paa Garden, av di eg hatar slike Udyr, og so tok eg deg, at du kunde gøy Folk

av Garde, naar dei kom i Utide. For kvar Gong skulde du hava ei Kruna, var Avtalen. Vil du, elder vil du ikkje?

Gro skyna kva Hein meinte, og tok til aa graata.

— Ja, eg skal ljuga so mykje du vil. Men du fær sjølv svara for Syndi, Gud forlaate meg!

— Jau daa, det skal eg. Den Syndi skal ikkje faa det einslegt, det kan du trøysta henne med! No lyt du koka deg sterk Kaffi og laga deg Terte i dette Herrens Ver. Det er ikkje verdt aa missa Modet!

Ho gjekk, let att Døri etter seg og vart standande i Forstova. Ho høyrde det gjekk utanfyre . . . det var Aashild Kamben, andpusti, raud og varm.

— Gud Dagen! helsa ho.

— Gud sign . . . er du ute so tidleg?

— Er Hein heime?

— Han heime? han hev ikkje vore heime paa fleire Dagar, Gud forlaate meg! sa ho, so høgt at Hein skulde høyra det inn i Stova, men stilt kviskra ho: Jau, han er heime . . . berre inn du!

Aashild saag svivyreleg paa henne, gjekk so inn gjenom Gangen, let upp Døri til Nystova, der Hein vanleg heldt seg.

Han sat inn med Aaren, daa ho kom inn, saag upp,

---

Terte: Kaffe og Brændevin.

og der leika ein væn Smil i Andlitet hans, med det same han reiste seg. Men snøgt sette han seg att, og vart sitjande myrk og tagall utan aa sjaa paa henne.

— Du maa frelsa Far og Mor! sa ho fast.

Han svara framleies ikkje, men ho totte plent han bleikna.

— Kamben hev rasa ut, og dei var inne . . . kom og hjelp, snøggaste du vinn!

— Eg veit, at Kamben hev reist, sa han, men eg tenkte, at Foreldri dine hadde det Vitet aa ryma.

— Nei, han var so trygg, so trygg, Far. Aa Gud, nøyt deg!

Hein reiste seg, tok ein Stol fram aat henne og sette seg so att.

— Du meiner eg skulde vaaga Livet for Far din? Endaa med liti Von um aa frelsa honom?

— Du lyt freista! sa ho. Daa Raasi hadde gjenge, gjekk Asbjørn straks burtyver eit Stykke; men det var mest umogelegt aa koma fram, og han snudde att, fyrr han var komen halvvegs. Yverstova var sundlema, sa han; av sjølve Stova saag han berre Himlingi. No maa vel Far og Mor liggja under der, og eg vonar dei liver. Du veit der er ei Myr nedunder . . . der saag det ut til at Vatnet vilde demma seg upp. Difor hastar det . . kvar Minutten er dyr. Eg hev Synd for Far og Mor, og vilde gjerne gjeva alt, mitt Liv, for aa frelsa dei!

— Eg hev og havt ein Far . . . for honom hev eg svore eg vil ofra alt, um so mi Sjæl.

— For Far din vil du gjera vondt, taka Hemn.

Hein kaldlo:

— Aldri visste eg, at Hemnen kunde kallast god for den han raamar, men søt er han for den som hemner . . .

— Veit du ikkje, at Hemnen høyrer Gud til?

— Han gløymde daa aa hemna Far, saag det ut til.

— Aa det veit du ikkje. Gud drygjer; men ein Gong kjem han. Eg bed deg, frels Far og Mor!

Hein gjekk upp og ned Golvet, stansa so framfyre henne og sa:

— Nei, min Far gjekk i Dauden, og Knut Kamben stod med Henderne i Lumma og saag paa. No gjer eg det same . . .

— Det er daa Skilnad paa det likevel?

— Kan du daa ikkje skyna, at der er tusund av Menneskje som i Røyndi er i verre Naud en den Far din er i no? Dei faa som sit med Medel, dei gjer Hjarto sine harde, dei lêt utan Naade desse mange tusund gaa under, svelta ihel elder selja si Sjæl. Midt framfyre Gullhaugarne sine. For sovore er det ikkje sett Straff, endaa det er verre Brot en aa slaa ein Mann ihel, for daa er Pina stutt daa.

— Kan henda du hev Rett... det er visst Guds Dom yver Far dette, for det han var for hard mot sin beste Ven. Men hjelp dei likevel, for mi Skuld nøyt deg, fyrr det er for seint!

— Um eg no frelste Far din, trur du so han vilde trega, trur du han vilde lata vera aa pina og plaga? Trur du han *daa* vilde skyna kva det er aa vera heimlaus paa Jordi, og kva for ei gruveleg Synd det er aa riva eit Menneskje upp or Heime-Jordi, ikkje berre ein og tvo, men mange, og deira Born og Borneborn langt nedyver? — Sjaa større paa dette, Aashild, tal som det frie Menneskje og ikkje som Dotteri aat Kambe-Kongen. Fortente han ikkje aa døy, vilde det ikkje vera ei Velgjerd mot heile Bygdi?

— Soleis dømer du Far? — Aa so lite du kjenner honom! Far er snill i Grunnen . . .

— Kva hjelper det, naar han gjer vondt? Naar han driv Mann etter Mann inn i Myrkret? Du lyt tenkja um meg kva du vil . . . skulde eg hjelpa honom, vaaga mitt eige Liv for honom!

— Men Mor, Mor! Det vilde vera stort av deg, Hein. Du vilde vinna mest paa det sjølv. Eg skynar no, korleis du hev fenge so hardt eit Hjarta . . . naar alt gjeng oss imot, naar alle lyfter si Hand imot oss og gjer oss Urett, daa frys Hjarta . . . eg veit du er

usæl, Hein. Kor kan du tenkja, at dette vil gjeva deg Ljos og Fred?

Ho stod ikkje lenger som den skamskotne Fuglen med dei skræmde Augo, det lyste or hennar Andlit, og ho voks, medan ho tala. Aldri kunde ho skyna kvar ho fekk Modet fraa til aa seia dette. Hein stod og lydde, det var meir i det ho sa en han vilde vera ved. Her var livande Tru, her var Kjærleik, det let seg ikkje negta det. Aashild tenkte ikkje paa seg sjølv. Kvart Ord ho tala var honom som Tonar han hadde drøymt um, men aldri høyrt fyrr.

— Gud hev Ljos for deg og, sa ho. Aa, lat det verma og lysa!

Han gjekk heilt inn aat henne og sa med hardt, skjelvande Mæle:

— Kven hev gjeve deg Rett til aa tala soleis til *meg?*

— Gud, sa ho. Til Løn for alt eg leid.

Han smilte og gjekk atter upp og ned Golvet.

— Aa drep ikkje hans Ljos i deg sjølv! bad ho. Men lat deg løysa ut or Hatet og Hemnen!

— Eg hev aldri set ein einaste Straale av hans Ljos, sa Hein. Syn meg ein einaste, og eg skal tru og fylgja deg!

— Du kan faa sjaa og kjenna Ljoset fraa Gud, den Kjærleik som gjev Sæla, av di han gløymer og tilgjev. Og so vil du ikkje lata Augo dine upp!

— Eg vil ikkje vaaga noko Sprang meir. Dersom denne Guden vilde havt meg, so hadde han ikkje gjort meg so mykje vondt.

— Du *vil* daa ikkje hjelpa Far og Mor?

— Nei! — det kom stutt og hardt. Ho bøygde Hovudet for det som for eit Slag. So sa ho:

— So er det siste Gongen du ser meg . . . finn eg Foreldri mine livlause, so . . . Gud vere med deg og hjelpe deg i di verste Stund!

Ho brast i Graat og gjekk stilt ut or Stova. Dette verka annarleis paa Hein en han hadde venta seg; daa han saag henne springa nedyver Jordet, vart han reint hugteken av hennar Sorg. Ikkje det ho hadde sagt nettupp, men dei store hjelpelause Augo, Klangen i Mælet, alt var so reint, so heilagt . . . det rørde ved ein Streng langt inne i hans Sjæl. Aa det var daa evig Lygn, at alt var smaatt og vesalt paa denne Jord!

Atter kom det honom i Tankar, at han var gjord av Blautegrjot. Han spotta seg sjølv og freista aa gjera seg hard og illvoren; men der var liksom komen ein ny Streng i honom, og med Strengen ein ny Tone. Han steig høgare og høgare, det song um Sæla i Uskuld, i Ljos og Fred, Sæla som Barnet kjenner Jolekvelden, naar det sit i Mors Fang, og ho syng um Herlegdomen hjaa Gud.

Han gjekk upp og ned Stovegolvet i lange tunge

Stig. Andlitet hans var som vanlegt myrkt og strengt, og i Panna var det ein raud Flekk. — Gamle Gro synte seg i Døri, han gaadde at ho kom inn, og snudde seg mot henne:

— Kva vil *du?* spurde han, so hardt at ho skvatt attende heilt mot Døri.

— Er det sant, at Kamben . . .

— Ja!

Han gjekk berre og dreiv fram og attende paa Golvet, og saag so glømeleg ut, at Gro ikkje torde spyrja meir.

— Høyr no her, Gro, sa han. Du veit, at der er fire Verksarbeidarar paa Plassen hjaa Hans. Spring dit, seg dei fraa meg, at dei hev aa møta paa Kamben straks, dei tek med seg Arbeidsgogn!

— Ja.

Gro nøytte seg upp i Eldhuset for aa taka paa seg Sko og Trøya. Hein sprang som han gjekk og stod nedyver Jordet, tok stuttaste Vegen til Kamben, ned gjenom fæle Urer, krabbande yver Flog som ein galen Mann.

---

## IV.

Det bles upp fraa Nord ein rjukande Storm. Som kasta ned ifraa Fjellet kom han, reiv Toppar og Greiner av Bjørk og Gran og piska Vatnet i Bekkjerne yver Svabergi til smaatt fint Regn, langt, langt burt yver Vidderne.

Aashild sveipte Andlitet inn i det rosute Turklædet og sprang burt yver til Kamben att alt ho vann.

Ho kjende seg sjølv lik eit Menneskje som paa Villstraa vankar, yver skumlege Heier og gjenom store og myrke Skogar. Skoddi ligg tjukk og graa millom Lauv og Kvister, Trei stend kalde og stengjer alt Utsyn, yver dei kviler Himmelen svart og tung, medan Regnet siler og siler . . . og det ligg ei Sorg yver all Jordi som ingen veit Ord for, det er som all Skogen græt; der er Synd, Synd paa Jordi, der er Brot for Braud, og Hemns Gjerningar, og det vonde veks, som Aai fraa den vesle Kjelda til den fløymande Flod . . .

Og du ropar i Skogen, ropar etter eit Menneskje som kan syna deg Leii; men ingen høyrer, ingen svarar.

Du ropar til Gud; du bed honom paa dine Kne, men han svarar med meire Skodd og meire Regn.

Ho hadde ropa til Gud av djupaste Naud, og ho visste ikkje av, at ho hadde nokon Avgud . . . Likevel hadde han ikkje høyrt henne. Det vonde hadde fenge Framgang; alt hadde gjenge soleis som ho i Otte hadde set . . . Gud hindra ikkje Syndaren, synte honom ikkje si Magt.

Aa var det daa sant, det Hein hadde sagt, at der ingen Gud var, og um han var, so var han ikkje rettferdig og god, men hard og lunefengen; øgjeleg i Magt og Storleike sat han der uppe paa sin Stol, deilde ut Lukka og Ulukka reint paa Slump, og lo aat kvart eit Menneskje, som var det ikkje meir verdt en Makken i Mold! . . . Aa nei, aa nei, at ho kunde tenkja so stygt! Det var Synd aa tvila paa Gud; men underlegt var det likevel, at alt Livet skulde liggja i Kolmyrker, at all Heimen skulde vera i Bann . . . var det for det *andre* Livet si Skuld?

Endaa vilde ho venta paa Gud . . . hans Time var ikkje komen . . . snart maatte han koma med Ljos aat henne som sat i den svarte Skuggedalen.

. . .Vaat og kulsande i den harde Vind, trøytt so ho

totte ho kunde siga i Jordi, fór ho burtyver, utan aa vita kva i all Verdi ho skulde gjera. Tankarne vildra seg reint burt; men heile Tidi kjende ho og visste ho, at noko gruvelegt var hendt, at Far og Mor hennar kanskje no laag i den siste Strid.

Daa ho kom fram til Kamben, var der ikkje eit Menneskje aa sjaa . . . berre den svarte fæle Moldi, Vatnet, som fossa nedyver millom Steinarne i Raasi; tilslut fann ho Halte-Andres liggjande under ei Gran. Han hadde freista aa gaa ut paa Skrida, Stakaren, men hadde snaava i ei Rot og falle og skamfare seg, so han ikkje kunde gaa.

Ho tala nokre Ord til honom, visste sjølv snautt kva ho sa, høyrde endaa mindre kva han svara, og gjekk so sjølv ut paa Skrida. Det var ikkje so vandt um Livet no . . . Moldi var blaut, ho sokk djupt i, ho datt og slo seg, men reis upp att og heldt fram imot Staden der Stova laag nedrasa, daa ho plent totte ho høyrde eit Rop, som kom det nedanfraa, og ho totte ho kjende Mælet aat Faren . . . Gud vere Lov, han livde! Men Vatnet steig alt fort, steig, steig, og ingen som kunde hjelpa!

Ho freista aa gaa nærare, men sokk djupt i og vart so gripi av tvo sterke Armar og bori attende heilt burt paa Haugen. Det var Hein. Han sette henne ned og sa fast og strengt: «Gakk heim til Vegard . . .

dette er ikkje Arbeid for Kvende!» — Gjekk so av ut paa Raset att.

Men ho vart standande paa Haugen og saag paa. Ho skyna no, kor faarlegt det var aa vaaga seg ut paa Raset, so nytt som det endaa var, og ho saag snart, at Hein ikkje var rædd. Han kleiv yver Jordhaugar, sokk nedi so ho saag berre Hovudet av honom, kravla seg upp att og gjekk frametter, til han kom aat den Staden der ho hadde høyrt Ropet. Der stansa han, reiv upp nokre Bord og vart heilt burte ei lang Stund. Aashild totte det varde so gruveleg lenge. Ho kjende i den same Stundi, at ho elska honom, endaa han hadde gjort so mykje vondt imot henne og hennar Folk, elska honom meir en Far og Mor . . . det fekk vera det same med dei, berre ho fekk hava honom. Aa nei, nei, det same var det ikkje! . .

Hein kom upp att og nøytte seg yver Skrida.

— Far din skal bergast! ropa han.

— Men Mor?

Han svara ikkje. I det same kom Arbeidararne og Hans Husmann gangande nedyver med Grev og Spadar. Han sa kva dei skulde gjera, og det i ein Tone so det ikkje var nokon av dei som hadde Hug til aa mukka.

Tvo skulde ned paa Myri og grava Utlaup for Vatnet som demdest upp, tvo skulde fylgja med honom

ut paa Raset, og Hans Husmann hjelpa Halte-Andres heim til Plassen.

Hein og dei tvo tok Bord og la yver dei styggaste Hol, gjekk so ut paa og gav seg til aa arbeida. Det varde so lenge, so lenge, ho ropa ut til dei fleire Gonger, men fekk ikkje Svar. Dei var burte lange Stunderne.

Til Slut kom dei med Faren; Hein ropa paa dei andre, at dei maatte koma og hjelpa. Dei nøytte seg alt dei kunde . . . han var uppriven og ukjenneleg, den eine Leggen var av, og den eine Armen stygt skamfaren, so han sat og vreid seg i gruveleg Pina, Blodet rann ned yver Andlitet hans . . .

— Hev dei funne Mor? spurde Aashild.

— Ja, sa ein av Mennerne.

— Liver ho?

Mannen riste paa Hovudet, og Aashild brast i Graat.

Asbjørn kom no og med Karar nedanifraa Verket, Lensmannen og Doktaren var og komne fraa «Byen», og smaatt um Senn hadde der samla seg ikkje faa Folk, som stod og saag paa.

Hein tala nokre Ord med Doktaren, og baud so Velliva. Han nøytte seg ifraa Staden, myrk i Augo, og saag langtfraa ut som ein Sigervinnar. Han kjende seg med ein Gong so trøytt, som vilde han siga saman, og so likesæl, at det kvitta honom eitt, um han hadde

blive der saman med Kari. Han spurde seg sjølv, kvi i all Verdi han hadde gjort dette. Hans vonde Vette hadde daa og som vanleg fylgt honom: Knut, som han hadde agta seg til aa raama, hadde han frelst, medan Kari, som ingi Skuld hadde, hadde gjenge med. Meiningslaust som alt det andre!

Aashild berre stelte med Faren, som so vidt hadde raadt or, og kom ikkje og takka honom ein Gong. Difyr skunda han seg no heim att.

Knut vart boren ned paa Verket og lagt inn hjaa Engelsmannen, der Doktaren stelte væl med honom.

Liket av Kari vart samstundes utgrave og køyrt ned til Verket.

---

## V.

Hein var sjuk og laag til Sengs.

Han tyktest det var Eld i Aarerne, og urde av Maur i kvar ein Nervetraad. Han kasta seg fram og attende i Sengi Natt og Dag, medan underlege Syner brann i hans sjuke Blod.

No var han i ein myrk og djup Dal med Flogberg paa baae Sidor, Urer med skymeleg store Steinar og djupe Holor millom Steinarne . . . og der lyste det av graaduge Augo, og han høyrde fæle Hyl av Dyr som slost.

Nede i Dalen rann ei stor Aa . . . der sat tvo Vener paa ein diger Timberstokk, dei vart uforlikte um beste Plassen og tok til aa slaast. Den eine skuva til den andre . . . han drog Venen ned i Straumen, og Kropparne vart slengde utfyr Fossen; men der nede sat Djevelen og lo . . .

Det skifte, og han totte han laag med Henderne

under Hovudet uppe ved Myrkevatn. Soli skein, Fuglar song . . . ei Kvinna kom og sette seg inn med honom . . . det var Prinsesse Sylvelin . . . ho var klædd i Sylv fraa Hovud til Fot. Hennar Andlit stod i ein fager Smil, Augo var klaare og blanke.

— Du er heimlaus, sa ho.

— Eg er so, sa han.

— Du vil alltid verta det, sa ho, dersom . . . Ho stana, og han spurde kva ho meinte.

— Dersom du ikkje løyser Gaata i din eigen Hug. Det er gjeve kvart eit Menneskje . . . fredlaus fer den Sjæl ikring som ikkje finn Svaret, usæl maa han vima i Skuggelandet.

— Kvar er Svaret? Gjev meg ein Gud!

— *Eg* er Svaret, seier ho. Far hev stengt Dørerne, men kom du, anten Natti er myrk elder ljos:

«Du klappe paa Døri med Fingrarne smaa,
Iseliljan!
Aa statt upp, Sylvelin, skrei Loka ifraa!
So saare syrgjer Sylvelin
for lisle Knut i Løyndom!»

So saare syrgjer Sylvelin . . . og Sylvhamen fell av henne, og det ljose Smilet stivnar, og Andlitet vert bleikt som hjaa ein paa Likstraa lagt. Eit vesalt Kvende stend framfyr honom med Taaror i Augo og Graat i Barm. Og han vert gripen av Sorgi hennar, og Taaror

bryt fram hjaa honom sjølv, — han som aldri hadde graate! Og han tykkjer han les upp for henne Vers han fær i same Stundi:

«Aa, Sylvelin, Gud deg signe
kvar evige Livsens Stund,
dei Augo blaa, dei ljose Kinn,
din raude Munn . . .

Som Sol yver alle Heimar,
som Dag etter lange Natt,
lyste du yver min tunge Hug,
og Vetti dei vonde batt!

Sylvelin, Sylvelin, for deg eg bed,
for deg og for alt ditt Væl,
Gud signe deg alle Dagar,
du hev so rein ei Sjæl!»

Men atter skifte det: No var han i ein stor Hall i Staden, det urde med Menneskje fram og attende, alle Slag underlege Andlit: det saag ut til aa vera Fastelavns-Leik. Han gjekk der aaleine, sorgtung og lengtande, og leita etter ei Kvinna. Han tala til dei fagraste han saag, men det var ikkje henne . . . og med ein Gong laag han inne i eit stygt, myrkt Hol, der det var evig Natt. Han fraus so han skalv . . . daa kom Kvinna inn til honom.

— Korleis er det med deg, snille Venen min? seier ho søtt. Du er so turr og bleik. Her er lenge no sidan sist . . .

— Sidan du lo aat meg og Bilæti eg hadde gjort, ja! Kva vil du no? spurde han.

— Eg lo ikkje . . . eg vil tala med deg um baade det og alt anna.

— Kvifor?

— Eg tykkjer vondt um deg, eg elskar deg enno . . .

— Kvi talar du um det som ikkje er meir? Eg var fortrolla av Elskhug . . . Villarkorn hadde du gjeve meg, so eg gløymde meg sjølv, gløymde at eg var Mann, gløymde kva eg var sett til aa gjera. Difor, ut!

— Du er hard, som du jamt hev vore . . . du talar til meg plent som du skulde hata meg.

— Eg hatar deg, og alt som høyrer deg til, av all min Hug. Trulaus er ditt Namn, Svik er di Gjerning, Lygn er ditt halve Liv . . .

— Det er stygt sagt, seier ho.

— Men ikkje aa gjera det . . . Namnet er verre en det stygge sjølv . . . er det ikkje det du meiner? Og desutan . . . ein Skugge fær du tilgjeva.

— Ein Skugge, seier du.

— Ja, mitt Liv er i Skumeheimen, der aldri Sol skin, og der alt er Kraakesylv paa dei kalde Berg. Um eg skal finna ut att til Ljos og Dag, det stend ikkje til deg.

— Kven til daa?

— Eit Menneskje med Sjæl, med Aand. . .

Ho vart harm og reiste seg.

— Og det hev ikkje eg?

Han lo. So totte han at han svara: Nei, du hev vasa henne burt, um du nokon Gong hev havt nokor.

— Eg hev aldri høyrt Make til Menneskje . . .

Han tykte han vart heilt fraa seg av Sinne, reiste seg i Sengi, der han laag, og peika mot Døri.

— Tig still, Heks, elder ut med deg! Eg toler ikkje aa høyra Mælet ditt . . . den Lufti du kjem med forpestar Huset!

Han tok ei Flaska, som stod paa eit lite Bord inn med Sengi, og kasta etter henne, so Molarne singla.

— — — I det same kom han til seg sjølv. Han hadde i Ørska teke Flaska med Droparne i og slengt henne mot Døri. Men han tenkte det kunde kvitta eitt med det Skvipet . . . det var honom so plent det same, anten han dauda elder livde. Han tyktest vera ferdig her paa Jordi.

---

## VI.

Han vilde ikkje taka mot Lækjeraad, og daa han skyna, at Doktaren hadde sagt til Gro, at ho skulde blanda Dropar i Maten hans, vilde han ingen Ting smaka. Han laag som i Dvale heile Dagen og stirde hardleg framfyre seg; sume Rider vart han vond og vill, so han jaga ut baade Gro og Doktaren.

Alle Slag underlege Tankar og Syner velte seg ustanseleg som Myrkeskodd gjenom Hovudet hans. Det flima honom for Augo av fallande Stjernor, det gjekk underlege Lundar for Øyro hans . . . der kom bleike Menn i kvite Klæde og sette seg inn med Sengi hans og sukka . . .

Men mest jamt vaddra han kringum i den skumlege Dalen, der han møttest med alle Slag underlege Skapnader, Drakar og andre fæle Dyr, Draugar og Gastar, Tussar og Troll. Der kom det ein gamal gruv Mann med kvitt Haar og Skjegg. Han knytte Handi

imot honom og sa, at det var den vonde som hadde freista honom til Hemn og ikkje han; men daa han snudde seg, liktest Mannen sjølv ein Djevel. Ei Stund etter møtte han Mor si saman med Kari Kamben . . . dei gjekk Hand i Hand og sa dei var Systrar. Baae tvo gret dei tunge Taaror for hans Synder, og desse Taarorne svei og brende honom som logande Eld . . .

Soleis laag han i mange Dagar og Næter.

Men ein Morgon var det som vakna han or ein lang Draum, og kjende at Tankarne var klaarare. Det fyrste han gav Gaum etter var det blanke Ver, Soli skein inn gjenom Glaset, ein Geisel leika yver Sengi hans. Han høyrde atter, kor Vinden susa lint i Trei utanfyre Glaset, det gule Lauv vart blaase mot Ruta . . . døyvt og stillfarande kom den heimlege Susen or Skogen. Mjuke Minne fraa fyrre Hausten vakna og kviskra, og han tok til aa lengta ut. No stod Kornet paa Staur, rein klaar Haustluft med bleiknande Lauv i alle Lier . . Gud i Himmelen . . kva var daa dette? Hadde han likevel Hug til aa liva? Han som longo sidan hadde rekna seg til Skuggarne?

Det stod no so for honom, at dei siste Aari han hadde livt var som ein einaste stor Sjukdom. Han kjende ikkje den faafengde Anger, ynskte ikkje det gjorde ugjort . . . hadde berre ei gruveleg Kjensla, at han hadde dømt seg sjølv fraa Livet. Han hadde

han so ikkje vart den store Mann, som alle bøygde seg for, vilde han verta den rike Mann . . og rik vart han ved den reine Slumpelukka; kom inn i Krinsar av Handelsfolk og fekk Smak paa Livet. Han gløymde for ei Stund Hemnen, gløymde Faren, og Eiden han hadde svore, i det at han vart fortrolla av Elskhug . . . ein Dag sokk hans Lukke-Slott i Grus . . . ho sveik, og det verste var: han fekk sjaa, at han ikkje var soleis laga, at han kunde gaa fraa den eine til den andre. Medan Sorgi gnog honom paa det verste, kom atter Minni um Faren fram i Hugen, og no vart det Sjælesott, ei Grilla som mest tok Vitet . . . han totte han saag Faren, kjende hans Andepust um Næterne, høyrde Banking i Stolar og Bord, og tala med honom lange Stunder . . . aa Gud, kor han hadde fare vill!

No visste han, at han berre hadde ein Ting aa gjera: gjeva Knut Kamben Bot, so vidt det stod til honom, og so fara or Bygdi og grava seg ned ein Stad han var framand. Og so liva i Løyndo. Ingen vilde minnast honom, ingen vilde han hava aa halda seg til, naar Aldren auka paa . . . gjeva seg sjølv upp og gaa inn til Kvila, inn i Nirvana!

Men han kjende seg ung enno . . han vilde ikkje, heile hans Hug reiste seg imot det . . . anten døy no elder liva som eit Menneskje!

Kvi var han? kven var han? kva var han laga til?

Kanskje til aa syngja Lovsongar for den endelause Kraft som gjeng gjenom Allheimen, han, Spottaren, Tvilaren! Kvi ikkje? Kva hadde han gjort Uppreist mot? Mot sine eigne gamle Tankar um Gud. Men langt, langt burte elder kanskje nær var der ei Aand, som hadde gjort, at der av Solgrann stod fram ei heil Verd med Vokstrar og Dyr, Sjæl, Menneskje, og til Slut Aand, som skal gjera seg fri fraa Jordi og vinna seg upp til Gud, den største Aandi, Upphavet. Men denne Gud var hard, brydde seg ikkje um eit Menneskje som ropa til honom av Djupsens Naud! Kor han var stor og øgjeleg, kald og hard denne nye Guden! Det var ingen som kunde gjera Uppreist mot honom eingong! Den gamle vart vreid, han, men denne . . . saag det, men brydde seg aldri um det, so *smaa* var me!

Og kor hjarteleg saart han trong ein Gud som høyrde Bøner, som kunde lækja alle Saar og gjeva honom Voner, naar alt her nede hadde broste!

Men han vart møtt med dette kalde: Du er ein Villmann . . . ein Daare, du vil hava ein Gud i ditt eige Bilæte, ein som vil øydeleggja Ninive idag, men ikkje i Morgon!

Aa nei, nei, det var no som fyrr. Teikn mot Teikn . . . kvar var den altstyrande Visdom? Men hans eige Liv? Det kunde henda der var Meining i Røyndi likevel; for so mykje saag han paa Toppen, der han no stod

medan Skoddi kvarv for den vaknande Tanke, at han var komen av Leii. Han hadde vanka paa Villstraa, den Veg han gjekk enda i Myrket!

Paa Botnen av alle dei sjuke Tankar og saare Kjenslor laag det ei ørliti Von, som eit Solgrann i Audeheimen: kven kunde vita, um det ikkje av dette Solgrannet vilde staa fram ei ung og fager Verd?

---

## VII.

Daa Dagar og lange Næter soleis var lidne, kjende han seg mest frisk att; men framleies var han huglaus og vilde ikkje risa upp. Kva kunde det gagna aa svæva seg inn i Draumar um komande Sæla, han som sjølv hadde trødt henne ihel under sin Fot?

Naar Tenestgjenta kom inn og fortalde eit og anna um Husmennerne som var der og onna av, saag han ikkje paa henne eingong, men stirde beint framfyre seg, og sat ho altfor lenge, vart han sinna og sa ho kunde gaa sin Veg. Kva skilde det honom, um Kornet grodde paa Stauren, elder um Jordepli rotna i Aakeren?

— — Det var ein Morgon han vakna or Dvalen, i di han høyrde eit Menneskje som kom gangande med uvanleg lette Stig . . . eit Barn elder eit Kvende . . . stansa ute paa Tunet, der gamle Gro stod.

— Gud i Himmelen veit korleis det gjeng med

honom, høyrde han. Eg reiser ifraa alt saman, tenkjer eg. Han lagar seg plent som det ikkje var hans.

Han høyrde ikkje kva som vart svara, men han tyktest han kjende Mælet, og Hjarta slo. No gjekk ho yver Tunet, let upp Gangdøri og tok i Klinka.

Ho stansa midt paa Golvet. Solstraalarne leika inn paa hennar bleike ovfagre Andlit. Han gaadde aat, at ho hadde vorte Aar eldre paa desse faa Vikorne. Andlitsdragi fastare. Det var ikkje lenger ei Ungmøy som stod framfyre honom, men ei Kvinna, vaksi upp av Kjærleik og Sorg.

— Korleis er det med deg no? spurde ho stilt; han totte det var noko hardt og kaldt i Mælet.

— Eg kjenner meg ikkje sjuk, sa han. Hev aldri vore friskare paa lange Tider. Kor det var snillt av deg, at du kom hit, Aashild!

Ho totte han hadde kome henne nærmare, hadde vorte meir Menneskje, meir lik andre. Han tala um reint aalmenne Ting, og ho kjende seg trygg og sæl, naar ho saag honom inn i Augo, Gud vere Lov, det ikkje var sant, at han hadde mist Vitet!

— Det var ille, at eg ikkje kunde frelsa Mor di, sa han, i det at han tok mot Handi ho rette fram mot honom. — Eg veit det er mi Skuld, at ho maatte laata Livet.

— Men du vilde det ikkje, ynskte det ikkje?

— Nei, nei, sa han, eg vilde ikkje drepa nokon... det er ille nok likevel.

Ho sette seg paa ein Stol inn med Sengi.

— Men at du *kunde* vera so . . .?

Han laag lenge og tagde. So sa han: *No* skynar eg ikkje, at eg kunde . . . det er som det ikkje var eg som hadde gjort det. Det er tvo Menneskje i meg, det eine dreg meg inn i Hemn og Hat og Djevelsdom, so der ingi Grensa er for det eg kunde gjera. Gjerne sprengja heile Byar i Lufti, um det stod i mi Magt. Og so eit varmt og mildt, eit saart og sorgfullt, som lengtar etter Ljos og Fred.

— Gud vere Lov, at du ser det no! Ho seier det so inderlegt, og det ljosnar i det sorgfulle Andlitet.

— Men det er for seint, seier han seint og laagt. Alt hev eg spillt. Det er ikkje berre Mor di eg hev drepe. Eg drap deg lenge fyrr . . . Han legg Henderne yver Augo, og ho kjenner med seg, at det er noko som brenn honom i Bringa. Ho sit og ser paa honom langt og inderlegt.

— Ja, eg tenkte det sjølv, seier ho. Og mange seier, at det gode kan drepast i oss. Elsken rivast ut elder frjosa burt ... aa det er ikkje sant, Hein, Lygn er det... for *meg* i minsto. Eg kunde ikkje anna en elska deg, um du so hadde vore berre vondt. Men det var du ikkje . . . du tenkte aa gjera din Skyldnad mot Far din . . .

— At du kunde staa det ut! seier han stilt.

— Eg hadde Gud.

— Men kvi hev du ikkje kome fyrr?

— Eg maatte vera hjaa Far . . . og eg ynskte helst aa venta til eg fekk Bod.

— Men eg sende ingi Bod?

— Nei du gjorde ikkje det. Men eg fekk Bod likevel. I Natt kom det so for meg, at eg skulde og maatte upp til deg . . . no var Timen komen, sa det.

Han saag granskande paa henne . . . var det noko som hadde broste i henne likevel?

— Korleis er det med Far din no?

— Han er betre.

— Vilde han at du skulde vera hjaa honom?

— Nei, ikkje fyrste Dagarne. Han var reint vill. Snart vilde han klaga deg for Lensmannen, snart vilde han her upp og drepa deg . . . reint i Ørska var han. Me maatte halda honom i Sengi.

— Det hev eg visst høyrt . . .

— Men daa han fekk høyra, at du var sjuk, vart han liksom noko mildare; men vond er han paa deg enno. Det er elles underlegt: heilt fraa den Dagen du kaupte Garden, hev han gjenge med Otte . . . og han hadde endaa tenkt paa stundom, at du kunde vera Son til Eivind. Men so hadde han høyrt for visst, ja Eivind sjølv hadde nok sagt det, at den vesle Guten

var daaen, og at det soleis berre var ei Dotter etter Eivind.

— So?

— Far hev elles røtt mykje um Venskapen millom honom og Eivind Vegard. Fyrste Gongen dei vart Uvener, kalla Eivind Far ein Gnikar . . . for dette vart Far vond. Soleis gjeng det. . . eit lite Ord sting oss saart og veks, det vert Illvilje millom dei beste Vener, og so kjem Hatet og Hemnhugen og øydelegg alt . . . som Eld i Skog.

— Kor væl eg skynar dei baae no, sa han, og eg skynar meg sjølv. Eg hev soge inn dette Hatet fraa eg var Barn. Hat til alle som hev det godt . . . til Far din og alle dei som hadde gjort oss Urett.

Og ein Ting til skynar eg: at korkje eg elder Far høyrde til ute i den store Verdi. Hit lengta me, hit strøymde alle vaare Tankar. Og det var so lagje, at eg skulde koma hit att og finna meg ein Heim, og deg Aashild. Det er som eg heile Livet hadde stunda etter ei Kvinna som kunde skyna meg, og som eg heilt kunde lita paa. Medan du tala no, kjende eg, at din Elsk er i Live.

— Ja, sa ho stilt.

— Det var som Trollhamen strauk av meg, alt vondt og stygt, alt svart og saart vart liksom mana ifraa meg.

